



Kvam herad

Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015 - 2018



Foto: Sigbjørn Linga



[www.kvam.no](http://www.kvam.no)

## Innholdsliste

*Rådmannen sitt framlegg er presentert i kapittel 1-6, medan HST-vedtaket er i kapittel 7. Tekst og tabellar i kapittel 1-6 er ikkje oppdaterte for evt. endringar i HST-vedtaket.*

1.	Nære eller lause ting?.....	3
2.	Om budsjett og økonomiplan .....	12
2.1	Hovudlinjer .....	12
2.2	Budsjettarbeidet.....	14
2.3	Risikomoment .....	15
2.5	Investeringsbudsjett vs driftsbudsjett: .....	17
2.6	Tiltaksframlegg .....	18
3.	Rammeområda samla.....	19
3.1	Politisk verksemd .....	21
3.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter .....	22
3.3	Barnehagar .....	24
3.4	Grunnskuleopplæring .....	27
3.5	Kommunehelse.....	31
3.6	Helse og omsorg.....	37
3.7	Sosialteneste og NAV.....	43
3.8	Barnevern.....	45
3.9	Bustader .....	48
3.10	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø .....	49
3.11	Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift .....	53
3.12	Brann og ulukkesvern .....	58
3.13	Samferdsle og grøntanlegg .....	60
3.14	Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR) .....	62
3.15	Kultur .....	64
3.16	Kyrkje.....	67
3.17	Skatt og rammetilskot .....	68
3.18	Finans .....	70
3.19	Kommunale bygg.....	72
3.20	Sosiale kostnader inkludert premieavvik .....	74
3.21	Avskrivningar .....	76
4.	Økonomisk oversikt – driftsbudsjett 2015-2018.....	77
4.1	Hovudoversikt totalt 2015 – 2018 (inkl. prosjekt og VAR) .....	77
4.2	Budsjettskjema 1A - drift.....	80
4.3	Budsjettskjema 1B - drift.....	81
5.	Økonomisk oversikt – investeringsbudsjett 2015-2018.....	82
5.1	Hovudoversikt totalt 2015-2018 (inkl. prosjekt og VAR).....	82
5.2	Budsjettskjema 2A – investeringar .....	84
5.3	Budsjettskjema 2B – investeringar.....	85
6.	Prosjekt i økonomiplanperioden 2015 – 2018.....	86
6.1	Prosjektoversikt.....	87
6.2	Nye prosjekt .....	89
6.3	Tidlegare vedtekne prosjekt.....	92
i.	Aktive driftsprosjekt.....	92
ii.	Aktive investeringsprosjekt.....	93
iii.	Aktive skule- og barnehageprosjekt .....	96
iv.	Aktive VA – prosjekt .....	97
7.	HST-110/14 - Vedtak.....	99

# 1. Nære eller lause ting?

Rådmannen legg ved dette fram framlegg til årsbudsjett for 2015. Årsbudsjettet byggjer på ei framskriving av driftsnivået i 2014, vedtak i økonomiplan 2015-2017, saman med endringar i framlagt statsbudsjett 2015 og andre endringar i heradet sine økonomiske rammevilkår.

## *Tilbakeblikk (og litt framsikt)*

Då budsjettet for 2012 vart presentert for det nyvalde heradsstyret vart det gjort ved å teikna eit bilete av ein kommune som likna ein gammal bil som sakte men sikkert rulla fram mot kanten av eit stup; høg lånegjeld, tom sparekonto, nedprioritert vedlikehald og eit skrantande styringssystem. Me sat inne i bilen, beit neglar og kryssa fingrane for at vedlikehaldet hadde vore godt nok til at i alle fall bremsane verka. Heradsstyret vart invitert til ein felles dugnad med administrasjonen for å «pimpa» kommunen. «Pimp my kommune» gjekk kort og godt ut på å utfordra etablerte sanningar. Utsagnet «slek har me alltid gjort det» vart nytta som eit argument for å prøva noko nytt. På den måten skulle me setja tæring etter næring og prioritera kva som var viktig for byggja det samfunnet me ynskjer innanfor dei ressursane me har.

Dette litt dystre biletet av kommunen vår kan ha ført til at det i enkelte fora fortsatt blir hevda at Fylkesmannen er på veg innover for å overta, men faktum er at han har ikkje begynt å sjekka bussrutene ein gong. Samstundes ser me at spesielt svakare skatte- og kraftinntekter utfordrar oss meir enn tidlegare spådd og at me av den grunn ikkje får gjort like mykje som me skulle ynskt. Høg lånegjeld åleine er ikkje eit stort problem så lenge ein har økonomi til å betala renter og avdrag. Kvam herad har hatt råd til det, fordi det meste som er gjort av investeringar har skjedd i prosjekt som har ført til reduserte driftskostnader; eldreomsorg, skulestruktur og no sist barnehagestruktur. Investeringane i vatn og avløp er dessutan gebyrfinansiert. Med det låge rentenivået i Noreg den seinare tida har det heller ikkje vore feil å vera tidleg ute med desse naudsynte investeringane. Dei siste ti åra har kommunegjelda i heile landet nærast eksplodert og mange kommunar har like stor og høgare gjeldsgrad enn Kvam.

Nokre investeringar, som nybygg utan sentralisering, er av ein slik art at dei ikkje fører til driftsinnsparingar, men kjem som ei tilleggsutgift. Avgjerda vert då fatta av andre årsakar enn dei reint økonomiske, men slike val kan vera med på å gjera situasjonen vanskelegare. Fylkesmannen har i sine årlege budsjettbrev åtvara kommunen mot å gjera slike låneopptak.

Ein annan type låneopptak det vert åtvara mot er investeringar med svært diffuse moglegheiter for gevinst, inspirert av staten vel eg å kalla dette for vekstfremjande investeringar. Dette er prosjekt som gjerne ikkje vert realisert utan at kommunen stiller med ein stor porsjon toppfinansiering. Hypotesen er ofte at prosjektet på sikt skal gje ein samfunnsøkonomisk gevinst; fleire innbyggjarar og meir skatteinntekter. Problemet er at det er vanskeleg å synleggjera denne type gevinstar på førehand, og umogeleg å etterprøva i ettertid. Kvam herad har investert i svært mange slike prosjekt sidan årtusenskiftet, til dømes Hardangerbrua, Jondalstunnelen, Kabuso, Messen, Hardanger kunstsule, Skyspace, Strandvegen, ICA-bygget, Steinsdalsfossen, Hardangerbadet og svært mange småprosjekt.

Å ha tom sparekonto er meir slitsamt enn å ha høg lånegjeld fordi sparekontoen, eller disposisjonsfond, er frie midlar. Men også tom sparekonto er handterbart, men det fordrar to ting; for det fyrste må kommunen levera overskot heile tida, fordi bufferar ikkje finst. For det andre må ambisjonsnivået justerast i tråd med størrelsen på pengesekken. Det er den fyrste føresetnaden som har vore den viktigaste. Knallhard økonomistyring har gjeve greie overskot nokre år, og overskota i tillegg til trøystegåva frå Statnett, mastekompensasjonen, har betydd at kommunen si rolle som samfunnsutviklar har fått betre kår enn eg såg for meg for tre år sidan. Men no er denne pengesekken atter ein gong tom, og store overskot verkar vera ein fjern draum i nær framtid.

Kanskje me burde stoppa opp litt, setja større pris på det me har, og senka ambisjonsnivået litt i ein periode? «De nære ting» av Arne Paasche Aasen, og framført som ei landeplage på femti-talet av Kurt Foss og Reidar Bøe avsluttar slik:

Den lykken du søker bak blående fjell,  
kan hende du alltid har eiet den selv.  
Du skal ikke jage i hvileløs ring,  
men lær deg å elske de nære ting.

Det er kanskje ikkje lett for politikarar å sjå for seg at dei skal vinna val på å setja seg ned og elska dei nære ting, men det er likevel rådmannen si plikt å minna om dette før valprogramma skal utformast. Elles kan me fort hamna i ein situasjon slik Odd Nordstoga har gjort i songen «Lause ting»:

Altfor mange lause ting, altfor myrke krokar, altfor mykje skummelt rot,  
altfor store flokar, altfor store rom, altfor mange ord,  
altfor mange gode råd gjev altfor mykje å tenkje på.

Vedlikehaldsetterslepet i kommunen er fortsatt stort, men det er gjort viktige grep slik at stoda er betre. Med dei prosjekt som er gjennomført og vedtak som er gjort har Kvam herad sikra seg ein barnehage- og skuleportefølje som nesten alle andre kommunar i Noreg berre kan misunne oss. Også innan IKT er noko av etterslepet henta inn og ved å gjennomføra den nye digitaliseringsstrategien kjem teknologi igjen til å driva utviklinga av heradet framover. Sjølv om situasjonen har betra seg vil det ta lang tid å henta inn alt etterslepet på bygg, veg, va, utstyr og teknologi. Rådmannen er fortsatt av den oppfatning at større økonomiske rammer her og til å handtera følgjene av endå meir ekstremvær må få høgaste prioritet.

Å skapa ein dynamisk organisasjon med godt omdøme og høg tillit til forvaltninga er ei elementert målsetjing for å lukkast i dei fire rollene som tenesteproducent, lovforvaltar, samfunnsutviklar og demokratisk aktør. Organisasjonsutvikling og leiarutvikling har hatt og har høg prioritet hjå rådmannen. Heilskapstenking, endrings- og løysingsvilje, resultatfokus, gjennomføringskraft og etisk bevisstgjerding er nøkkelord i dette arbeidet. Arbeidet med kommuneplanen har også auka den langsiktige tenkinga i organisasjonen og godt forankra målsetjingar vil gje organisasjonen tydeligare retning. Nyttiggjering av mål- og resultat i styringssystemet vil dessutan letta det politiske budsjettarbeidet. Rammestyling i kombinasjonen med prinsippet om at «den-som-ropar-høgast-er-kanskje-inne-på-noko» gjev ikkje gode objektive indikatorar for avgjerder. Difor vil me gradvis innføra styringsindikatorar som gjev objektiv informasjon om ressursbruk og kvalitet i tenestene i dei politiske økonomirapportane.

Men endringar smertar, spesielt før ein byrjar. Og endring tek tid, endring mislukkast av og til, men oftast fører endring til mykje positivt. Berre det å vera i ei prøve og feile fase ei stund opnar augo våre slik at me ser ting på nytt, litt utanfrå, og då snakkar me med kvarandre på nye måtar, om nye ting, og då skjer det noko med oss. Filmen «Groundhog day» handlar om meteorologen Phil som hamnar i ei tidssløyfe der han vaknar opp til den same dagen, 2. februar, kvar dag. Problemet hans er at han er den einaste som merkar han er i denne tidssløyfa og alle andre gjer akkurat det same kvar einaste dag. Til stor eigen underhaldning utnyttar han dette fenomenet til å skapa endringar slik at ingen dag blir heilt lik. Ved å vakna opp til visjonen om ei oppsiktsvekkjande framtid skal me sikra oss at me ikkje oppheld oss i ei tidssløyfe, men at me leiter etter nye moglegheiter kvar dag.

### **Skattesvikt**

Det verkar vera ei felles oppleving mellom kommunane at årets budsjettprosess er særst vanskeleg og at dette skuldast både inntektssvikt og kostnadsvekst.

I ei undersøking gjennomført av KS tidleg haust svara 29 av 33 spurde kommunar at den økonomiske situasjonen i kommunen er forverra utover hausten. Det er særleg barnevern, sosialtenesta, pleie og omsorg som sprekk i kommunane, i tillegg til skattesvikten. Samla skattesvikt i kommunane i 2014 ligg no ann til å bli på kr 2,5 milliardar utan at dette tapet blir kompensert. Berre nokre veker etter at

statsbudsjettet vart lagt fram syner prognosen at inntektstapet i 2014 har auka med kr 500 millionar meir for kommunane enn anslaget som låg til grunn for statsbudsjettet. Når det er lagt opp til ein vekst i skatteinntektene på 4 % til neste år, må kommunane fyrst henta inn tapet på ein halv milliard i år, før ein skal oppnå vekstmåla for neste år. For Kvam sin del er me, som vanleg, litt verre stilt enn landet elles. Veksten vår har så langt i år vore negativ og 2,2% lågare enn landet elles. Regjeringa meiner kommunane har fått lågare utgifter på grunn av lågare innvandring og eit meir moderat lønsoppgjær enn fyrst spådd. Dei ser difor ikkje grunn til å kompensera for tapte skatteinntekter, trass i at kommunane altså opplever det motsette. Når det gjeld 2015 har regjeringa òg stor tru på at skatteletta vil føra til auka aktivitet som igjen skal føra til vekst og dermed høgare skatteinntekter på den måten. Vekstfremjande skattelette blir dette kalla. 2014 er eit godt eksempel på at ein slik effekt i beste fall let venta på seg. Når forbrukarane får tilført friske midlar gjennom skattelette finst det ingen garanti for at midlane vert nytta til vare- og tenestekjøp i den norske marknaden. Både sparing, utanlandsreiser og varekjøp direkte frå utlandet er alternativ, spesielt no som grensa for netthandel frå utlandet er auka frå 200 til 500 kroner. Rådmannen er spent på å sjå om dei kronene forbrukarane får i skattelette går til høgare handel hjå det lokale næringslivet, eller om dei forsvinn til sydenturar og netthandel frå utlandet nå som grensa for det er auka.

### **Tidstjuvar**

Den nye regjeringa har vist handlekraft og sette raskt etter at dei inntok regjeringskontora i gong ein jakt på tidstjuvar. Alle statlege etatar er pålagt å leita etter ting som effektiviserer eiga drift eller andre forenklingstiltak i eiga verksemd, ovanfor innbyggjarar, næringsliv eller offentlege verksemder, eller forenkling av reglar. Me som arbeider i kommunal sektor ynskjer denne statlege storsatsinga velkomen, og om dei vil koma på studietur til Kvam så er dei hjarteleg velkomne, for hjå oss kallar me dette for daglege gjeremål.

Kvam herad har dei seinare åra effektivisert drifta monaleg. Å visa reknestykke som seier akkurat kor mykje som er effektivisert er ei vanskeleg, om ikkje umogeleg øving. Det skjer kontinuerleg endringar i kva oppgåver kommunane skal gjera, lovendringar kan få konsekvensar for sakshandsaming, eller demografiske endringar og enkeltbrukar kan gje store utslag på økonomien. Det me veit er at kommunane heile tida får overført meir oppgåver enn det blir fjerna, at lovverket har blitt meir komplisert og at befolkninga generelt har større krav og forventingar til kva kommunane skal ha ansvar for. Med det i mente har eg gjort ei forenkla analyse av utviklinga på ein del kostnadspostar dei siste åra opp mot løns- og prisveksten i kommunal sektor i den same perioden.

Dersom ein ser på denne utviklinga over lang tid er feilkjeldene nokså store fordi oppgåveendringane har vore relativt store. Men eg hadde ikkje forventa at han ved å berre gå tilbake og sjå på utviklinga i denne valperioden skulle finna store endringar, men det gjorde eg. Også i denne perioden har det skjedd endringar i oppgåvetilførselen til kommunane, med samhandlingsreforma som den desidert største. Ved å setja 2011 som år null og justera tala for løns- og prisveksten fram til 2014 og deretter samanlikna med justert budsjett for 2014 får me ein peikepinn på effektiviseringa i kommunen.

Lønsutgiftene er 12 millionar kroner lågare enn lønsveksten, medan pensjonsutgiftene, som heradet ikkje påverkar sjølv, er 16 millionar kroner høgare enn normal lønnsvekst. Også vare og tenestekjøp har ei utvikling som er 5 millionar kroner lågare enn prisveksten i perioden. I tillegg til at tenestene ikkje har fått kompensert for oppgåve- og befolkningsvekst i desse tre åra har heradet altså effektivisert bort 17 millionar kroner. Diverre har pensjonen ete opp heile gevinsten. Eg vil igjen presisera at dette er eit svært forenkla reknestykke, utan absolutte størrelsar, men det kan nyttast til å forklara ei trend.

Trass i at effektivisering er norma og som sagt eit dagleg gjeremål, er eg fortsatt på leit etter måtar å jobba endå smartare på og jaktar også på nye tidstjuvar. Alle tilsette vert no invitert med på ein idédugnad for å finna oppsiktsvekkjande gode måtar å løysa oppgåvene på.

## ***Snik-kommunifisering***

I kommune-Noreg, spesielt i kommunar av vår størrelse og endå større, er me som regel glad for nye oppgåver og større ansvar, dersom dette er fullfinansiert. Vanlegvis kan ein lesa greitt ut av statsbudsjettet kva nye oppgåver som vert lagt til kommunen, og kor mykje pengar som blir overført for å løysa oppgåva. Diverre opplever me at det er behov for meir midlar enn det me får for å finansiera oppgåva. Og når staten tek tilbake ei oppgåve ser me dessutan at dei trekkjer oss for meir midlar enn det me har nytta til den oppgåva. Dette er eit rammevilkår me har lært oss å leva med. Det som har skjedd i sterkare og sterkare grad dei siste åra, og med full tyngde i år er at oppgåver kjem siglande på ei fjøl. Av og til finn me dei berre i fjøra og må ta ansvaret, andre gonger kjem dei som flaskepost med litt utydeleg budskap.

Eit lite og symbolsk, men synleg og godt, og nesten komisk, eksempel på dette er «den kulturelle spaserstokken». Spaserstokken er ein liten post på statsbudsjettet, om lag 45 mill kroner, der kommunane kan søkja om kulturmidlar. Målet med Den kulturelle spaserstokken er:

- å sørgja for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggja til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det blir utvikla gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk
- å hjelpa til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaar der dei eldre oppheld seg i dagleglivet

Ordninga har eksistert sidan 2007 og har vorte eit godt innarbeid tilbod i eldreomsorga. Tiltaket var også ein del av Omsorgsplan 2020 frå helse og omsorgsdepartementet. I statsbudsjettet er den kulturelle spaserstokken fjerna og erstatta med «Krafttak for song» som skal gje dei tilsette i heimetenesta og institusjonane våre opplæring i song slik at dei kan underhalda dei eldre i kvardagen.

Eg er ikkje motstandar av endring, ei heller av at staten må gjera sine prioriteringar. Det som er urovekkjande med dette forslaget er at regjeringa ikkje seier at ordninga skal avsluttast, dei fjernar berre finansieringa, opprettheld forventningsnivået og let kommunen overta ansvaret. I tillegg til å leggja fram autorisasjonen sin må potensielle sjukepleiarar framover gjennom ein nervepirrande idol-audition framfor rådmann, HR-sjef og leiar i eldrerådet.

Eit anna eksempel på snik-kommunifisering er det som skjer med Studiesenteret.no.

Studiesenteret.no er navet i eit nettverk av 46 studiesentra i heile Noreg, som i dag har omkring 1300 studentar i ulike utdanningsretningar. Studiesenteret.no samordnar behov, forhandlar med utdanningsinstitusjonar, etablerer studietilbod, driv informasjonsarbeid og administrerer studentar på vegne av alle deltakande kommunar og høgskular over heile landet.

Kvam herad inngjekk avtale med studiesenteret.no i 2013 og har etablert lokalt studiesenter i Øystese. Undervisningstilbodet vert administrert gjennom Stiftinga for høgskuleutdanning i Hardanger som Kvam er ein del av.

Vårt lokale studiesenter er framleis i ein oppstartsfase og har per i dag 18 studentar. Kommunen ser eit stort potensiale for vidareutvikling av tilbodet, bl.a. innan helseutdanningar som det vil vera stort behov for i åra framover. Heradsstyret vedtok tidlegare i haust å støtta studiesenteret i Øystese med kr 80.000 årleg.

Det faktum at ein distriktskommune som Kvam kan tilby høgskuleutdanning lokalt, er avgjerande for å sikra framtidig kompetanse både til lokalt næringsliv og offentleg sektor. At det er mogleg å vera student ved høgskule/universitet utan å måtte flytta ut av kommunen eller leva med lange pendlaravstandar, gjer kommunen meir attraktiv som bukommune. Me ser på undervisningsforma som blir tilbudt gjennom studiesenteret, som både framtidretta og effektiv.

Studiesenteret.no har hatt eit årleg tilskot på to millionar kroner over statsbudsjettet. Det tilskotet er fjerna frå 2015. Tilbodet er oppretta, studentane er i gong med studia sine, forventningane er til stades, men no er framtida uviss og kommunane kan raskt få ei ny utfordring i fanget.

Samhandlingsreforma vart innført frå 2012. Reforma er ei retningsreform som skulle kanalisera ressursane til førebygging framfor reparering og flytta tenester nærare der folk bur. Kommunane

skulle få fleire oppgåver og meir pengar til å utføra dei. Kvam herad opplever at tenesta har fått nye fagleg utfordrande og ressurskrevjande arbeidsoppgåver. Oppgåvene vert opplevd som interessante og utløyser stor grad av motivasjon og engasjement i fagmiljøet, men dei har også vore kostnadsdrivande langt utover kompensasjonen frå staten. Tidlegare utskrivning frå sjukehus har medført at sjukare og meir behandlingsskrevjande pasientar kjem til korttidsavdelinga eller direkte tilbake til heimen. Både korttidsavdelinga, langtidsavdelingane, fastlegane, fysioterapeutane og tilsette i heimetenesta opplever dette og rapporterer om auke i arbeidsmengda. Pasientar som kjem frå sjukehus, og som har trong for vidare behandling, må ofte prioriterast framfor andre oppdrag. Det grovaste eksempelet på snik-kommunifisering er så alvorleg at det eigentleg ikkje er snakk om ansvarsoverføring, men statleg ansvarsfråskrivning. Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Tilbodet til den enkelte brukar er enkeltvedtak heimla i rettar og plikter ein finn i helselovverket vedteke i Stortinget. Kommunane betalar ein eigenandel per brukar, deretter dekkjer staten 80% av utgiftene. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar i heile landet. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Staten kan ikkje sjå seg råd til å vera med på utgiftsveksten og skriv i brevet til kommunane: «Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1010.000,- til kr. 1080.000,- for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn påreknna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover lønsvekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.» Det er ikkje sagt noko om at det vil koma endringar i lovverket som hevar terskelen for å få vedtak om hjelp, så nok ein gong er det kommunane som sit tilbake med svarteper; like høgt forventningsnivå og høgare utgifter.

Regjeringa vil fornya, forenkla og forbetra offentleg sektor. Digitalisering av offentlege tenester og arbeidsprosessar skal gje betre tenester og ein meir effektiv offentleg sektor.

Velferdsteknologiprogrammet er det fyrste store innovasjonsprogrammet for kommunal sektor. Tilskotsmidlar og oppfølging frå det nasjonale programmet har sett kommunane i stand til å etablera eins praksis i heile landet og prøva ut velferdsteknologi i større skala enn tidlegare. Tilskota frå staten har dempa risikoen for kommunar som ønskjer å gå fremst. I velferdsteknologiprogrammet er det sett i gong fleire delprosjekt som er direkte svar på felles behov og utfordringar kommunane har møtt i arbeidet med å ta i bruk teknologi. I statsbudsjettet for 2015 blir det foreslått at Velferdsteknologiprogrammet blir avvikla i si noverande form. Tilskotsmidlane skal overførast til Fylkesmennene. Ei satsing som klart treng ein samla nasjonal innsats vert no fragmentert og me risikerer med dette å få minst 18 ulike praksisar rundt i landet. Når den store motoren som skal dra utviklinga i riktig retning forsvinn vil trykket og risikoen på kommunane auka ytterlegare.

Det er Bufetat som har ansvaret for å rekruttera og formidla fosterheimar, og når eit barn er plassert i ein fosterheim er det Bufetat som har ansvar for at barnet får eit fagleg forsvarleg tilbod. Det har vore ein enorm vekst i talet på fosterheimar i landet og over 10 000 barn og unge i landet bur i fosterheim. Bufetat region vest er pålagt å redusera budsjettet sitt med kr 300 millionar årleg og opplevinga i kommunen er at Bufetat ikkje lengre klarar å oppfylla sine plikter i fosterheimsarbeidet og at barnevernstenesta i kommunen som yttarste ledd dermed sit at med fleire oppgåver som ikkje vert kompensert. Samstundes har Bufetat redusert sine eigne eigenandelar, slik at kostnader vert overført til kommunane. Dette er det heller ikkje kompensert for i overføringane frå staten.

Auken i utbetaling av økonomisk sosialhjelp har vore formidabel på landsbasis dei seinare år. I Kvam har auken vore endå høgare. I framlegg til statsbudsjett er det varsla kutt i statlege stønadsordningar, trygder og pensjoner. I den statlege politikken er det lagt opp til at desse reduksjonane skal gjera det meir lønnsamt å vera i arbeid og aktivitet, og mindre attraktivt å vera stønadmottakar. Ei slik omlegging krev gode tiltakspakkar med ulike metodar for den enkelte å returnera til arbeidslivet dersom det er mogleg. Om ikkje det let seg gjera vil presset på den kommunale sosialhjelpa auka ytterlegare. Det er ikkje lagt inn noko kompensasjon for dette i rammeoverføringane. I tillegg er aktivitetsplikt ved sosialhjelp no blitt forskriftsfesta. Nødvendig tiltaksapparat og ressursar for gjennomføring av forskrifta er ikkje nemnt i statsbudsjettet, men KS har kostnadsrekna dette åleine til 0,5 milliardar kroner for kommunal sektor.

## **Framtidsutsikter**

Tunge globale og nasjonale trendar påverkar utviklinga i Kvam og kan vera både truslar og moglegheiter:

- Næringslivet blir meir kunnskapsbasert, og konkurransen meir innovasjonsdriven
- Globalisering og urbanisering fører til tøffare konkurranse om å tiltrekke og behalda kunnskapsarbeidarar
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjon
- Individualisering av samfunnet og behovet for sjølvrealisering

Over heile verda trekkjer folk mot befolkningsentra. Urbanisering og sentralisering fører til at folk blir trekt mot storbyane og regionhovudstadane og at store institusjonar blir slått saman og samlokalisert. I Noreg går flyttestraumane, frå nord til sør, frå vest til aust, og frå småkommunane til byane samtidig som det går straumar internt i landsdelane og fylka, mot dei største byane. Kommunar og regionar med tynt befolkningsgrunnlag har vanskeleg for å skapa store nok faglege kunnskapsmiljø og arbeidsmarknader. Kunnskapsarbeidarar og bedrifter finn dermed staden mindre attraktiv ein får ein nedovergåande spiraleffekt. Gapet til vekstregionar vert ytterlegare forsterka ved at desto større og sterkare ein region er, desto større er tiltrekkingskrafta til regionen slik at her vert spiraleffekten oppovergåande.

Sverige har den raskaste urbaniseringstakten i heile Europa. Siste 40 år har det vore ein befolkningsreduksjon i halvparten av landet sine 290 kommunar. Ei ny studie av svenske kommunar med folkenedgang syner at politisk leiing i desse kommunane viser liten vilje til å snakka om nedgangen i kommunen sin fordi dei oppfattar den som ein politisk fiasko, sjølv om nedgangen i realiteten kan forklarast med endringar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Som eit motsvar fortset dei å leggja vekststrategiar, samtidig som dei frå år til år må gjera tiltak for å justera kommunen sin organisasjon til dei nye tilhøva som oppstår som følgje av dei demografiske endringane. Denne mangelen på realitetsorientering, og dermed eit stadig større gap mellom forventningar og verkelegheit er uheldig i eit demokrati- og innbyggjarperspektiv. I tillegg til vekststrategiane vert kommunane no tilrådd å laga ein lokal tilpassingspolitikk, det vil seia ein politikk som definerer dei handlingar ein tenker å gjera for å tilpassa seg demografiske endringar og nye økonomiske forhold.

Den norske økonomien har gått så det susar over lang tid. Det har vore samanhengande reallønsvekst i om lag 25 år, samstundes som økonomiske nedgangstider i andre land har ført til kunstig lågt rentenivå i Noreg. Privatøkonomien er jamt over god og handlingsrommet for sjølvrealiserande aktivitetar stort. I Maslow sin behovspyramide er behovet for sjølvrealisering rekna som det siste behovet mennesket treng å oppfylla etter at basisbehov, dei fysiske behova og behova for tryggleik, kjærleik og respekt, er dekkja.

Behovet for sjølvrealisering handlar om å få realisert draumane sine og å få brukt evnene sine til det fulle. Som menneske har me eit behov for å stadig utvikla oss sjølv og å nå det fulle potensialet vårt. Dermed oppstår den berømte tidsklemma og mange vel å stå utanfor arbeidslivet ved til dømes å forlenga studieåra, arbeida deltid eller førtidspensjonera seg. For andre handlar sjølvrealisering om å oppsøka det som vert opplevd som ekte og naturleg. For Kvam er dette viktig fordi me kan tilby besøks- og bustadskvalitetar som er attraktive på ein annan måte enn dei du finn i byane.

Talet på arbeidsplassar i Kvam er lågare i dag enn det var i 2000 samstundes som resten av landet i den same perioden har hatt sterk vekst i talet på arbeidsplassar. Den svake arbeidsplassutviklinga i Kvam er fyrst og fremst eit resultat av svak utvikling i det private næringslivet og som følgje av svak vekst i statleg og fylkeskommunal sektor. Talet på arbeidsplassar sakk også ganske mykje i 2012. Den svake arbeidsplassutviklinga i næringslivet kan for ein stor del forklarast av at Kvam har ein uheldig næringsstruktur, der mykje av næringslivet har vore i bransjar som har nedgang i Noreg, mens delen i vekstnæringar er liten. Utviklinga har vore noko forskjellig i ulike delar av næringslivet. Det er fyrst og fremst basisnæringane som har hatt ei negativ utvikling, og nedgangen i tal arbeidsplassar i industri og primærnæringar har vore større enn bransjestrukturen skulle tilseia. Kvam har dessutan ganske få

statlege arbeidsplassar, noko som gjer at kommunen går glipp av den generelle veksten i denne sektoren. I andre delar av næringslivet, som i besøksnæringane og dei regionale næringane, har utviklinga eigentleg vore forholdsvis god, bransjestruktur og folkeauken tekne i vurdering. Befolkningsutviklinga blir naturlegvis prega av at kommunen har arbeidsplassnedgang. Kvam har netto utflytting til andre regionar. Innvandring frå utlandet har kompensert for denne og ført til vekst i befolkninga dei siste åra. Utflyttinga frå Kvam dei siste åra er faktisk lågare enn forventa ut frå arbeidsplassutviklinga. Folk i kommunen, mest menn, har i større grad valt å pendla ut av kommunen enn å flytta, som me ser av at talet på personar som pendlar ut av kommunen har auka ganske mykje. Dette indikerer at Kvam er ein attraktiv kommune å bu i.

Globalisering leier til ein stadig større lokaliseringskonkurrans. Konkurransen om å tiltrekkja seg bedrifter handla tidlegare i stor grad om tilgang til naturressursar og billeg arbeidskraft, altså låge kostnader. I dag dreier konkurransen seg i større grad om tilgang på relevant kompetanse og kunnskapsmiljø. I den internasjonale konkurransen blir kunnskap og innovasjon stadig viktigare, og høgkostnadsland med små lønnskilnader blir utkonkurrert dersom ein ikkje lukkast med å utvikla eit kunnskapsbasert og innovasjonsdrive næringsliv.

I Noreg som har eit langt høgare kostnadsnivå enn verksemdar i dei fleste andre land, spelar kunnskap og evne til innovasjon og omstilling ei stadig viktigare rolle for konkurranseevna. Regjeringa har som visjon at Norge skal være verda sin fremste sjømatnasjon. Dette skal dei få til gjennom å realisere potensialet for auka verdiskaping og lønsame bedrifter i alle deler av verdikjeda sjømat. Kvam må leggja til rette for at denne næringa kan utvikla seg i tråd med visjonen til regjeringa og tillata bruk av areal på sjø og land til dette føremålet der dette ikkje er til vesentleg ulempe for miljø og andre næringsinteresser.

Eit kunnskapsbasert næringsliv handlar om vekst gjennom samskaping mellom bedrifter og kunnskapsaktørar, menneske, lag og organisasjonar, bransjar, bygder, kommune og regionar der marknads- og brukarbehov set premissar for kunnskapsutvikling. Vidare må kunnskapen omdannast til produkt, tenester og prosessar som leier til lønnsam vekst for bedriftene som er involvert, og til auka verdiskaping for heile samfunnet. Batteriferja til Fjellstrand er eit kjempegodt eksempel på dette. Det skjer kunnskapsdriven innovasjon i alle næringar. Kunnskapsbasert næringsutvikling handlar derfor vel så mykje om å auka kunnskapsinnhaldet i det noverande næringslivet, som å omstilla til nye næringar. Det er nødvendig å kunne omsetja forskingsresultat og ny teknologi i produkt så raskt som mogeleg. Det krev tette koplingar mellom bedrifter og forskingsmiljø.

Ei anna trend er at bedrifter i mykje større grad enn tidlegare deler opp verdikjeda og legg dei ulike delane til svært ulike lokasjonar. Slik kan dei dra nytte av styrker i eigenskapar ved ulike lokasjonar. Arbeidsintensive aktivitetar kan flyttast dit arbeidskrafta er billeg, og kunnskapsintensive aktivitetar kan leggjast der tilgangen på spesialisert kompetanse er best. Verksemdene blir slik meir krevjande og kunnskapsbaserte som følgje av at aktivitetane blir spesialiserte og digitaliserte og slik blir det blir behov for medarbeidarar med annan kompetanse enn tidlegare, blant anna menneske med høg og spesialisert utdanning.

I denne røyndomsskildringa står Hardanger overfor rikelege utfordringar. Regionen er liten og har spreidd busetnad. Det finst gode, men likevel få eksempel på kunnskapsbaserte næringsmiljø med høg innovasjonsgrad og tiltrekkingskraft på spesialisert kompetanse i regionen. Skal næringslivet i Kvam ha utviklingsmoglegheiter, er det heilt sentralt at alle dreg i same retning. Dette gjeld offentleg og privat sektor, på tvers av selskap, bransjar og bygder. Kvam har ei geografisk plassering som gjer at Kvam kan utnytta moglegheitene for å etablere samarbeid mot vekstsentra i vest, men på same tid vera ein del av merkevara Hardanger. For å lukkast i dette trengst det politisk prioritering, vilje, mot og arbeid for å knyta Kvam nærare Bergen, både fysisk og mentalt. Den største jobben her ligg ikkje i å arbeide med den lokale mentale innstillinga. For at Kvam skal bli sett på som ein naturleg del av vekstregionen er det ein del mentale innstillingar i Bergen som må endrast.

### **«Pimp our kommunar?»**

Regjeringa si målsetjing med kommunereforma er at den ynskjer å flytta makt og ansvar til større og meir robuste kommunar. Målet er eit lokaldemokrati som kan vareta velferd og sikra verdiskaping og trivsel. Kommunane skal ha kraft til å møte dei utfordringane som ventar. Regjeringa ser utfordringar knytt til demografi, velferd og kompetanse og evna til å utvikla gode og attraktive lokalsamfunn. Regjeringa ynskjer kommunar som er betre rusta til å handtera oppgåvene dei har, og som kan møte dei utfordringane og nye oppgåvene som kjem i åra framover.

Når kommunereforma er gjennomført kjem premissane for kommune-Noreg til å vera lagt for lang tid. Dei nye kommunegrensene som vert teikna dei neste åra kjem til å omfordela makt og økonomi på nye måtar. Enten blir du ny, større og inne i varmen, elles er du utanfor. Slik dei økonomiske verkemidlane i reforma er utforma må du slå deg saman med nokon, helst fleire, for å behalda dagens økonomiske handlingsrom.

Uansett kva du blir fortalt, storleik kjem til å bety noko etter kommunereforma. Det kjem ikkje til å hjelpa kven du ein gong var, fordi du lett til å vera akkurat det, noko som var. Skal du koma til bords hjå Fylkesmann eller fylkeskommune og bli høyrte må du bli sett på som ein såkalla «stor og robust» kommune. På Voss går ordføraren med draumar om å breia seg ut frå fjord til fjord og vidda til Stølsheim som eit notidas Sovjetunionen, utan samanlikning forøvrig. Innover i Hardanger har dei vendt Kvam ryggen og i Samnanger står dei klare til å svinga seg i brurevalsen med Bergen kommune. Ute langs kysten kan det fort vera att berre nokre få store kommunar. Om ikkje Kvam tek grep risikerer me å bli sitjande att som den beskjedne og litt keitete guten på skuledansen på ungdomsskulen; ingenting i vegen med hormonane, men eit traumatisert sett-utanfrå-bilete øydelegg alt. Det er no me kan gripa moglegheitene og det er no me må gjera det, elles kan det bli mykje «ja, men...» i lag med Fedje og Modalen i framtida.

### **Eigedomsskatt**

Innføring av eigedomsskatt er eit prinsipielt spørsmål og rådmannen forstår at det finst mange argument mot å nytta eigedomsskatten som verktøy. På den andre sida ser rådmannen at eigedomsskatten er det beste verktøyet staten har gjeve kommunane til å skaffa seg ei inntekt, av verdi, som ein rår over heilt åleine. Rådmannen ser også at Kvam ikkje er åleine om å tenkja slik. Stadig fleire kommunar ser botavon i å innføra skatten og i 2014 er det 341 kommunar som har eigedomsskatt. 199 av desse har skatten i heile kommunen og det er venta at endå fleire kommunar innfører den i 2015.

I ein debatt om størrelsen på eigedomsskatten så bør ikkje vurderinga gå på summen av eigedomsskatten aleine. Det er totalbelastninga av eigedomsskatt pluss dei kommunale eigedomsavgiftene som er interessant. På ei oversikt over kommunale avgifter i alle kommunar i landet ser me at Kvam kjem særst godt ut. Dersom ein summerer avgiftene til vatn, avløp, avfall og feiing for ei normalhuslyd får Kvam ein sum på kr 8 425 per år. Det er berre 32 kommunar som har lågare totalsum enn dette, eller 395 kommunar har ein høgare sum. Bergen er einaste kommunen i Hordaland som har lågare kommunale avgifter enn Kvam. Det er små forskjellar mellom Kvam og dei kommunane som har lågare totalsum, medan oppover på skalaen er det store skilnader. Heile 339 kommunar har ein totalsum over kr 10 000 pr år og Søndre Land på toppen av lista tar inn kr 20 739 i kommunale avgifter.

Sjølv når ein tek omsyn til kommunale avgifter pluss eigedomsskatt for ein sentrumsnær einebustad i Kvam så ser me at 273 kommunar har høgare totalsum enn Kvam herad. Også her er det relativt små forskjellar nedover på liste, medan gapet oppover er stort. Mellom anna Odda som ikkje har eigedomsskatt, har høgare kommunale avgifter enn kommunale avgifter pluss eigedomsskatt i Kvam. Heradsstyret har tidlegare gjort vedtak om å trappa ned eigedomsskatten frå 2015. Rådmannen ser ikkje anna råd enn å halda eigedomsskatten på dagens nivå i 2015 og deretter auka den med 0,5 promille frå 2016. Aller helst burde eigedomsskatten vore auka endå meir for å finansiera ei auke i talet på institusjonsplassar. 0,5 promille auke gjev ca. 4,5 nye institusjonsplassar.

## **Waschera**

Kvam herad er ein kommune under press. Næringslivet blomstrar ikkje. Inntektene til kommunen veks ikkje i tråd med utgiftene. Gapet mellom kommunen sin ståstad i behovspyramiden og staten og befolkinga sine forventningar aukar. Til dette budsjettet føreligg det søknadar om støtte til ei lang rekkje samfunnsnyttige prosjekt, medan kommunen har meir enn nok med å få endane til å møtast som tenesteproducent og lovforvaltar.

Det bør skapast økonomisk rom til å ta i mot veksten i eldreomsorga. Det bør byggjast bufferar i økonomien til å førebyggja og reparera uforutsette hendingar som til dømes skader frå ekstremvær. I rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan er det ikkje plass til dette. I framlegget er gjennomgangsmelodien endå meir effektivisering, eigedomsskatt på dagens nivå deretter litt opp, og likevel ikkje rom for å gjennomføra interne og eksterne utviklingsaktivitetar.

Sjølv om blikket bør festast på dei nære ting framover er det behov for draumar og optimisme. Ingen seier dette betre enn Olav H. Hauge:

Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje-  
at tidi skal opna seg  
at hjarta skal opna seg  
at dører skal opna seg  
at kjeldor skal springa-  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um

For at draumen om at noko vedunderleg skal skje trengst godt arbeid. Me må ikkje tru at me plutselig kan gli inn på ein våg me ikkje visste om utan å gjera noko for det sjølv.

Rådmannen sitt råd til det politiske miljøet i Kvam for dei neste åra er å skapa seg alliansar og påverknad inn mot politikk og næringsliv i endå større grad enn i dag. Avstanden mellom røyndomsskildringane til statsapparatet og kommunane ser ut til å bli større og større.

Statsbyråkratiet veks dag for dag med personar som aldri har vore ute ein vinterdag, og som heller ikkje viser interesse for det som skjer utanfor Spikersuppa. Det er dyktige lokalpolitikarar som kan ta rolla som bindeleddet mellom kommune og stat, og som på den måten kan byggja ned att den avstanden som har oppstått. Eg har ikkje tru på at det vert pengar av det, men dialogen kan gje oss betre forventningsavklaringar.

På same måte må det politiske miljøet engasjera seg sterkt i å byggja ned den fysiske og mentale avstanden til Bergen. Sterkt engasjement, med enkle og tydelege bodskap i alle fora som formar framtida til Hordaland er den beste måten å gjera dette på. Slik kan me sørgja for at me blir sett på som ein bidragsytar på eit vinnarlag.

I rolla som samfunnsutviklar og tilretteleggjar for næringslivet er målsetjinga enkel; fleire lokale arbeidsplassar. Dette handlar om mykje meir enn tilskot og store areal regulert for industri. Arbeidet må målrettast og innrettast mot vekstnæringar. Initiativa må koma utanfrå kommunen, men administrativt og ikkje minst politisk arbeid handlar om nettverksbygging, kompetanseheving og å vera eit talerør inn mot sentrale mynde, slik at næringslivet kan byggja samarbeid som gjev vekst og verdiskaping. Alle tilskot til kultur og næring bør gjennomgåast og vurderast på nytt for å sikra høgast moglege måloppnåing.

Kanskje me til slutt finn draumen og lukka vår i dei nære ting?

Kvam, den 4. november 2014

Arild McClellan Steine

- rådmann -


## 2. Om budsjett og økonomiplan

### 2.1 Hovudlinjer

Netto driftsresultat er forverra med 3,4 mnok til eit underskot på 9,7 mnok i budsjettframlegget til 2015. Brutto driftsresultat er forbetra med 3,8 mnok til eit underskot på 16,4 mnok i høve 2014. Driftsinntektene har auka med 11,5 mnok, og driftsutgiftene med 7,7 mnok i høve 2014. Resultatet frå finanstransaksjonar er forverra med 10,4 mnok.


Driftsbudsjettet til Kvam herad har to hovudelement; statlege inntekter og lønsutgifter. I budsjettet for 2015 er utgiftene til løn 43 mnok høgare enn skatt og rammetilskot. Brutto driftsresultat i 2015 er i underskot med 16,4 mnok, og utgiftene overstig for fyrste gong 700 mnok, medan inntektene er på 690 mnok.

Inntektene fordeler seg på følgjande måte:



Dei statlege inntektene er igjen fordelt på rammetilskot (263 mnok, 38%), skatt på inntekt og formue (200 mill.kr, 28%) og andre statlege overføringane (37 mnok, 6%).

Driftsutgiftene i 2015 er fordelt på følgjande hovudpostar:



Løn utgjør 390 mill.kr (55%) og sosiale utgifter 117 mill.kr (16%) av dei totale utgiftene.

Kvam herad har ein vekst i lønsutgifter (4,7%) som er høgare, enn estimert lønsvekst (3,3%) i statsbudsjettet. Det vil seia at kommunen har ein auke i stillingar. Noko av veksten kjem som følgje av stillingar som er refunderte med inntekter (for eksempel leiar KFL), noko som følgje av utvida barnehagetilbod, noko som følgje av krav i statsbudsjettet (helsestasjon/jordmor), og noko som følgje av at tidlegare mellombelse innsparingar i vakante stillingar fell vekk. Det er og innsparingar i administrative stillingar og i reversering av mellombelse strakstiltak innanfor Pleie og omsorg, men netto er det ein auke i lønsutgifter.

Etter høg vekst i sosiale utgifter, er det berre ein vekst på 0,7 mnok i 2015, eller 0,6%. Det skuldast i hovudsak at nivået for 2014 sannsynlegvis er for høgt, særleg for arbeidsgjevaravgift. Kvam herad skifta pensjonsleverandør 1.1.14, men budsjettet for 2014 var basert på tidlegare leverandør sine estimat. Dette har truleg vore for høge, noko som og får effekt for arbeidsgjevaravgifta som og skal reknast av pensjonsutgifta. Det endrar likevel ikkje trenden med at pensjonsutgiftene vekst langt utover lønsvekst, og at kommunane har ei stor utfordring med eit stadig aukande premieavvik. Staten har så langt vore klar på at dei vil ikkje kompensera for veksten i pensjonsutgifter, og regjeringsskiftet har ikkje medført endringar i denne haldninga.

Mange av dei kommunale bygga kommunen har disponert, var bygd på 50- og 60-talet. Ein reknar ei levetid for slike bygg på 40-50 år. Manglande vedlikehald, strukturendringar og utdatert bygningsmasse, har medført at kommunen har hatt mange år med store investeringar på 2000-talet. Dei fleste av investeringane har vorte lånefinansiert. Kommunen har difor ei lånegjeld på over 923 mnok. Av dette utgjør startlånsordninga til Husbanken 57 mnok.

Det er ein vekst på berre 0,6 mnok i finansutgifter, til totalt vel 54,4 mnok på grunn av forskyving i investeringsprosjekt og fall i rentenivå. På den andre sida fell Kvam herad sine finansinntekter med 9,8 mnok til 24 mnok i 2015 på grunn av reduksjon i utbytte (ekstraordinært uttak i 2014), og lågare avkastning på plasseringar.

Kommune-Noreg har operert med eit mål på 3% netto driftsresultat i seinare år. Dette er eit mål heradsstyret i Kvam òg har sett i høve budsjettarbeid. Ei viktig inntekt som danna grunnlag for dei 3% i resultat, var kompensasjonsinntekta frå meirverdiavgift på investeringar. Fram til 1.1.14 er inntekta

ført i drifta. Etter dette skal den først i investeringsrekneskapet, og kan ikkje nyttast til finansiering av driftsutgifter. Målet til netto driftsresultat er likevel ikkje endra nasjonalt. I 2014 og 2015 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på -6,3 mnok og -9,7 mnok. Det ligg inne ein del innsparingar i drifta i resten av økonomiplanperioden, mellom anna som følgje av ny barnehagestruktur, men det er ikkje nok til å gje eit overskot. Rådmannen ser seg difor nøydd til å auka eigedomsskatten med 0,5 promille til 4 promille f.o.m. 2016. Netto driftsresultat ligg likevel langt under kravet på 3%. Ein av årsakene til inntektsfallet, er at VAR-budsjettet går med meirforbruk i 2015 for å bruka opp fondsmidlar. Det utgjer -4,2 mnok av netto driftsresultat i perioden. Netto driftsresultat for «ordinær drift» i økonomiplanperioden (utan VAR og prosjekt) er på 6 mnok i 2015. I resten av økonomiplanperioden vil truleg VAR vera meir i balanse.

I budsjettet for 2013 og 2014 vart det vedteke ei heil rekkje innsparingstiltak for planperioden. Desse får ein effekt av i økonomiplanperioden, men dei er likevel ikkje store nok til å kompensera for utgiftsvekst og manglande inntekter. Rådmannen finn det ikkje forsvarleg å foreslå så store tiltak som må til for å nå eit mål om 3% netto driftsresultat i dette budsjettframlegget. 2014 skulle nyttast til å opparbeida disposisjonsfond, men inntektsfallet i 2014 slo bein under denne målsetjinga. Det må likevel arbeidast vidare med innsparingstiltak, og rådmannen kjem til å setja i gang vidare analysearbeid, vurderinga og digitalisering av arbeidsprosessar og idédugningar for å skapa betre økonomisk handlingsrom.

Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men må enten dekkja inn eit meirforbruk i netto driftsresultat med eit netto mindreforbruk neste år, eller ved hjelp av fondsmidlar. Fondsmidlane er delt i tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk, bundne fond og disposisjonsfond.

Kvam herad har ein del bundne fondsmidlar, men som namnet seier, kan dei berre nyttast til utvalde føremål. Ein heil del av fondsmidlane er òg allereie bunde opp i tidlegare vedtak. Det største disposisjonsfondet er mastefondet, men her er det mange om «beinet», og dersom eksisterande disponeringar ikkje vert endra, er i praksis fondet brukt opp.

## **2.2 Budsjettarbeidet**

Arbeidet med budsjettet for 2015 og økonomiplanen 2015-2018 har hatt følgjande utgangspunkt:

- I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein lønsvekst på 3,3%. Lønsveksten utgjer om lag 2/3 av deflatoren på 3,0%, der prisvekst er den restande 1/3 (ca. 2,5%).
- **Det er ikkje lagt inn %-vis auke for 2016-2018 i verken inntekter eller utgifter. Evt. endringar i økonomiplanen er ut frå volumendringar, og ikkje pris.**
- Kommunen sine prisar for brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter vert i utgangspunktet auka med deflatoren (3,0% i 2015). Mange av inntekstpostane har ei anna utvikling enn denne satsen. Dette gjeld for eksempel husleigeinntektene (2,5% i prisvekst i 2014), VA-gebyr (sjølvkost), foreldrebetaling for barnehageplassar og satsar for PLO-tenester som har statlege satsar.
- Kvam herad nyttar KS sin prognosemodell til utrekning av skatt og rammetilskot.
- Statsbudsjettet vert berre utarbeidd for 1 år, medan kommunen skal utarbeida ein økonomiplan for dei 3 påfølgjande åra i tillegg. I økonomiplanen ligg dei statlege inntektene lik som i 2015.

- Eigedomsskatten er lagt inn med 3,5 promille i 2015 (som 2014) for bustader. I tidlegare økonomiplanar har det lege ein reduksjon på opptil 2 promille. Kraftig fall i andre inntekter og vekst i utgifter, har gjort at rådmannen ser seg nøydd til å auka til 4 promille i resten av økonomiplanperioden.
- Nettoinntekter frå heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft er lagt inn i tråd med prognosar utarbeidd av Kvam kraftverk hausten 2014. Same sum er lagt inn i økonomiplanperioden.
- Lønsbudsjettet er laga på same stillingsnivå som 2014, men justert for politisk vedtekne endringar og evt. andre endringar som har kome fram i løpet av budsjettprosessen. I tillegg vert det lagt på lønsauke lik presentsatsen henta frå Statsbudsjettet (3,3%). Vidare innsparingstiltak er innarbeidd i økonomiplanen.
- Det er lagt inn innsparingar ved sjukefråvær på 2 mnok, som i 2014.
- Pensjon og andre sosiale kostnader kjem som ein følgjekostnad av auke i løn og lønsveksten, men kostnaden har auka langt utover dette. Mykje tyder på at pensjonsutgiftene vil auka utover lønsveksten i økonomiplanperioden òg. Ein slik vekst er ikkje teke høgde for, og vil gje kommunen ytterlegare utfordringar.
- Kjøp av varer og tenester har som hovudregel ikkje vorte justert for prisvekst i mange år. Det har vore ein av metodane som har vorte brukt for å halda driftsnivået nede, noko ein òg har lukkast med. I praksis lar ikkje dette seg gjennomføra fullt ut i lengda, og enkelte prisendringar har medført mindre justeringar.
- Finansinntekter og -utgifter er rekna ut med estimerte satsar frå kommunen sin finansmeklar Bergen Capital Management for nye lån/refinansiering. Det er nytta minimumssats (3,5% av låneportefølje) for utrekning av låneavdrag. For plasseringane er høgaste sats brukt, 3%.

### **2.3 Risikomoment**

Sjølv om kommunen sitt budsjett har om lag 700 mnok i driftsinntekter og -utgifter, er det likevel små marginar til å handtera endringar. Dei fleste budsjettpostane har bindingar som gjer at det er utfordrande å gjera om drifta på kort sikt. Hovudårsaka er at 70% av driftsutgiftene er personalutgifter som er vanskeleg å tilpassa på kort sikt. I og med at kommunen har om lag 1.000 tilsette, oppstår det ein del vakante stillingar i løpet av eit år. Men stillinga kan vera innanfor eit politisk satsingsområde heller enn i eit innsparingsområde.

- Veksten i skatteinntekter statsbudsjettet legg opp til, er svært høg. Rådmannen legg likevel dette til grunn i sitt framlegg, og forutset at evt. svipt i skatteinntekter vert kompensert i revidert nasjonalbudsjett. Det vart ikkje gjort i RNB 2014.
- Dei seinare år med fleirtalsregjering har gjort at framlegget til statsbudsjett har hatt få endringar i stortinget si handsaming. Det er no ei mindretalsregjering, og det kan difor koma endringar i rammevilkåra til kommunane i løpet av handsaminga.

- Kraftinntektene er for tida relativt låge, og ser ut til å halda fram med eit same nivå. Men historikken viser at inntektene fort kan svinga med millionsummar. Auka inntekter utover budsjett skal setjast av til fond.
- 2015 er eit såkalla «mellomoppgjer» i lønsforhandlingar, og i tillegg er ein del av mellomoppgjeret fastsett i forhandlingane for 2014, som var eit «hovudoppgjer». Risikoen for auke i lønsveksten er difor mindre i 2015. Lønsoppgjeret vert i hovudsak forhandla sentralt og kommunen har relativt liten innverknad på resultatet.
- Kommunane i Noreg har ei felles problemstilling i høve pensjonsutgifter. Staten kjem som tidlegare omtala, ikkje til å finansiera dei auka pensjonsutgiftene. I tillegg opparbeider kommune-Noreg eit stort premieavvik som ingen veit korleis skal handterast.
- Kommunen har rentebindingar på fleire av låna i porteføljen, men ein del av dei er korte og skal refinansierast i 2015. Det er likevel ikkje noko som tyder på store endringar i rentenivået. Men med over 900 mill.kr i lån, vil 1% endring i rentenivå medføra auke i renteutgiftene på 9 mill.kr. Ein del vil verta kompensert av inntekter frå VAR-området og andre rentekompensasjonar.
- Som tidlegare, kan enkeltsaker krevja hastetiltak og relativt store ressursar. Som døme har me barnevernssaker og ressurskrevjande brukarar. Staten gjev tilskot til begge desse gruppene, men har sjølv funne ut at sakene er så mange og krevjande at dei har redusert sitt relative tilskot. Dermed sit kommunen att med endå større utgift og risiko enn tidlegare.
- Eit nytt risikomoment som me har fått kjenna både på kroppen og i kommuneøkonomien i 2014, er konsekvensar av klimaendringane. Store nedbørsmengder, mangel på snø og ulike typar ras, er hendingar som får konsekvensar for kommunen sin økonomi.

## **2.5 Investeringsbudsjett vs driftsbudsjett:**

Eit kommunerekneskap skil seg frå rekneskap til private firma på fleire måtar, men ein av dei største skilnadane er at kommunerekneskapen har 3 ulike deler i motsetnad til private firma sitt resultat- og balanserekneskap. Dei 3 ulike delane er drift, investering og balanse.

Kommunen kan ikkje lånefinansiera drifta si, men investeringane. Det er difor ikkje lov til å nytta inntekter frå sal av eigedomar eller midlar frå investeringsfond i driftsrekneskapen.

I investeringsrekneskapen finn me kjøp av varige driftsmidlar som har ein verdi over 100.000 kr og ei levetid over 3 år. Med nokre få unntak som mindre kjøp av bygg og tomter, og tilsvarande sal, er alle slike kjøp organiserte som investeringsprosjekt. Alle investeringsprosjekt vert vedtekne av heradsstyre. Kvam herad har hatt fokus på styring av dei enkelte prosjekta som ofte går over fleire år, heller enn investeringsrekneskapen pr. år.

Kommunen har nokre fondsmidlar som kan nyttast til investeringar, men nyttar i hovudsak lånefinansiering. Lånefinansiering av prosjekt medfører at utgiftene i driftsrekneskapen aukar. Avdragsutgiftene aukar med 3,5% av lånesummen. I tillegg aukar renteutgiftene med mellom 2-3,5% av lånesummen, alt etter vilkåra for det nye lånet. Det vil seia at ei investering til 10 mill.kr medfører ein auke på 0,35 mill.kr i avdrag og t.d. 0,25 mill.kr i lånerenter. Utgiftene fell etter kvart som avdrag vert innbetalt. Investeringa bør difor medføra at drifta enten får auka inntekter eller lågare utgifter tilsvarande 0,6 mill.kr. Dersom ikkje, medfører investeringa ei omprioritering av driftsmidlane. Dette er noko fylkesmannen er svært oppteken av i sine innspel til kommunen sine budsjett.

I praksis er det vanskeleg å berre gjennomføra investeringar som gjev tilsvarande endringar i driftsrekneskapen. Det er for eksempel trong for investeringar i bygg, vegar, IT og teknisk utstyr for å oppretthalda nivået på tenestene, utan at det vil gje innsparingar.

## 2.6 Tiltaksframlegg

Under er det ei liste med søknader til Kvam herad og interne tiltak, som ikkje er innarbeidd i budsjettframlegget. Dersom eit av tiltaka skal innarbeidast i budsjettframlegget for 2015, må tiltaket finansierast med fondsmidlar, auke i eigedomsskatt eller tilsvarende innsparingar på andre område.

Forslagsstillar	Type tiltak: I = Innsparing, P=Prosjekt, R=Rammeutviding	Forslagstittel	Om tiltaket	2015: Økonomisk nettoeffekt (inntekt til minus, utgift til pluss)	2016: Økonomisk nettoeffekt (inntekt til minus, utgift til pluss)
Kyrkjeleg fellesråd	R	Auka tilskot	Kyrkjeleg fellesråd ber om auke i tilskot på kr 320.000. Innvilga kr 170.000	150 000	
Kyrkjeleg fellesråd	P	Auka rammer Bårehus	Auka ramma til bærehuset med kr 10.000 pr m2 x 140 meter. Prosjektet er lånefinansiert	1 400 000	
HVM	R	Ombygging av sjøhus til publikumskontakt.	Prosjektet er kalkulert til 11,6 mnok inkl. mva. HVM søker om 2 mnok frå Kvam herad som delfinansiering	2 000 000	
Kvam næringsråd	P	Utbetring Melstveitvegen	Utebetra kommunal veg for å gjera det mogeleg for store skogsmaskiner å koma til hogstmoden granskog.	2 200 000	
	R	Tour des Fjords	Løpet vart arrangert første gong i fjor. Sykling har etterkvart oppnådd stor mediainteresse. Tour des Fjord søker om 300 000 til planlegging og gjennomføring av løpet. Det vil vera start i Kvam. Samla budsjett er på 18- 20 mill. kr.	300 000	
Tørvikbygd idrettslag	R	Forskottering - kunstgrasbane i Tørvikbygd	Ei utbygging av banen kan få opp til 30% av totalkostnaden på sepelemidlar. Idrettslaget ynskjer forkottering i frå Kvam herad. Det er tidlegare vorte forskottet til slike tiltak med lån av fondsmidlar.	330 000	
	Evt. R	Damveg Ålvik	Damvegen i Ytre Ålvik har vore igjennom ein lang prosess, for å nå målet om veg tilv fjells i Ytre Ålvik. I fylgje veglaget så utløyser vegei rekkje med turstiar, tilgang til fjellet vil gje born og vaksne varietete turopplevingar, sommar og vinter. Pr i dag manglar vegei 4 mill kr. Det vert søkt om midlar i frå fleire hald. Ynskjer garanti på 4 mnok frå kommunen.		
Samfunn og utvikling	R	Kinck jubileum	Komitéen treng midlar til gjennomføring av 150 årsjubileum. Uten midlar frå Kvam herad, vert det begrensa med tiltak som kan gjennomførast	150 000	
Samfunn og utvikling	R	Ingebrikt Vik jubileum	I 2017 er det 150 år sidan Ingebrikt Vik vart fødd. For å gjennomføra jubileum med tilstellingar og ei god markering, er det trong for midlar. Uten offentlege midlar vert det ei mindrfe markering enn det som kan vera ynskjeleg for ein slik stor kunstnar.		150 000

### 3. Rammeområda samla

Heradsstyret i Kvam er opptekne av tenestene kommunen produserer for innbyggjarane. Tenestene er organisert i ulike KOSTRA-tema, som er hovudprioriteringar rådmannen skal styra etter. KOSTRA-tema tek utgangspunkt i KommuneStatRapporteringa. Dette er ei heil rekkje med rapportar som kommunane leverer inn til staten i samband med årsoppgjeret, og er ei kategorisering av dei ulike tenestene kommunane yter. KOSTRA skal gjera det mogeleg å samanlikna kommunar, og t.d. prioriteringa til ein kommune over tid. Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på KOSTRA-tema for Kvam herad.

<b>Hovudoversikt drift 2015-2018, fordelt på Kostra-tema. Tal i 1.000</b>					
<b>Tema (i 1000 kr)</b>	<b>Netto 2014</b>	<b>Netto 2015</b>	<b>Netto 2016</b>	<b>Netto 2017</b>	<b>Netto 2018</b>
Politisk verksemd	4 076	5 298	4 674	4 847	4 624
Adm. og fellesutgifter	29 775	38 508	39 349	39 354	39 349
Barnehagar	63 128	65 438	65 318	63 725	63 725
Grunnskule	149 316	145 077	143 776	144 650	144 650
Kommunehelse	27 421	29 639	29 639	29 639	29 639
Pleie- og omsorgstenesta	179 715	172 543	172 543	172 543	172 543
Sosialteneste og NAV	27 404	28 710	28 710	28 710	28 710
Barnevern	20 208	20 294	20 136	19 979	19 979
Bustader	-2 935	-1 629	-1 560	-1 360	-1 360
Plan	7 618	7 238	7 238	7 238	7 238
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-7 148	-11 396	-11 396	-11 396	-11 396
Brann og ulykkesvern	7 293	7 506	7 506	7 506	7 506
Samferdsle og grøntanlegg	14 828	14 129	14 129	14 129	14 129
Vatn avløp og renovasjon/avfall	-3 150	-5 500	-5 800	-5 700	-5 600
Kultur	12 890	16 795	16 754	16 714	16 714
Kyrkje	5 024	5 261	5 261	5 261	5 261
Skatt og rammetilskot	-517 889	-525 175	-530 875	-530 875	-530 875
Finans	16 343	24 349	32 582	37 022	36 850
Motpost avskrivningar	-33 918	-37 086	-37 986	-41 986	-41 686
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kommunen pliktar å laga ein 4-årig økonomiplan, sjølv om det største premissleverandøren for kommunen sitt budsjett, staten, berre lagar årlege budsjett. I økonomiplanperioden vert difor berre større kjente endringar eller innsparingskrav lagt inn, som auke i lånevdrag på finans, auke i avskrivningar og estimat for innsparingar i barnehage etter ny struktur. Erfaringsmessig skjer det relativt store endringar frå år til år, at det er sjeldan økonomiplan for påfølgjande år = neste års budsjett. Men økonomiplanen gjev ein del retningar og signal for kva som er i vente i t.d. tider med store investeringar, som Kvam herad har hatt.

Tabellen under er den same tabellen som ovanfor, men avskrivningar og sosiale utgifter er trekt ut. Dette vert kommentert for seg. Avskrivningar og sosiale utgifter er del av dei aller fleste KOSTRA-tema, og vert difor svært omfattande å kommentera under kvart tema. Dette utgiftene er difor trekt ut i egne tabellar.

<b>Hovudoversikt drift 2015. Fordelt på Kostra-tema</b>					
Tema (i 1000 kr)	2. tertial 2014		Budsjett 2015		
	Br. utg. 2014	Netto utg 2014	Br. utg. 2015	Netto utg 2015	Endring 2014/2015
Politisk verksemd	4 982	4 076	5 429	5 298	1 223
Adm. og fellesutgifter	39 089	29 775	46 675	38 508	8 733
Barnehagar	76 183	63 128	79 080	65 438	2 310
Grunnskule	166 542	149 316	162 234	145 077	-4 239
Kommunehelse	34 559	27 421	37 342	29 639	2 218
Pleie- og omsorgstenesta	214 234	179 715	209 942	172 543	-7 172
Sosialteneste og NAV	29 188	27 404	30 685	28 710	1 306
Barnevern	21 133	20 208	21 329	20 294	86
Bustader	13 915	-2 935	13 033	-1 629	1 306
Plan	12 971	7 618	15 955	7 238	-380
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	26 768	-7 148	20 544	-11 396	-4 248
Brann og ulykkesvern	9 268	7 293	9 505	7 506	213
Samferdsle og grøntanlegg	18 035	14 828	18 165	14 129	-699
Vatn avløp og renovasjon/avfall	38 302	-3 150	37 509	-5 500	-2 350
Kultur	17 521	12 890	20 601	16 795	3 905
Kyrkje	5 050	5 024	5 278	5 261	237
Skatt og rammetilskot	1 100	-517 889	0	-525 175	-7 286
Finans	52 806	16 343	52 865	24 349	8 006
Motpost avskrivningar	0	-33 918	0	-37 086	-3 168
<b>Sum</b>	<b>781 647</b>	<b>0</b>	<b>786 172</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Brutto utgifter er alle driftsutgifter inkl. finansutgifter, avskrivningar og fondsavsetningar med, men utan refusjonsinntekter som sjukelønsrefusjon. I netto utgifter, er alle utgifter, inntekter og fondsdisponeringar med.

For kvart rammeområde vert dei største endringane kommentert pr. KOSTRA-tema i dette kapitlet. I tillegg er det skrive ein status om kva temaet inneheld av tenester, dei største utfordringane administrasjonen ser for planperioden, og mål for temaet. Målsetjingane er stort sett tekstformuleringar. I løpet av 2015 vil administrasjonen arbeida med å få på plass måltal utover økonomiske budsjettmål for dei enkelte KOSTRA-tema. I budsjettframlegget for 2015 er det teke med eit utval av KOSTRA-tal som administrasjonen meiner er relevante indikatorar for tenesta. KOSTRA-rapporteringa er svært omfattande, og nyttar data frå mange ulike system. For nokre KOSTRA-tema, er tala for Kommune-Noreg endå ikkje gode nok, og det pågår eit arbeid med å revidera KOSTRA. Indikatorane er basert på rekneskapsåret 2013. Meir informasjon om KOSTRA-tala ligg på [www.ssb.no](http://www.ssb.no).

### 3.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015
100 Politisk styring og kontrollorgan	2 715	2 844	2 844	3 650	806
110 Kontroll og revisjon	612	676	676	805	129
Politisk verksemd	3 327	3 520	3 520	4 455	935

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

2015 er valår, som gjev høgare utgifter med sjølve valet og til nye politikarar, totalt 0,75 mnok. Ordførarløn er auka på lik linje med løn for stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersla på 10% av ordførargodtgjersla.

Budsjettforslaget til funksjon 110 samsvarer med innstillinga frå Kontrollutvalet. Revisjon var ute på anbod i 2014, og utgifta stig med 0,13 mnok f.o.m. 2015.

#### Status:

Politisk verksemd er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune. Utgiftene går til løn, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval, og tilskot til politiske parti og grendeutval.

Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for Kontrollutvalet, og revisjonen vert utført av Deloitte.

#### Utfordringar:

Arbeidet med ny kommunereform er i gang. Så langt har det meste skjedd i regi av Hardangerrådet, men reforma vil krevja innsats frå lokalpolitikarar og administrasjon i økonomiplanperioden.

Det er sett ned ei gruppa som arbeider med politisk organisering. Så langt er det klart at talet på heradsstyrerepresentantar framleis skal vera 27. I 2014 vart tenesteutvalet lagt ned, og det er teke omsyn til i budsjettframlegget. Det er elles ikkje lagt inn andre endringar som t.d. samanslåing av Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet i økonomiplanen.

I 2014 vart det vedteke nye etiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad. Gruppa som ser å ny politisk organisering, skal og sjå på nye etiske retningslinjer for heradsstyrepolitikarane.

Det er teke i bruk nytt AV-utstyr og digitale verktøy i heradsstyresalen, men investeringane har vidare potensiale for utvikling. Størst fokus vil gjennomføring av val og ny politikarportal få (invest.prosjekt P18131). Gjennomføring av kommuneval er ei krevjande og omfattande oppgåva, som kjem på toppen av andre arbeidsoppgåver kvart 4. år. Korleis valet skal gjennomførast, har og vorte endra frå statleg hald dei siste åra. Kvam har tilsette med god og lang erfaring, og er i gang med førebuingane.

#### Målsetjing for perioden:

Ferdigstill arbeid med kommunereform innan fristane.

Ferdigstill arbeid med politisk organisering og etiske retningslinjer innan nytt heradsstyre vert konstituert.

Nytta nye verktøy for å forbetra og forenkla politisk sakshandsaming.

Gjennomføra kommune- og fylkeskommuneval i tråd med regelverk.

### 3.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
120 Administrasjon	25 018	27 085	26 291	26 767	476	
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 916	1 303	1 273	1 274	1	
130 Administrasjonslokale	2 008	1 061	1 079	1 763	684	
170 Premieavvik	-1	0	0	0	0	
180 Diverse fellesutgifter	313	343	343	327	-16	
190 Interne serviceeiningar	-485	-636	-654	377	1 032	
<b>Adm. og fellesutgifter</b>	<b>28 769</b>	<b>29 155</b>	<b>28 332</b>	<b>30 508</b>	<b>2 176</b>	

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Funksjon 120 er auka med 0,5 mnok i høve 2014. Auken skuldast bortfall av inntekter på 0,5 mnok til samhandlingsreforma og 0,5 mnok i interne inntekter frå andre funksjonar. På den andre sida er utgiftene redusert med 0,4 mnok for statleg NAV-leiar. Det er overført ei stilling til byggesak og spart inn stilling som assisterande rådmann, men lønsvekst og tilsette som kjem tilbake i mellombelse vakante stillingar, medfører at nettoen vert om lag 0.

Funksjon 121 er i hovudsak byggforsikring og deler av ei stilling til eigedomsforvaltning.

Auken i teneste 130 er ut frå endra estimat for forbruket for 2014 (ikkje budsjett), som er vidareført i 2015-budsjettet og økonomiplanen.

Funksjon 170, premieavvik, er skilnaden mellom innbetalt pensjonspremie og estimert kostnad, og varierer med millionar frå år til år. Premieavviket er trekt ut i eigen tabell for sosiale kostnader.

Funksjon 180 gjeld leige av rettslokale og forsikringar.

Funksjon 190 er ein intern funksjon som skal fordelast ut på dei andre funksjonane i løpet av året. I funksjonen ligg bl.a. lønsjusteringar, fakturaavdelinga, reinhald, samferdsel og FDV. Det meste er fordelt, men det står att 0,4 mnok.

#### Status:

Rammeområdet administrasjon, styring og fellesutgifter er innhaldsrikt og med relativt store variasjonar i løpet av året då nokre av summene vert fordelt på andre tenester i løpet av året. Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, merkantile oppgåver, IKT, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling.

Dei andre funksjonane er omtala ovanfor.

#### Utfordringar:

Ei av dei viktigaste oppgåvene for rammeområdet er å leia og støtta organisasjonen slik at innbyggjarane får så gode tenester som mogeleg, billegast mogeleg. Kvam herad står framfor store utfordringar og må arbeida godt for å redusera kostnader ved nedbemanning og å finna nye inntekter. Den største utfordringa er å få ressursar og tid til å få iverksetja og prioritert utviklingstiltak for å nå viktige mål for Kvam herad, då det er mange krevjande driftsoppgåver.

Gjennomføring av tiltak i digitaliseringsstrategi, gjennomgang av arbeidsprosessar, leiar- og medarbeidarutvikling og er viktig i denne prosessen. Planarbeid er òg svært sentralt, og mange planar er i emning, deriblant revisjon av kommuneplanen.

Kommunereforma vil truleg medføra ein del analysearbeid i perioden.

**Målsetjing for perioden:**

Arbeida vidare med og ferdigstill planar i tråd med planstrategi.  
Oppfølging av tiltak i tidlegare vedtekne planar og strategiar.  
Skapa rom for analyse- og utviklingsarbeid.  
Halda fram med leiar- og medarbeiderutvikling.  
Utarbeida grunnlag for politiske saker av høg kvalitet og i god tid.

### 3.3 Barnehagar

Barnehagar						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
201	Førskule	36 696	36 996	37 126	39 940	2 814
211	Styrka tilbod til førskuleborn	4 240	4 341	4 769	4 423	-347
221	Førskulelokale og skyss	3 634	3 668	4 525	3 761	-765
Barnehagar		44 569	45 005	46 421	48 123	1 702

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

I budsjett 2015 utgjer heilårsverknad av utvida barnehagetilbod over 1 mnok i auka kostander i funksjon 201. Lønnsbudsjettet aukar totalt med 3,1 mnok og tilskot til FUS aukar med 0,6 mnok. I statsbudsjettet er det lagt opp til å auka maksprisen for brukarbetaling med kr. 100,- pr. born/mnd og dette utgjer ei auka inntekt på 0,5 mnok. Budsjett på 0,3 mnok for innreiing og utrusting av midlertidige avdelingar er tatt ut i 2015.

Reduksjonen i funksjon 211 kjem av midlertidige stillingar som er flytta til 201 og meir permanente stillingar som fylgje av det utvida tilbodet.

Funksjon 221 inneheldt i 2014 kostnader til opprigging av modulbygg i Norheimsund og er tatt ut i 2015.

#### Status

I Kvam er det barnehageplass til alle som har rett til barnehageplass etter barnehagelova, men det er likevel 14 barn på venteliste som ikkje har rett til plass.

For barnehageåret 14/15 går fleire av barnehagane med utvida avdelingar og Norheimsund barnehage er utvida med eit modulbygg for å gje fleire barn plass ut frå 1.valet sitt. Likevel er det fleire barn på venteliste til fyrstevalet sitt.

Kvam Herad har framleis ei utfordring med å skaffa nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning som førskulelærar . Pr. oktober 2014 har me 4,26 årsverk på dispensasjon som pedagogiske leiarar fordelt på 9 personar. Om lag halvparten av årsverka på dispensasjon er knytt til 20% og 30% stillingar grunna førskulelærarar som har delvis permisjon.

Kompetanseheving av faglært og ufaglært personale er viktig for å sikra ein god barnehage. Kvam herad har lagt vekt på eigne samlingar/kurs for ufaglært pedagogisk personale og kommunen har eit system for veiledning og oppfølging av nyutdanna førskulelærarar. Det blir gjennomført kursdagar, ulike nettverkssamlingar og kompetanseheving i samarbeid med fylkesmannen og høgskulen i Sogn og Fjordane både for faglærte og ufaglært pedagogisk personale.

Gjennom tidleg innsats, kompetanseheving og godt systemarbeid klarer me å gje borna ein god barnehagekvardag. Det ligg gode planar til grunn for drifta av barnehagane.

Støttesystem barnehagar; førskulelærarar, spesialpedagog og logoped jobbar med tidleg innsats i barnehage. Dette er eit lågterskeltilbod som arbeider både på individ- og systemnivå. Dei driv tiltak som språkgrupper, skoggruppe og hjelper barnehagane med kartlegging. I tillegg leier dei lærande nettverk for tilsette i barnehagane. Her vert det arbeida systematisk med rettleiing og styrking av personalet i barnehagane med mål om å fanga opp barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit

tidleg stadium. Barnehagane sitt støttesystem og tidleg-innsats-arbeid er utarbeidd av barnehageeigar, styrarane, støttesystem barnehagar (tidlegare fagteam) og PPT.

Det er 25 born i barnehage som får hjelp av PPT. 11 av desse borna har spesialpedagogisk hjelp etter § 5.7 i opplæringslova. PPT har eit særskild ansvar for oppfylging og rettleiing kring desse borna. 7 av desse borna får behandling og oppfylging av kommuneløped, medan like mange får rettleiing via lågterskellogoped.

Med utgangspunkt i barnehageplanen 2012-2016, arbeider styrargruppa og barnehageeigar med å laga ein overordna handlingsplan for barnehage som konkretiserer korleis barnehagane skal jobba for å nå måla i den overordna planen. Handlingsplanen skal vera ferdig i 2015.

Det har vore ein svært positiv nedgang i sjukefråvær i barnehage. I 2013 var det sjukefråværet på 10,26 % og til september i 2014 er det på 5,18.

Det er framleis ei utfordring med å få tak i nok vikarar, og då spesielt i ytterkantane av kommunen. Det vert arbeida med løysingar for om mogleg å oppretta fleksible stillingar for å avhjelpa situasjonen i indre og ytre strøk.

I juni 2013 vart det vedteke ny struktur for barnehage, med endeleg godkjenning av økonomisk ramme i september 2014. Tørvikbygd barnehage skal ferdigstillast fyrst og stå ferdig våren 2016. Strandebarm, Bjørketeigen 2 og Norheimsund skal ferdigstillast fortløpande etter at Tørvikbygd er ferdig.

#### **Utfordringar**

- Å gje alle barn barnehageplass ut frå fyrstevalet sitt
- Å skaffa nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning som førskulelærar  
Det blir viktig å halda fram arbeidet med å sikra fleire førskulelærarar til barnehagane. Det er mange førskulelærarar som søker seg over i skulen. Grunnane er m.a. høgare løn, arbeidstidsordningar og arbeidsoppgåver.
- Sikra fleire menn i barnehagen. Frå statleg hald blir det satsa på å få fleire menn til å velja barneutdanning ved å tilby gutar på ungdomsskuletrinnet praksis i barnehage etter skuletid og i feriar. Dette vert prøvd ut i Bjørketeigen barnehage i løpet av 2015 med støtte frå Fylkesmannen.
- Lågare bemanning er ei utfordring og dei små barnehagane er meir sårbare enn dei store. Barn i dag har det godt materielt sett. Dei treng framleis god tid saman med vaksne for nærleik og omsorg.
- Det er behov for oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk.
- Barnehagane opplever det som ei utfordring med generelt vedlikehald og system for oppfylging frå FDV.
- Skaffa tilstrekkeleg med vikarar i indre og ytre deler av kommunen, spesielt ved kortidsfråvær.

### Målsetjing for perioden:

- Fortsetja arbeidet med tidleg innsats i tråd med satsinga i økonomiplanen 2013-2016
- Rekruttera og behalda førskulelærarar og fagarbeidarar.
- Vurdera fleksible stillingar for å avhjelpa vikarsituasjonen i indre og ytre strøk.
- Jobba systematisk på alle nivå i barnehagane med å få ned sjukefråværet i samarbeid med Grend.
- Gjennomføra strukturendring, bygging av nye barnehagar.
- Sikra at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk. Sjå dette i samanheng med prioriteringar i Digitaliseringsstrategien.
- Ferdigstill arbeid med handlingsplan for barnehage
- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL . Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.
- Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagane, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle barnehagar. PPT og støttesystem er barnehagane sine rådgjevarar i dette arbeidet, men det er barnehagane som eig og skal ivareta systemtenkinga.

### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostragruppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	86,4	90,6	90,8	90,8	90
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	57	53	57	54	54
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	81,5	89,1	94,7	88,4	87,3
Andel assistenter med barne- og ungdomsarbeiderfag, barnehagelærer- eller annen pedagogisk utdanning	28,8	32,3	29,1	30,2	28,5
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, kommunale barnehager	13 493	12 764	13 204	13 001	13 034
Brutto driftsutgifter til styrket tilbod til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	99 897	68 725	62 645	61 037	55 030
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbod til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	13,8	14,7	15	16,4	18,3
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage	482 833	449 950	744 174	448 814	476 209

### 3.4 Grunnskuleopplæring

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
202	Grunnskule	79 960	83 347	82 267	85 036	2 769
213	Vaksenopplæring	3 655	4 802	4 886	5 180	294
214	Spesialskular	0	0	0	0	0
215	Skulefritidstilbod	1 606	1 634	1 646	1 454	-191
222	Skulelokaler	8 826	10 553	10 698	6 881	-3 817
223	Skuleskyss	3 121	3 250	3 250	3 250	0
383	Musikk- og kulturskular	3 377	3 827	3 688	4 146	458
Grunnskule		100 545	107 412	106 434	105 946	-488

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

I budsjett 2015 er det heilårsverkand på innsparingskrav vedtatt frå hausten 2014, mens innføring av valfag i 10. klasse og tidleg innsats reduserer nettoeffekten. Auken i funksjon 202 elles kjem av lønsjustering og kurs (0,3 mnok), totalt ein auke på 2,8 mnok.

Det er forventa ein reduksjon på 0,8 MNOK i øyremarka tilskot frå staten grunna lågare stipulert mottak av flykningar som treng opplæring. Reduksjon i utgifter på til saman 0,3 mnok, gjev ein total auke på 0,3 mnok.

I skulefritidstilbodet er det budsjettert med ca. 0,2 MNOK netto i auka inntekter, i samsvar med reelt inntektsnivå i 2014.

Talet på skular er redusert, og investeringsprosjekt har redusert vedlikehald av skulelokale, funksjon 222. Det er store variasjonar i byggvedlikehald i løpet av eit år, så det er vanskeleg å estimera kor mykje dei enkelte byggfunksjonane endar opp med.

I Kulturskulen er det 0,3 årsverk i stillingsauke etter at ein tilsett er tilbake frå permisjon, i tillegg til lønsvekst.

#### Status:

Skule og PPT er i gang med det omfattande endringsarbeidet i høve *Inkluderande læringsmiljø*, med reduksjon av tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning, og oppbygging av støttesystem på alle skular som skal ivareta ei god og tilpassa opplæring for alle. Det krev stor innsats for å få dei nye støttesystema i skulen til å fungera best mogleg og finna ei form som kjem elevane til gode. PPT har ei viktig rolle i dette endringsarbeidet, og er tett på skulane og utviklinga av støttesystema. Det vert arbeida med stor glød for å få det til på ein god måte. Som i alt endrings- og utviklingsarbeid så tek det tid og ein møter hindringar undervegs, men innsats og giv er upåklageleg blant alle dei involverte. Det er svært viktig med kontinuitet og langsiktig tenking for å sikra rettane til elevane på ein god måte. Samarbeidet mellom skule og PPT er svært godt og heilt avgjerande for at endringa skal lukkast. PPT sin organisering av tidleg innsats i skulen frå skuleåret 2013-2014 er no organisert inn i dei nye støttesystema. KOSTRA tal for 2013 visar tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning på 15,6 %, mens pr. oktober 2014 er talet 7,6 %. Dette har me fått til fordi midlane frå

spesialundervisninga er brukt til å byggja gode støttesystem. Det er svært viktig at dei elevane som ikkje har vedtak lengre vert følgt særskilt opp. Støttesystemet skal dekke desse elevane, dei elevane som framleis har vedtak og dei med utfordringar som kan takast i vare her utan vedtak. Målet er at arbeidet med Inkluderande læringsmiljø skal koma alle elevane til gode. Elevantal ved skulestart hausten 2014 var 1019 mot 1029 i 2013. 201 elevar er tilvist PPT, og får særskild utgreiing, oppfølging og rettleiing.

PPT arbeider i tråd med heradstyrevedtak frå 18.12.12 og i samsvar med nyare forskning og nasjonale føringar for korleis PPT skal driva tenesta si.

Kvammaskulen si satsing på Vurdering for læring( VFL) og ungdomstrinnsatsinga Skulebasert kompetanseutvikling( SKU) er i full gang denne hausten. Dette utviklingsarbeidet skal sjåast i samanheng med endringsarbeidet over, og er ein del av kompetansehevinga for å styrka den tilpassa opplæringa. Det er lagt vekt på kompetanseheving for assistentane, med eigne samlingar i regi av VFL og SKU. Kvam herad driv og systematisk rettleiing og oppfølging av nyutdanna lærarar dei to første åra dei er i arbeid, slik at dei vert trygga i møte med praksisfeltet.

Det er utarbeida ein plan for arbeidet med § 2-8 i opplæringslova: Særskilt språkopplæring for minoritetspråklege elevar i grunnskulen i Kvam. Denne vert arbeida med i kartlegginga av desse borna sine språkferdigheiter.

Skulane arbeidar og med å implementera det nettbaserte programmet VOKAL, som er eit system som samlar og samanstillar vurdering og kartlegging, slik at læraren kan gje tilpassa opplæring og betre oppfølging av den enkelte elev.

Skuleeigar og skuleleiinga skal implementera PULS i løpet av skuleåret. Det er eit nettbasert verktøy for kvalitetsvurdering, som skal styrka skulen sin kapasitet ved å bruka data på måtar som skapar kollektiv innsikt og engasjement.

Forvaltningsrevisjonsrapporten frå Deloitte, om tilpassa opplæring og spesialundervisning i Kvam, skal handsamast i heradstyret i vinter. Det vert arbeida godt med dei tilrådingane som er gjeve, både i skulen og PPT.

IKT i skulen er eit område som ligg langt under ønska tilstand. Det vert jobba intenst for å gjera det beste ut av det som er i skulen i dag, mellom anna gjennom jamlege møte mellom IKT-avdelinga og IKT-ansvarlege ved skulane. Dette har utvikla seg til eit positivt samarbeid. Det er tett samarbeid med IKT-avdelinga om oppretting av sikker sone for elektronisk lagring av mapper og dokument for dei elevane som er i støttesystemet.

For å kunne følgja den digitale utviklinga i samfunnet elles, og nytta digitale pedagogiske verktøy, så er det sterkt behov for oppgradering av maskinparken, digitale tavler og anna digitalt utstyr, samt opplæring i bruk av pedagogisk programvare, både i grunnskulen og i vaksenopplæringa.

Vaksenopplæringa vidareutviklar det lovpålagte tilbodet om grunnskuleopplæring. Fylkesmannen har påpeika at Kvam må synleggjera tilbodet, og vaksenopplæringa har gjennom betra informasjon fått fleire elevar som ber om og har rett til grunnskuleopplæring.

### **Utfordringar:**

Den overordna utfordringa i Kvammaskulen er å oppretthalda den gode innsatsvilja og gløden for alt endringsarbeidet, utviklingsarbeidet og implementeringsarbeidet som går føre seg i dag. Slikt arbeid er svært krevjande og det er naudsynt med ståpåvilje og mot, samt oppleving av at innsatsen gjev resultat og vert verdsett.

- Utvikla støttesystemet i skulen slik at det fungerer slik målsettinga er, gjennom kompetanseheving og gode strukturer.
- Sikra at elevane får den opplæringa dei har rett på gjennom det nye systemet, og sikra at endringsarbeidet faktisk inkluderer alle elevane.
- Oppretthalda og vidareutvikla det gode samarbeidet mellom skule og PPT.
- Sikra at VFL og SKU sett tydelege spor i opplæringa til elevane.
- Skulane arbeider systematisk med handlingsplan mot mobbing, § 9A i opplæringslova.
- Utarbeiding av prosedyrar for gjennomføring og oppfølging av elevundersøkinga og nasjonale prøver.
- I Kvammaskulen er det eit aukande tal minoritetsspråklege elevar, og i tal me ligg over landsgjennomsnittet med Oslo. Det er svært utfordrande å implementera planen for arbeidet med § 2-8 i opplæringslova: Særskilt spåkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen i Kvam.
- Utvikling av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med Kvam Familie og Læringscenter KFL.
- Det er og naudsynt å utvikla system for realkompetansevurdering.
- Aukande tal vaksne med rett til grunnskuleopplæring.
- Manglande og utdatert utstyr innan IKT i skulen.

### **Målsetjing for perioden:**

- Inkluderande læringsmiljø: Sikra at endringsarbeidet lukkast.
  - Vidareføre det målbevisste arbeidet for å senka tal vedtak om spesialundervisning, styrka tilpassa opplæring, og ta i vare alle elevane i eit inkluderande læringsmiljø.
  - Vidareutvikla støttesystemet ved skulane, og samarbeidet mellom PPT, skule og skuleeigar.
  - Fokusera vidare på utviklingsarbeidet gjennom VFL og SKU, for å styrka den tilpassa opplæringa. Det er eit mål at både lærarar, elevar og foreldre innan 2 år kan seie at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring, og at dei har tileigna seg grunnleggjande dugleikar og strategiar for lesing i alle fag.
- Sosialt miljø:
  - Følgja opp skulane sine handlingsplanar i arbeidet med nulltoleranse mot mobbing.
  - Sjå det sosiale miljøet i samanheng med eit inkluderande læringsmiljø.
- Prioritera satsing på IKT i skulen, som første steg av satsinga i tråd med digitaliseringsstrategien:
  - Dobla tal elevmaskinar på 5. til 10. steg, og i vaksenopplæringa.
  - Digitale tavler på alle skulane.
  - Opplæring i digital programvare.
  - Textpilot til alle som treng det.

- Utvida tilbudet om grunnskuleopplæring i vaksenopplæringa.
- Vidareutvikla system for kvalitetsoppfølging i skulane, følgja opp arbeidet med 1310.no og implementera VOKAL og PULS.
- Utarbeida prosedyre for gjennomføring og evaluering av elevundersøkinga og nasjonale prøver.
- Utarbeida introduksjonsprogram for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med KFL.
- Implementera plan for arbeidet med § 2-8 i opplæringslova: Særskilt spåkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen i Kvam.
- Utarbeida system for realkompetansevurdering.
- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL .Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.
- Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i skulane i Kvam, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle skular. PPT har til no vore mest aktive i omstillingsarbeidet på systemplan, men framover skal Kvam Familie- og læringssenter vera skulane sine rådgjevarar i dette arbeidet.

#### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostra- gruppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	97 645	86 054	79 285	79 216	78 784
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	6 722	5 007	3 583	3 570	3 893
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring (213), per innbygger	627	248	138	166	193
Andel elevar i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	7,7	3,8	6,6	5,7	7,5
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	15,6	9,5	8,1	8,4	8,3
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen	1 460	1 624	1 374	1 378	1 357
Driftsutgifter til inventar og utstyr (202), per elev i grunnskolen	385	903	792	840	892
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	11,2	12,3	14	13,5	13,7
Andel elevar med direkte overgang fra grunnskole til vidaregående opplæring	99,1	98	98,6	98	97,8
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	40,3	..	40,3	40	40

### 3.5 Kommnehelse

Kommnehelse						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
232	Førebygging - skule og helsestasjonsteneste	4 128	5 426	5 374	7 640	2 267
233	Anna førebyggjande helsearbeid	2 687	3 192	3 137	3 462	325
241	Diagnose, behandling, rehabilitering	12 417	13 446	13 422	12 791	-631
Kommnehelse		19 232	22 065	21 932	23 893	1 961

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Helsestasjonen, funksjon 232, er utvida med 1 årsverk for ny jordmorstilling i henhold til Tenesteavtale 8 om samhandling innan svangerskap- fødsels- og barselomsorga.

Den største endringa som ligg inne, er ein auke på 1,4 mnok i reinhaldsutgifter. Dette er ei utgift som er prosentvis fordelt. Prosenten er for høg til denne funksjonen, og vil verta korrigert i 1. tertial 2015 etter ein gjennomgang av nivået for 2014.

Funksjon 233 har ein lønsauke på 0,8 mnok som fylgje av at permisjon til folkehelsekoordinator er avslutta og auke i stillingsprosent i sals- og sjenkekontroll. Auken i sals- og sjenkekontroll vert finansiert med auka inntekter, og i tillegg gjev reduserte utgifter ein netto på 0,3 mnok.

Funksjon 241 hadde ei vakant stilling i budsjettet for 2014, denne er ute i 2015, ein netto reduksjon på 0,6 mnok.

#### Status

Tenestene under Kommnehelse i KOSTRA- samanheng er organisert i einingane helse- og omsorg, oppvekst og samfunn-utvikling. Tenestene er:

#### Folkehelse:

Frå 2008 har Kvam hatt partnerskapsavtale om folkehelse med Hordaland fylkeskommune.

Det har vore tilsett folkehelsekoordinator for å følgje opp dette arbeidet. Oversikt over folkehelsa i Kvam, eit grunnlagsdokument for vidare arbeid med nye planar, er under arbeid.

Folkehelsekoordinator er organisert i eining for samfunn og utvikling. Tidlegare var folkehelseansvaret lagt til helseavdelinga. Med nytt lovverk frå 01.01.2012 er ansvaret flytta slik at det er kommunen og ikkje helsetenesta åleine sitt ansvar. Kommunen skal fremja folkehelse innan sine oppgåver og ta i bruk dei verkemiddel vi er tillagt, til dømes ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kvam har i fleire år arbeidd med folkehelse, og det er etablert mange gode folkehelseiltak.

Det er også eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar om fleire av tiltaka.

Kvam deltek i nettverk for folkehelse i Hardanger og Voss. Målet er å utvikle folkehelsearbeidet i heile regionen i tråd med lova og til beste for innbyggjarane.

Kvam herad har vore utan folkehelsekoordinator i 2014, i frå 01.01.2015 vil folkehelsekoordinator vera på plass att organisasjonen i 100% stilling. Arbeidet med det tverrsektorielle folkehelsearbeidet vert då intensivert i heile organisasjonen.

#### Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Helsestasjon og skulehelsetenesta er ei lovpålagt tenesta til alle born og unge, og til gravide som ynskjer å gå til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon.

Leiande helsesøster har hovudansvar for dette arbeidet. Tenesta har base ved Norheimsund helsestasjon, Tingbakken, med utekontor i Strandebarm, Ålvik og Øystese.

Primæroppgåva er helsestasjon – og skulehelseteneste for born og unge, 0 – 20 år, der ansvarsområdet spenner seg frå svangerskap og spedbarnstid til barndom og ungdomstid.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er sentrale i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Helsestasjon har også mykje arbeid knytt til smittevern og influensavaksinering. Kommunen har også eit godt tilbod om reisevaksine .

Helsestasjonen har ein unik posisjon ved at ein kjem i kontakt med nær alle familiar med små barn.

Helsestasjonstilbodet er eit allment retta program, i tråd med den norske velferdsmodellen, men det vert også gjort mange tilpassingar ut i frå foreldra og barna sine forutsetningar og behov. Gjennom innvandring har befolkninga blitt meir mangfaldig, og dialogen mellom helsesøster og foreldre står framfor nye utfordringar. Studiar viser at barn og foreldre med lav sosioøkonomisk status også har fleire helseproblem og kommunikasjonsutfordringar i møte med helsetenesta.

For at tenesta skal fungere som planlagt, er det viktig at kommunen sørgjer for at tilbodet er tilgjengeleg for målgruppa, og at dei tilsette har nødvendig kompetanse og ressursar. Helsestasjon og skulehelsetenesta skal vera eit tilbod som det er enkelt å oppsøkje.

Gjennom kontakten med nær alle familiar, barn og ungdom sikrar tenesta heile befolkninga eit tilbod om vaksiner, helseundersøkingar og informasjon om korleis ein skal førebyggja sjukdom og skader, og støtte til mestring og positiv utvikling.

#### Fysioterapi- og ergoterapitenesta:

Leiar for avdelinga har base i "Helsebanken" i Øystese. Det vert gjeve tilbod om fysioterapi i alle soner. Fysioterapeutane utøver både førebyggjande, kurative og rehabiliterande tenester for aldersgruppa 0-100 år. Barnefysioterapi er ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta. Tenesta er organisert med kommunale fysioterapeutar ( primært for barn, funksjonshemma og eldre) og kurative tenester (primært av privatpraktiserande med driftstilskot frå kommunen) på institutta. Ergoterapitenesta har oppgåver i alle aldersgrupper og gjev tilbod både i heimane og på Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling.

#### Kommunepsykologtenesta:

Kommunepsykologtenesta for barn, unge og familiar er etablert som fast teneste i Kvam.

Jondal kommune kjøper kommunepsykologteneste frå Kvam.

I tillegg til individretta arbeid og veiledning, har tenesta eit medansvar for utvikling av tverrfaglege samhandlingsmodellar og befolkningsretta tiltak innan helsefremming og førebygging.

#### Kommuneoverlege:

Kommuneoverlegen sin rolle er lovheimla i helse- og omsorgslova, folkehelselova og smittevernlova. Kommuneoverlege er organisert i stab i eining helse og omsorg.

I tillegg til dei lovheimla oppgåvene som gjeld medisinsk fagleg rådgjeving, beredskap og smittevern har kommuneoverlegen oppgåver knytt til samhandling med andrelinetenesta og interkommunalt samarbeid.

Legetenesta og legevakt er organisert under kommuneoverlegen, som har ansvar for oppfølging av avtalar om kurative tenester og offentlege allmenntedisinske oppgåver.

#### Legetenesta:

Kvam har 10 fastlegar med varierende listestorleik. Legekontora i Ålvik, Øystese og

Norheimsund er privatdrivne med tilskot frå kommunen. I Strandebarm driv kommunen legekontoret som utekontor, dvs. at kommunen har utgifter og inntekter ved kontoret og kjøper legetenester hjå 5

privatpraktiserande legar.

Toloheimen har heiltidstilsett sjukeheimslege. Ved Øysteseheimen og Strandebarmheimen er det sjukeheimslege i deltidstillingar.

#### Legevakt:

Kvam legevakt er lokalisert i nye lokale ved Toloheimen, samlokalisert med Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling, lokale til polikliniske spesialisthelseteneste og ambulansestasjon. Kvam legevakt er tilgjengeleg for publikum på kveldstid og i helg og høgtid.

På natt er det interkommunal legevakt på Voss i samarbeid med fleire kommunar i Voss sjukehusområde. På dagtid dekkjer fastlegekontora kvar si sone.

Det er for tida avtale om 10 delt vakt i Kvam. Interkommunalt har Kvam ansvar for kvar 6.kvar natt på Voss.

Frå 01.01.2014 er Kvam legevakt ein av 3 legevaktstasjonar i Hardanger og Voss legevaktstrukt med felles legevaktssjef, eigentleg i 50% stilling, men vertskommunen har ikkje greidd å rekruttere lege i så stor stilling enno. Dette har også stoppa opp etablering av ØH- seng i Kvam då vi skulle ha vår ØH-seng på natt på Voss.

#### **Utfordringar:**

##### Folkehelse:

Utfordringa for det kommunale folkehelsearbeidet vert å fylgja opp kommunen sitt ansvar i folkehelselova. Alt me skal gjera skal vera med å fremme innbyggjarane si helse, trivnad, gode og sosial og miljømessige tilhøve og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale skilnader og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Auka kunnskapen om og forståelsen for folkehelse og folkehelseansvaret i den kommunale organisasjonen. Etablere eit meir systematisk og langsiktig samarbeid med både private og frivillige aktørar i folkehelsearbeidet.

Ferdigstill og kontinuerleg ajourføra grunnlagsdokumentet om folkehelseutfordringane i Kvam med fokus på påvirkningsperspektivet.

Barn med fedmeproblematikk er ei aukande utfordring også i Kvam, og det er viktig med meir systematisk arbeid på dette området.

##### Helsestasjon og skulehelsetenesta:

- Befolkninga i Kvam herad er mangfaldig og det bidrar til eit aukande behov for å gje tilrettelagte tenester slik at alle familiar uavhengig av bakgrunn og sosioøkonomisk status får ei likeverdig behandling og eit godt tilbod.
- Det er forslag om å leggja nye oppgåver til helsesøstrene og jordmor f.eks. skriva ut prevensjon til alle kvinner for å få ned aborttala
- Setja av tilstrekkeleg med ressursar til skulehelsetenesta, for å verta meir tilgjengeleg for elevane og sikra eit nært samarbeid med lærarane og skulen si leiing.
- Rekruttering av helsesøster og jordmor som bur i kommunen vår i framtida.
- Sikra nok med ressursar til kompetanseheving
- For liten kapasitet og for liten hastigheit på server, som våre dataprogram er knytt til. Fører til forsinka journalføring og svært lite effektivitet i periodar. Dette er ei stor utfordring i ein travel kvardag.

### Fysioterapi- og ergoterapitenesta:

Tenesta har fått nye oppgåver i samband med innføring av Samhandlingsreforma. Tidleg utskriving til heim og institusjon medfører fleire oppgåver også for fysioterapeutane og ergoterapeutane.

Fysioterapi og ergoterapi er viktig for at brukarane kan oppretthalde best mogeleg funksjonsnivå slik at flest mogeleg kan bu heime lengst mogeleg. Målet er hjelp til sjølvhjelp slik at flest mogeleg kan ta ansvar for eiga helse.

Dersom helse og omsorg skal starte med kvardagsrehabilitering er det behov for auka ressursar i tenesta til denne oppgåva.

### Kommuneoverlege, legetenesta og legevakt:

Det vert arbeidd vidare med oppfølging av lovverket frå 2012:

Frå 1.1.2012 vart ny helse og omsorgslov, ny folkehelselov og Samhandlingsreforma iverksett.

Frå 1.1.2013 vart ny forskrift om fastlegeordninga iverksett.

Frå 1.1.2013 vart ny forskrift om fylgjeteneste for gravide iverksett.

Tenesta ventar framleis på ny forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Kommunane i Hardanger og Voss har sendt inn felles høyringsnotat. Vi ventar at forskrifta trer i kraft i løpet av 2015. Den reviderte forskrifta presiserer og forsterkar fleire tydelegare krav til kommunane, mellom anna vert det krav om akutthjelparordning, uttrykningsplikt for legar, svartid på legevakta og auka kompetansekrav hjå tilsette.

Samhandlingsreforma vart innført 1.1.2012 og kommunen har hatt medfinansieringsansvar for ein del sjukehusenester, både innleggingar, polikliniske tenester og dagtilbod.

Medfinansieringsordninga vert avvikla 1.1.2015.

Det er utarbeidd nye samarbeidsavtalar mellom første og andrelinetenesta, gjeldande frå 01.07.2012.

Fastlegane og legevaktslegane har ei sentral rolle både ved innlegging i og utskriving frå sjukehus saman med sjukeheimslegane.

Nytt nødnett skal innførast 2. halvår av 2015. I samband med innføringa vert det ein del arbeid knytt til opplæring, installering og drift som medfører kommunale kostnader.

### Rekruttera og behalda:

Innan rammeområdet kommunehelse har bemanninga stort sett vore stabil i mange år, og me har greidd å rekruttera til dei fleste nye ledige stillingane. I 2014 vart det ferdigforhandla særavtale med legane om legevakt og fleire av dei eldre legane er med vidare i legevaktordninga.

### Kompetanse:

Fleire fysioterapeutar har vidareutdanning innan ulike spesialområde. 2 har gjennomført vidareutdanning i barnefysioterapi, 1 i rehabilitering og 1 er i gang med vidareutdanning i fysioterapi for eldre. 1 ergoterapeut er i gang med vidareutdanning i kvardagsrehabilitering.

9 av fastlegane er spesialistar i allmenntmedisin. Den eine som manglar spesialiteten er ferdig spesialist i allmenntmedisin første halvår 2015. Ei ny spesialutdanning innan legevaktmedisin for sjukepleiarar er starta i Bergen. Ein av sjukepleiarane på legevakta har gjennomført denne utdanninga. Det er ynskjeleg å vidareutdanna alle sjukepleiarane våre ved legevakta i denne spesialiteten.

### Prosjekt Lokalmedisinsk senter på Toloheimen:

Lokalmedisinsk senter på Toloheimen vart offisielt opna 02.11.12. Lokalt hjelpemiddel-lager, legevakt og ambulansetasjon flytta då inn i nye lokale. Rehabiliterings – og behandlingsavdelinga var starta opp tidlegare. Det pågår arbeid med planlegging av ØH tilbod i avdelinga. 2 kontor er tekne i bruk av spesialisthelsetenesta. Frå 4.11.13 vart det starta med dialyse ved Kvam Rehabiliterings- og Behandlingsavdeling. Lærings og meistringsoppgåver og frisklivstilbod er også planlagt tenkt til det lokalmedisinske senteret. Det er laga plan for vidare utvikling av senteret.

### Målsetjing for perioden:

Hovudmålet i 2015 er å tilpassa seg best mogeleg krava i nye lover og forskrifter, ta vare på fagfolka og tilby kompetanseheving slik at dei kan gje tenester med god kvalitet til brukarane og verta verande i kommunen.

Vidareføring av prosjekt lokalmedisinsk senter på Toloheimen med ny legevakt, ambulansestasjon, hjelpemiddellager, vidareutvikling av Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling med oppstart av ØH- seng, dialyse, lærings- og meistringskurs lokalt og frisklivsarbeid er viktige mål i komande år.

Vi arbeider også for å få fleire polikliniske aktivitetar knytt til lokala på Toloheimen.

Samhandlingsreforma legg opp til meir vektlegging av tidleg intervensjon og førebygging.

Vi tek mål av oss til å utvikla dette arbeidet ytterlegare, gjerne i samarbeid med nabokommunane våre.

I løpet av første halvår av 2015 skal grunnlagsdokumentet, «Oversikt over folkehelse i Kvam herad» vera på plass og det skal vera grunnlaget for kommunen si vidare prioritering av viktige folkehelseiltak i økonomiplanperioden.

Ny organisering må tilpassast plan for helse- og omsorg, plan for førebyggjande arbeid, bustadplan og plan for integrering.

- Auke jordmorstilling slik at Kvam herad kan fylgja opp jmf. samhandlingsreforma. Nyfødde born kjem heim tidlegare enn før. Dette vil alt i 2015 føra til at helsesøster/jordmor bruker meir tid til oppfølging i tidleg fase. Det vert 6-8 timars liggetid på den nye fødeavdelinga på Haukeland.  
  
Tenesteavtale 8 er godkjend av heradstyret. Avtalen inneber at jordmor skal tidleg heim til alle nyfødde innan 1 – 3 dag + eit besøk til ekstra til dei som treng det. Helsestasjonen skal og etter tenesteavtal 8 verta ammekyndig helsestasjon noko som inneber kompetanseheving for å verta godkjend.
- At me skal klara å utføra dei lovpålagte tenestene til born og unge i kommunen vår, og at me har ein god helsestasjon -og skulehelseteneste i Kvam.
  - Elevane si bedriftshelseteneste(skulehelsetenesta) må sjåast i samanheng med det nye støttesystemet på skulane slik at me sikrar eit samordna og heilheitleg tenestetilbod.
  - Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom KFL. Intensjonen med å etablere Kvam familie- og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.»
- Alt digitaliseringsverktøy skal fungere optimalt
- Rekruttere og behalde helsesøstrer og jordmor i framtida.
- Gjennomføra kompetanseheving og oppretthalde høg fagleg kompetanse
- Delta i tverrfagleg kompetanseheving jmf. KFL sin kompetanseplan.
  - Kjennskap til ansvarsområda til alle fagområda i KFL og deira lovverk.

- Kunnskap om definisjonar på tverrfagleg tilnærming og førebygging
- Haldningsarbeid: eigenutvikling med fokus på tverrfaglig samarbeid.
- Kunnskap til å identifisera friskfaktorar/ risikofaktorar og tidleg skeivutvikling.

#### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostragruppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	8 759	7 885	6 046	6 894	6 825
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2 257	2 033	1 748	1 896	1 939
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	100	86	89	85	81
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	100	99	98	99	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	88	94	100	96	95
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	97	94	96	94	93
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	98	97	86	92	91
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	69,4	70,7	58	59,6	57,7
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte. Funksjon 232	85,1	78,1	45,2	52	47,9
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	9990	9126	6531	7544	7442

	1238 Kvam	EKG11 Kostragruppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	12	11	10	10	10
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13	9	9	9	9
<b>Produktivitet/Enhetskostnader</b>					
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241, konsern	3 704	3 169	2 654	2 740	2 711
<b>Re-/habilitering</b>					
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	2	3	4	3	3
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	10	12	12	12	11
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	6	3	4	3	3
<b>Fastlegeregisteret</b>					
Gjennomsnittlig listelengde	899	1 000	1 175	1 125	1 150

### 3.6 Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenesta						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
234	Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 911	7 041	7 005	7 495	491
253	Helse- og omsorgstenester i institusjon	50 766	51 283	51 313	52 633	1 319
254	Helse- og omsorgstenester til heimebuande	55 806	60 423	59 529	61 567	2 038
255	Medfinansiering somatiske tenester	9 105	9 756	9 756	0	-9 756
256	Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	13	0	0	0	0
261	Institusjonslokaler	4 351	3 901	3 428	2 624	-805
Helse- og omsorgstenesta		126 953	132 404	131 031	124 318	-6 713

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Helsedirektoratet gjev eit nytt tilskot på kr 0,9 mnok for dagaktivitetstilbod til menneske med demens, funksjon 234. På den andre sida har utgifter til støttekontaktar vore underbudsjettet med 0,6 mnok og utgifter til aktivitetstilbod auka med 0,9 mnok. Mindre utgiftsreduksjonar gjev ein netto på 0,5 mnok.

Det er ein netto lønnsauke i funksjon 253 på 1,3 mnok. Lønnsutgiftene auka med 2,3 mnok der 1 mnok er auke til ny ressurskrevjande brukar, medan lønnsutgiftene er redusert med 1 mnok for ekstra midlar i 2014-budsjettet. Det er ein auke i overføring til staten på 1 mnok til utskrivingsklare pasientar, og tilsvarande auke i sals- og refusjonsinntekter på 1 mnok til bl.a. kreftkoordinator og dialyse.

Funksjon 254, heimebuande har ein lønsvekst på 2,3 mnok og auka salsinntekter på 1,2 mnok. Medfinansiering somatiske tenester for kommunar er fjerna i statsbudsjettet frå 2015, funksjon 255. Funksjon 261 er redusert med 0,3 mnok i redusert prosentvis fordeling av reinhaldsutgifter, og ei rekkje mindre utgiftsreduksjonar på til saman 0,5 mnok.

#### Status:

Følgjande avdelingar er organisert i eining helse og omsorg: Stab og forvaltning, Pleie og omsorg, Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling, Nav og Helse ( helse = avdeling rus og psykisk helse, ergo-fysioterapitenesta og legetenesta, inkl. legevakt).

I KOSTRA-samanheng er fysioterapitenesta og legetenesta omtala under området Kommnehelse og NAV under området Sosialtenesta og NAV.

Samhandlingsreforma, ny Helse- og omsorgslov og ny Folkehelselov gjev føringar for korleis helse og omsorgstenesta skal organiserast, og kva oppgåver som skal løysast på kva nivå.

#### Stab og forvaltning:

Avdeling stab og forvaltning vart etablert i 2013 og har kontor på Toloheimen. Primæroppgåva er sakshandsaming av søknader. Vidare har avdelinga oppgåver knytt til formidling av Husbanktenester, post, arkiv, merkantile oppgåver og IT i helse og omsorg. Koordinerande eining i Kvam er lagt til denne avdelinga. Avdelinga organiserer også privat avlastning for funksjonshemma barn.

#### Pleie og omsorg:

Avdeling pleie og omsorg har ansvar for å gi individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom ulike heimetenester og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med psykisk utviklingshemming og personar med psykiske vanskar.

Tenesta vert leia av pleie- og omsorgsleiar og er organisert i 14 grupper: 2 i Strandebarm, 5 i Norheimsund, 6 i Øystese og 1 i Ålvik. Det er dagtilbod på Øysteseheimen, Strandebarmheimen og i Ålvik omsorgsbustader. Kvam har sidan tidleg 90-tal arbeidd målretta for å utvikla tenesta i tråd med sentrale føringar og til beste for innbyggjarane. Tenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lavast effektive omsorgsnivå. Dette betyr mellom anna at flest mogeleg skal få bu heime lengst mogeleg.

Heile helse- og omsorgstenesta er organisert for å nå dette målet. Det set krav til ei velorganisert og veldriven heimeteneste, rehabiliterings- og behandlingsteneste, satsing på sjukeheimslegeteneste, desentraliserte lege- og fysio/ergoterapiteneste og ei velorganisert legevaktteneste.

Behovet for tenester er påverka av den demografiske utviklinga i dei eldste aldersgruppene, men og av helsetilstand, forventningar og krav frå innbyggjarane, buforhold, samlivsmønster og uformell omsorg.

Tenesta har vore gjennom omfattande omstillingsprosessar dei siste åra, der kravet til effektivitet og best mogleg utnytting av ressursane har vore sentralt.

Omsorgstrappa frå heimhjelp til spesialisert sjukeheim, fungerer. Det betyr at tildeling av tenester på ulike nivå samsvarer med funksjonsnivå hos brukarane.

Heradet har samla sett hatt gode resultat etter brukarundersøkingar ( sist i 2010) og har lagt på nivå med landsgjennomsnittet.

Med utgangspunkt i *Handlingsplan for eldre og Eineromsreforma* vart det i førre tiår gjennomført fleire nybygg- og ombyggingsprosjekt.

Renovering av 3 trygdebustader i Ålvik er gjennomført i 2014. Renovering av Strandebarmheimen gjenstår, dette vert omtala i helse og omsorgsplanen.

#### Kvam Rehabiliterings- og behandlingsavdeling:

Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling er ei korttidsavdeling som gir tilbod om rehabiliterings-, avlastnings-, observasjons- og behandlingssopphald. Avdelinga har 16 senger fordelt på 8 rehabiliteringssenger og 8 behandlingssenger. I 2014 har avdelinga hatt 4 ekstrasenger med 4 2- sengers rom.

Samhandlingsreforma vart innført 1. jan. 2012 og med den fekk kommunen nye utfordringar og oppgåver. Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingskrevjande pasientar enn tidlegare. Ved å samle korttidssenger på ein stad, opprette heil stilling for sjukeheimslege, sam lokalisera korttidsavdelinga med legevakt, ambulansestasjon og hjelpemiddellager, og eit tett samarbeid med fastlegane og fysioterapeutane, har Kvam vore godt rusta til å ta fatt på dei nye oppgåvene. Kreftkoordinator og lokalt hjelpemiddellager er organisatorisk knytt til avdelinga. Dei gir tenester til personar i alle soner. Kreftkoordinator er ei prosjektstilling delvis finansiert med midlar frå Kreftforeningen.

Det er inngått avtale med Helse Bergen og Voss kommune om oppstart av ØH- døgntilbod ( 1 seng på KRB). Tiltaket er finansiert med øyremerka midlar. Tilbodet er ikkje kome i gang grunna Voss kommune sitt tilbod ikkje har starta. Oppretting av ØH- døgntilbod vert lovfesta frå 1.1.2016.

Helse Bergen har etablert dialysesatelitt på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling. Ordninga starta i november 2013 med 2 dialysestasjoner ope 3 dagar pr. veke. Tilbodet skal evaluerast etter 3 år. Tiltaket vert finansiert frå Helse Bergen.

#### Avdeling rus og psykisk helse:

Rusomsorga vart i 2014 flytta frå NAV til ny avdeling Rus og Psykisk helse. Avdelinga har base i " Gamlebanken " i Norheimsund. Avdelinga gir tenester til personar i alle soner.

Gjennom opptrappingsplan for psykisk helse (1998-2008) vart tenesta styrka på fleire område. Primær oppgåva er psykiatrisk heimesjukepleie for vaksne med ulike psykiske lidningar og oppfølging av rusavhengige; rusførebyggjande arbeid, særlege tiltak for rusavhengige, både behandling og ettervern, inkl. LAR- oppfølging. Avdelinga organiserer også lågterskel dagtilbod i Holmsund for

målgruppene. I 2014 har avdelinga fått tilskot frå Fylkesmannen til kommunalt rusarbeid og til rekruttering av kommunepsykolog.

### **Utfordringar:**

#### Rekruttering:

Den største utfordringa for tenesta i åra som kjem er tilgang på nok personell. Gjennom målretta satsing har tenesta i dag relativt god tilgang på m.a. sjukepleiarar, fysioterapeutar og legar. Den største utfordringa pr. dd er knytt til rekruttering av helsefagarbeidarar. Den målretta satsinga må vidareførast og på bakgrunn av nye oppgåver må behovet for ny kompetanse kartleggjast.

Staten legg sterke føringar for tenestene gjennom lov og forskrift. I Stortingsmelding nr. 25 med tittelen *Mestring, muligheter og mening*, vert det peika på 5 hovedutfordringar for tenestene både på kort og lang sikt:

- ☒ Nye brukargrupper og sterkt vekst i yngre brukarar
- ☒ Aldring og spesielt fokus på demens
- ☒ Knappeheit på omsorgsytarar
- ☒ Behovet for betre medisinsk og tverrfagleg oppfølging
- ☒ Aktiv omsorg

Omsorgsplan 2015 oppsummerer strategiar med konkrete tiltak fram mot 2015.

Stortingsmelding nr. 29 ( 2012-13) med tittelen Morgendagens omsorg har fylgjande tema:

- Morgendagens omsorg- Innovasjon fram mot 2020
- Morgendagens omsorgstenestebukar- med eit ressursorientert perspektiv
- Morgendagens omsorgsfelleskap- med pårørandeprogram og nasjonal frivilligstrategi
- Morgendagens omsorgsteneste- fagleg omlegging med større vekt på tidlig innsats, kvardagsrehabilitering og nettverksarbeid
- Morgendagens omsorgsomgivelser- program for utvikling og innføring av velferdsteknologi og tiltak for utvikling av framtidens sjukeheim og omsorgsbustad

Samhandlingsreforma mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta er den største utfordringa helsetenesta står overfor i dag.

Reforma peikar spesielt på 3 sentrale utfordringar:

- ☒ Pasienten sitt behov for koordinerte tenester
- ☒ Auka behov for førebygging og utfordringar knytt til demografisk utvikling
- ☒ Endringar i sjukdomsbilde.

Kommunen får nye oppgåver og det er auka krav til samhandling mellom nivåa.

Ordninga med kommunal medfinansiering ved innlegging i sjukehus vert avvikla 1.1.2015 medan ordninga med betaling for utskrivingsklare pasientar som vert liggjande i sjukehus å vente på plass i kommunen, held fram.

Etter innføring av Samhandlingsreforma har det vore ein dramatisk auke i tal innleggingar i Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling, og arbeidsmengda har auka betydeleg. Pasientane er meir krevjande med omsyn til pleie og behandling. Dette gjeld og pasientar som kjem frå sjukehus og tilbake til omsorgsbustad eller heimen.

Dersom KRB skal fungere etter intensjonen må mottaksapparatet vera på plass, dvs. at ferdigbehandla pasientar i avdelinga må tildelast anna kommunalt tilbod.

Innsparingane i helse og omsorg har medført at evna til å løysa oppgåvene i samsvar med politisk vedtekne målsetjingar i Kvam herad, intensjonane i lovverk og inngådde avtalar med Helse Bergen, ikkje let seg gjennomføre tilfredstillande.

Reduksjonen av langtidssenger har medført at me ikkje greier å driva tenesta etter dei same prinsippa lenger. Grunnbemanninga er knapp både i heimetenesta og på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling og det er ventelister på plass i institusjon og omsorgsbustad. Tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus som ventar på plass i kommunen har auka og tal ferdigbehandla pasientar på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling som ventar på annan tilbod i kommunen( langtids plass eller omsorgsbustad ) har auka.

I 2014 har det vore sett inn ekstra tiltak for å betra situasjonen ved at Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling har hatt 4 2-sengs rom. Tiltaket har vore finansiert med ekstramidlar. Tiltaket var tenkt som ei naudløysing i ein prekær situasjon og vert avvikla ved årsskifte.

Elektronisk meldingsutveksling mellom pleie-omsorg og legekontora i kommunen og mellom pleie-omsorg og helseføretaket er innført i år. Elektronisk meldingsutveksling er eit nasjonalt prosjekt og Kvam deltek i «Vestlandsløftet» som organiserer innføringa i Vestland fylke. Elektronisk meldingsutveksling vil effektivisera og kvalitetssikre kommunikasjonen, både internt i kommunen og med sjukehuset. Systemet er ressurskrevjande mellom anna grunna stort opplæringsbehov for mange og behov for gode system for overvaking av meldingsflyt.

Mobil pleie er innført i heimetenesta. Dei tilsette får arbeidsliste og tilgang til journalsystemet via mobiltelefon og kan journalføre straks oppdrag ute er gjennomført.

Det vert arbeidd vidare med samordning av all sakshandsaming i helse og omsorg i avdeling Stab og forvaltning. Nye rutinar og arbeidsfora skal etablerast slik at helse og omsorg får ein god og lik praksis for alle brukarar.

Støttekontaktordninga vert no organisert i avdeling kultur i eining for samfunn og utvikling.

Dagsentertilbod er ei ikkje lovpålagd oppgåve. Det er likevel sterke statlege føringar for å opprettehalde og vidareutvikle denne tenesta. Eit godt utbygd dagsentertilbod, saman med ei godt utbygd heimeteneste, er avgjerande for at mange eldre kan bu heime sjølv med omfattande hjelpebehov. Dagtilbodet til demente er styrka ved tildelte prosjektmidlar frå helsedirektoratet.

Arbeid med ny helse og omsorgsplan er i gang. Tanken er å byggja vidare på dei velfungerande tenestene me har hatt og i tråd med analyse av framtidig behov, befolkningsutvikling og ny teknologi leggja føringar for vidare utvikling av tenestene. Samfunnet står overfor krevjande omsorgsutfordringar dei neste tiåra knytt til auka tal eldre, nye brukargrupper og knappheit på omsorgspersonell og frivillige omsorgsytarar. Overordna mål for planarbeidet er å utvikla helse og omsorgstenester av god kvalitet som gjer kommunen i stand til å møte framtidige utfordringar og behov. Det førebyggjande og helsefremjande arbeidet skal vektleggjast i større grad enn tidlegare. Tema som er omtala i Stortingsmelding nr.29 om Morgendagens omsorg er utgangspunkt for planarbeidet. Planen vil seie noko om innovasjon fram mot 2020, pårørande og frivillig arbeid, større vekt på tidleg innsats, m.a. ved innføring av kvar dags rehabilitering, velferdsteknologi, eit meir ressursorientert brukarperspektiv og korleis vidareutvikle og byggje framtidens sjukeheim og omsorgsbustad.

Den demografiske utviklinga i kommunen har stor betydning for korleis tenestene bør dimensjonast i høve bemanning, kompetanse og bygningsmasse.

Kvam har ein høg andel innbyggjarar 80 år og eldre. Tal frå SSB viser at me i neste tiårsperiode vert fleire i gruppene 70-79 og 90+. Den største utfordringa kjem først ved 2025 då og gruppa 80- 89 aukar.

I arbeidet med helse og omsorgsplan vil me kartleggje dagens situasjon og avdekke kva utfordringar kommunen står overfor på kort og lang sikt. Arbeidet skal munne ut i ein plan som klargjer kommunen sine prioriteringar framover, både m.o.t kapasitetsauke og utbyggingsbehov.

I pleie og omsorg har tal institusjonssenger dei siste åra vorte redusert grunna innsparingskrav, først ved å ikkje ta i bruk 6 senger på Øysteseheimen. I 2013 vart Firkløveren sjukeheim flytta til Toloheimen, samstundes vart dei 6 sengene på Øysteseheimen tekne i bruk. Dette resulterte i ytterlegare reduksjon av 3 institusjonssenger. Kvam har i dag låg institusjonsdekning samanlikna med andre kommunar i Hordaland.

Innsparingskravet i helse og omsorg på 3 mill i 2014 har vorte gjennomført ved å halde ledige stillingar vakante og ved å redusere driftsbudsjett på nokre område.

Grunnfilosofien i helse- og omsorgstenesta er godt utbygde basistjenester som heimetjeneste, fysioterapi og lege, der brukarane bur. Institusjonstilbodet rettar seg mot brukarar som har behov for omfattande behandling, pleie og tilsyn heile døgnet. Tilbodet i korttidsavdelinga rettar seg mot brukarar som har behov for rehabilitering, behandling og avlastning i ein kort periode og pasientane kjem frå sjukehus eller frå heimen.

Ved denne måten å organisere tenesta på har Kvam bygd ut ei velfungerande teneste som er kostnadseffektiv samanlikna med andre kommunar. Fleire rapportar viser at me driv 10-15 mill kr. billegare enn samanliknande kommunar.

Heilt sentralt i vår tenesta har vore at me har evna å setja inn tiltak tidleg, både i heim og institusjon og at me har hatt nok langtids plasser/ omsorgsbustader med heildøgns omsorgstenesta til å ta oss av dei mest hjelpetrengjande.

Me opplever no, tverrfagleg og administrativt, at me er ved eit vendepunkt i denne måten å organisere tenesta på og situasjonen er prekær...

Reduksjonen av langtidsenger har medført at me ikkje greier driva tenestene etter dei same prinsippa lenger:

- tal pasientar i sjukehus som ventar på plass i kommunen har auka
- tal pasientar som er ferdigbehandla i vår korttidsavdeling og som ventar på langtids plass eller omsorgsbustad har auka
- rehabiliteringstilbodet i kommunen er sterkt svekka grunna plassproblem i avdelinga
- grunnbemanninga i heimetjenesta er pressa
- det er lange ventelister på langtids plass og omsorgsbustad

Det er i budsjett 2015 ikkje lagt inn konkrete forslag om kvar innsparingskravet på 3,5 mill kan gjennomførast. Praxis om kritisk å vurdere om ledige stillingar kan stå vakante vert vidareført.

### **Målsetjingar:**

Tenesta har som overordna mål å leggja til rette for at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg.

Grunnfilosofien i tenesta er godt utbygde basistjenester (heimeteneste, fysioterapi og legetjeneste) der brukarane bur. Institusjonstilbodet rettar seg mot brukarar som har behov for omfattande behandling, pleie og tilsyn heile døgnet.

Politisk vedtekne målsetjingar har vore styrande for utvikling og organisering, og hovedmålsetjinga om ei *fleksibel* og *styrka* heimetjeneste og eit «*spissa*» institusjonstilbod er nådd («*spissa*» institusjonstilbod vil seie at me tek oss av dei mest behandlingskrevjande på ein stad i kommunen).

Målsetjingar i lov og forskrift er styrande for kva oppgåver eining helse og omsorg har ansvar for. Nytt lovverk gir mellom anna retning for auka fokus på tidleg innsats.

Det er utarbeidd politisk godkjende tenesteavtalar mellom helseføretak og kommunane på 12 ulike område.

Tenesteavtalane må gjerast kjende for alle tilsette og er styrande for korleis kommunane og helseføretaket skal samarbeide.

Arbeid med elektronisk meldingsutveksling må vidareutviklast. Helse og omsorg vil vurdere å ta i bruk ny teknologi på fleire område. Mange kommunar har starta med kvardagsrehabilitering etter modell frå Danmark. Kvardagsrehabilitering er i prinsippet målretta aktiv trening tidlig framfor tildeling av hjelp. Kvam ynskjer ta i bruk ordninga etter mal frå mellom anna Vossaprojektet.

#### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostragruppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	2 013,0	2 013,0	2 013,0	2 013,0	2 013,0
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	46,6	44,1	47,1	45,0	45,7
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	48,3	50,9	46,6	49,8	49,0
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	5,2	5,1	6,3	5,2	5,4
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	436,0	359,0	331,0	339,0	336,0
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	193 796,0	218 692,0	238 481,0	223 081,0	221 125,0
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutg, konsern	1,2	1,3	1,5	1,4	1,4
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	12,9	18,2	20,3	18,5	18,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,9	13,6	14,6	13,5	13,8
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 083 064,0	941 835,0	952 521,0	977 884,0	994 850,0
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter, konsern	9,6	13,6	17,7	14,0	14,8

### 3.7 Sosialteneste og NAV

Sosialteneste og NAV						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
242	Rådgeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 084	5 779	5 230	5 942	712
243	Tilbod til personar med rusproblem	540	458	455	589	134
273	Arbeidsretta tiltak i kommunal regi	4 037	4 255	3 839	3 890	51
275	Introduksjonsordning	5 109	5 637	5 611	5 392	-219
276	Kvalifiseringsordninga	1 202	2 115	1 515	2 115	600
281	Økonomisk sosialhjelp	8 207	4 848	7 248	8 635	1 388
285	Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	352	-3	-10	-45	-35
Sosialteneste og NAV		24 531	23 088	23 888	26 519	2 631

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Det er ein stillingsauke i funksjon 242 for vakanse i 2014, som saman med lønsvekst medfører ein auke på 1,2 mnok. Ny NAV leiar er kommunalt tilsett, og vert refundert med 50 % frå stat, 0,5 mnok. Totalt ein auke på 0,7 mnok.

Auken i funksjon 243, 273 og 275 gjeld mindre endring i funksjon for deler av stillingar.

Kvalifiseringsordninga vart redusert i 2. tertial 2014, men er tilbake til ordinært nivå for 2015.

Økonomisk sosialhjelp er justert opp med 1,1 mnok til livsopphald for flyktningar. På grunn av ei endring i tilskot til barnefattigdom er det budsjetterte tilskotet redusert med 0,3 mnok.

Funksjon 285 gjeld leirskule, og har ei mindre netto endring.

#### Status:

Oppgåvene i NAV- kontoret, i tillegg til statlege stønadsordningar, er økonomisk sosialhjelp og flyktingomsorg. Oppgåver som:

- rådgeving og økonomisk stønad
- kvalifiseringsprogram
- butilbod til bustadslause
- individuell samtale og oppfølging
- gjeldsrådgeving
- Bustadtilskot frå husbanken
- busetjing og oppfølging av flyktningar

Kvam buset 15 flyktningar i året i tråd med heradstyrevedtak.

Kvam har i 4 år motteke prosjektmidlar i høve barnefattigdom. Det vert søkt nye midlar for 2015.

Kvam herad har hatt avtale med Røde kors om Flyktingeguidekoordinator i 4 år. Røde kors ynskjer vidareføre avtalen for 2 år. Kostnad kr. 300` pr. år.

#### Utfordringar:

Tidleg og målretta oppfølging vil gje positive resultat for enkeltmenneske og vil også vera samfunnsøkonomisk. Det er også viktig å ha ein arbeidsmarknad som har plass til alle. Det er eit krevjande arbeid å skaffa praksisplassar til dei som treng arbeids- og språktrening.

Nav- kontoret har i deler av 2014 vore underbemanna grunna fleire ledige stillingar og langtidsfråvær. Det er tilsett ny leiar ved kontoret.

Det er HST- vedtak på at det skal setjast vilkår om aktivitet for sosialhjelp. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som vurderer ulike alternative tiltak. Kvam herad vil busetje 15 flyktingar i 2015, inkl. familiegjenforening i tråd med politisk vedtak.

**Målsetjing for perioden:**

Mål om fleire i kvalifisering for arbeid og aktivitet med sjølvstendig inntekt, dermed reduserte sosialhjelpsutgifter og færre på stønad.

Busetjing av flyktingar i tråd med oppmodingsbrev frå IMDI (15 pr år 2012-2014) og heradstyrevedtak.

Arbeida vidare med fattigdomsprosjekt.

**Indikatorar:**

	1238 Kvam	EKG11 Kostragru ppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2 013	2 013	2 013	2 013	2 013
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	5	:	:	4	4
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggeme 20-66 år	4	:	:	4	4

KOSTRA-tala er mangelfulle innanfor dette tema, noko som gjev indikatorane lågare verdi som samanlikningsgrunnlag mot andre kommunar.

### 3.8 Barnevern

Barnevern						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
244	Barnevernteneste	4 169	5 381	5 310	6 055	746
251	Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	2 477	2 807	2 796	2 957	161
252	Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	7 140	8 573	8 617	7 937	-681
Barnevern		13 786	16 762	16 723	16 949	225

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Endringane i funksjon 244 og 252 skuldast intern flytting mellom tenestene for kjøp av juridisk bistand og sakkyndige utredningar i forventa, og eventuelt nye saker i 2015, i tillegg til noko lønsvekst.

#### Status:

Totalt aktive saker i barneverntenesta er 101 pr.08.10.2014, mot 114 oktober 2013. Talet på barn i barneverntenesta har vore mellom 120-140 dei siste åra. Ein nedgang i aktiv saker i år kan mellom anna skuldast:

- færre saker konkluderer med tiltak etter undersøking
- færre meldingar til barneverntenesta
- fleire saker vert avslutta etter evaluering av hjelpetiltaket.

Antal barn under omsorg er svakt aukane kvart år og barn som kommunen har omsorg for er yngre enn tidligare. I 2010 hadde kommunen omsorg for 4 mot 19 i 2013 og 20 i 2014.

Barneverntenesta jobbar etter ein generalistmodell der sakshandsamarane føl saka heile vegen. Dette krev brei kunnskap på mange område. Sakene er kompliserte og samansett og er eit spegelbilde på samfunnet.

Barneverntenesta held fram med å endre fokus frå kompensierende tiltak til å retta fokuset mot endringstiltak som er i tråd med føringane som er gitt av departementet i høyringsutkast til endringar i barnevernlova. Tenesta har fokus på systematisk evaluering av hjelpetiltak med basis i tiltaksplanane for å bidra til at det einstilte barn/ungdom og familie får rett hjelp til rett tid og hjelp så tidleg som mogleg.

Kostnadsdrivar i barnevernet er :

- tal barn under omsorg
- barn og familiar som mottek frivillige hjelpetiltak i familien
- barn som tek imot frivillig fosterheimplassering eller institusjonsplass.
- Satsinga på heimebaserte tenester
- Høgt fokus på førebyggjande arbeid
- Fleire barn i Kvam får hjelp samanlikna med tilsvarande kommunar

Kommunen har fått tildelt tilskot til oppfølgings- og LOS-funksjoner for ungdom. Målgruppa er ungdom mellom 14 – 23 år som er i særleg risiko for å droppe utanfor skule og arbeid. Målet er å styrkje ungdommane si tilknytning til skule ved auka trivsel og meistring og å betra skuleprestasjonar og auke gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Dette arbeidet er tett opp til både utekontakt og OT/PPT sitt arbeidsområde. I samband med KFL sitt arbeid med å utvikla tenestetilbodet til ungdom må LOS tiltaket inngå ilag med dei andre tiltaka som er retta inn mot ungdom.

### Utfordringar

- Som følgje av endringar i barnevernslova får kommunane framover fleire oppgåver overført frå det statlege barnevernet.
  - Tilsyn av fosterheim og ansvar for å følgje opp med råd og rettleiing.
  - Auka ansvar for rekruttering av fosterheimar. Det kommunale barnevernet er nærare barna og vil i større grad kunne vurdere kva behov det enkelte barn har.
- På sikt må kanskje kommunar som ligg i nærleiken av kvarandre vurderer meir interkommunalt samarbeid for å sikra gode barneverntenester med høg fagleg kompetanse.
- Behov for auka kompetanse i barnevernet  
Fleire nasjonale evalueringsrapportar konkluderer med behov for auka kompetanse i barnevernet, og me må rekna med at dette også vil gjelda i vår kommune. Dette er noko kommunen må ta høgde for ved fordelinga av kompetansesmidlar.
- Det er også ei utfordring å behalda godt kvalifiserte personar og å få høgt utdanna personar til å søkje jobb i barneverntenesta.
- Å ha mange barn under omsorg er krevjande både fagleg og økonomisk. Det at Kvam herad har mange barn under omsorg som er i barnehagealder og skulealder er og blir kostnadskrevjande for kommunen mange år fram i tid då kommunen har ansvar for dei fram til dei er 18 år.
- Det er ein aukande trend at foreldre som har mista omsorga ankar Fylkesnemda sitt vedtak årleg. Dette inneber ekstra arbeid med sakshandsaming, oppfølging av fosterheimen og barna og auka kostander til juridisk bistand og sakkyndig utredning.

### Målsetjing for perioden:

- Barnevernet må jobba vidare med å oppnå meir effektiv drift
  - Det er eit mål at eit fleirtal av hjelpetiltaka er endringstiltak framfor kompensierende og økonomiske tiltak. Dette er å tråd med høringsutkastet til endring i barnevernlova. Det er presisert i lovteksten at hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og familien.

- Gjennomgang av evalueringsverktøy
- Styrka det tverrfaglege samarbeidet gjennom KFL
- Vurdera ressursbruk inn mot målgruppa.
- Fokus på førebyggjande arbeid. Kvam Herad har ved å etablera Kvam familie og læringscenter(KFL) teke eit større ansvar for lovkrav i barnevernlova om å driva førebyggjande arbeid.
- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom KFL . Intensjonen med å etablera Kvam familie og læringscenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.»
- Kompetanseheving i barneverntenesta må skje i tråd med kompetansehevingsplanen og i samsvar med dei føringane som Fylkesmannen har gjeve for bruk av tildelte kompetansehevings midlar.
- Delta i tverrfagleg kompetanseheving jmf KFL sin kompetanseplan.
  - Kjennskap til ansvarsområda til alle fagområda i KFL og deira lovverk.
  - Kunnskap om definisjonar på tverrfagleg tilnærming og førebygging
  - Haldningsarbeid: eigenutvikling med fokus på tverrfaglig samarbeid.
  - Kunnskap til å identifisera friskfaktorar/ risikofaktorar og tidleg skeivutvikling.
- Barneverntenesta skal ha system og rutinar som sikrar at sakshandsaming og oppfølging av lovpålagte tenester blir utført i tråd med lovverk
  - Utføra Internkontroll kontinuerleg
- I samband med KFL sitt arbeid med å utvikla tenestetilbodet til ungdom må LOS tiltaket og tiltak som i dag utekontakten har ansvar for inngå som ein del av den totale tiltakspakken til ungdom.
- Kvam herad vil vera opne for at samarbeid med andre kommunar kan vera nyttig både på barnevernsfeltet og inn mot førebyggjande arbeid blant barn-unge og deira familiar.

#### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostragru ppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	8 707	7 384	6 898	7 194	7 298
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,9	:	:	4,8	4,8
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	120 435	:	:	135 549	134 042
Andel undersøkelser som fører til tiltak	72,9	43,6	43,4	43,4	43
Andel undersøkelser med behandlingstid over tre måneder	20,8	31,3	27,1	27,3	24,9
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	55	:	:	78	79
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	4,1	3,9	3,8	3,9	3,9

### 3.9 Bustader

Bustader						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
265	Kommunalt disponerte bustader	-8 451	-8 824	-8 718	-7 106	1 612
283	Bistand til etabl. av eigen bustad	406	701	701	801	100
315	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	1 168	262	243	75	-168
Bustader		-6 878	-7 861	-7 773	-6 229	1 544

#### Forklaring til endringar i budsjett 2014:

Kvam herad er i ein prosess med avvikling av framleigeavtalar, slik at det totale nivået er redusert for inntekter og utgifter. 0,4 mnok av inntektene er overført til funksjon 320. I tillegg er det budsjettert med 1,1 mnok til høgare lønsutgifter til området. Deler av summen gjeld tilsetjing i vakant stilling, mens del av lønsutgiftene er prosentvis fordeling som vert omfordelt til andre funksjonar i løpet av perioden.

Auken på 0,1 mnok gjeld auka renteutgifter for Husbanklån i 2015.

Utgiftene til funksjon 315 er redusert, og refusjonsinntektene auka med 0,1 mnok.

#### Status:

Sjølve rammeområdet «Bustader» omfattar utleige av kommunen sine husvære (inkl. t.d. omsorgsbustader), og vidare utleige av husvære som kommunen skaffar til for eksempel flyktningar (tema 265). Tema 283 er formidling av Husbanklån til innbyggjarane i Kvam.

315 er nytta til ei geologstilling som kommunen får delfinansiert av andre kommunar.

#### Utfordringar:

Kvam herad skaffar bustadar til ein del som har vanskar med å gjera dette sjølv, og som har utfordringar med buevne. Det medfører høge utgifter til drift og vedlikehald.

For å skaffa bustader til flyktningar inngjekk Kvam herad ei rekkje framleigeavtalar for nokre år tilbake. Avtalane har vore svært utfordrande for kommunen, bl.a. som følgje av urealistiske forventningar til at kommunen skulle overta huseigaroppgåver. Kommunen er i ferd med å avslutta avtalane.

#### Målsetjing for perioden:

Ferdigstilling bustadplan

Oppfølging av menneske med låg buevne.

Avvikla framleigeavtalar.

Investering i 2 robuste modulbygg

### 3.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Plan					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015
300	Fysisk tilrettelegging og planlegging	0	133	0	0
301	Plansaksbehandling	3 739	4 033	4 262	4 163
302	Bygginge-, delings- og seksjoneringsaker	-80	-349	-407	89
303	Kart og oppmåling	943	918	1 018	1 051
	Plan	4 602	4 734	4 873	5 303
					430

#### Forklaring til endringer i budsjett 2015:

På plansaksbehandling, funksjon 301, er det ein vakant stilling som er trekt inn som eit innsparingstiltak. I tillegg er utgifter til konsulenthonorar redusert med 0,25 mnok. Ein stilling er overført frå administrasjon til bygginge-, delings- og seksjoneringsaker, funksjon 303.

#### Status:

##### Planarbeid

I samband med ny organisering i 2012, var tverrfagleg samarbeid ein viktig premis for arbeidet innafor eininga, samfunn og utvikling, og som eit verktøy for å nå viktige samfunns mål for kommunen. Dette tverrfaglege er i ferd med å setja seg, spesielt no etter at kommunen har tilsette ny leiar for kultur og integrering. Dette gode tverrfaglege og tverrsektorielle arbeidet innafor eininga skal vidareførast i 2015 og endå meir utover i økonomiplanperioden.

I samband med det overordna planarbeidet har det vorte arbeidd både med visjon og hovudmål for kommunen. Både visjonen og hovudmålet er lagt til grunn i det vidare arbeidet med samfunnsdelen og arealdelen. Det vart også gjort gode arealmessige premissavklaringar, då arealstrategiane vart vedtatt i 2014. Strategiane er til uvurderleg nytte i det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel i 2015. I dette arbeidet har også senterstrukturen vorte tydeleggjort, slik at innhaldet i kommuneplanen og kommunedelplanane kan byggjast opp omkring denne strukturen.

Arbeidet med kommune- og kommunedelplanar har dessverre gått relativt sakte i 2014. Arbeidet med kommunedelplan for næring og kompetanse, er den planen som har komme lengst, og planen vil komme på høyring i årsskiftet 2014/2015. Kommuneplanen- og kommunedelplanarbeidet ikkje vil vera klart før seinare på året. Mesteparten av planarbeidet føregår med bruk av eigne folk.

*Avdeling for Byggesak og geodata* er Kvam herad si fagavdeling for handsaming av frådelingsaker, byggesaker, tilsyn- og ulovlegoppfølging, seksjoneringsaker og kart- og delingsforretningar. I tillegg ligg ansvaret for kart og oppmåling samt interkommunalt skredsamarbeid til fagavdelinga. Avdeling for byggesak og geodata leverer tenestene definert i serviceerklæring for byggesak, frådeling og geodata.

#### Utfordringar:

Det er ei stor utfordring for Kvam herad å halde god nok framdrift på kommuneplanen og dei ulike kommunedelplanane. Dette var ei utfordring i 2014 og utfordringa ser ikkje ut til å verta mindre i 2015. Kvar einskild planleggar har svært mange ulike gjeremål som må verta prioriterte i kvardagen, for å yta god service til kommunen sine innbyggjarar.

Det er ein styrke for både planen og forståinga av planen at arbeidet vert gjort av kommunen sine eigne folk, men med den bemanningssituasjonen ein har i dag, bør det vurderast i 2015 om ikkje meir kan setjast ut til andre. Alternativet er å styrkja eininga med fleire interne ressursar.

### **Kommuneplanar**

**Kommuneplanen sin areal og samfunnsdel.** Arbeidet er i full gang, men det går saktare enn den opphavlege framdrifta. Det som vert viktig for samfunnsdelen i 2015, er å få på plass nødvendige strategiar for å nå oppsette hovudmål i planen, og legge til rette for høyring og offentleg ettersyn.

For kommuneplanen sin arealdel vil alle innspel, verta konsekvensutgreidd og ROS-handsama i 2015. Arealstrategiane vil vera premissleverandør for konklusjonane på dei ulike innspela. Vona er at vert planen lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i løpet av 2015. Planarbeidet vert finansiert via drift og eigne ressursar

### **Kommunedelplanar**

**Kommunedelplan for næring og kompetanse.** Planen vert lagt fram til offentleg ettersyn ved årsskiftet 2014/2015. Endeleg vedtak i 2015. Arbeidet i 2015 vert finansiert via drift og eigne ressursar.

**Bustadplan.** Arbeidet har meir eller mindre stoppa opp i 2014. I løpet av 2015 vil dei viktigaste spørsmåla og avklaringane i frå bustadplanen verta tatt inn i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arbeidet i 2015 vert finansiert via drift og eigne ressursar.

**Kommunedelplan for idrett og friluftsliv.** Arbeidet har ikkje starta opp. Arbeidet vil komme i gang i 2015. Arbeidet i 2015 vert finansiert via drift og eigne ressursar.

**Kulturminneplan.** Arbeidet har ikkje starta opp. Arbeidet vert sett i gang i 2015. Kvam herad har motteke midlar i frå Hordaland fylkeskommune til arbeidet. Det som ikkje vert dekka av fylkeskommunen må finansierast via drift og eigne ressursar.

### **Reguleringsplanar**

#### **Ålvik sentrum:**

Kommunen sette i gang arbeidet med reguleringsplan for sentrum av Ålvik i 2008. Ny plan har vore på høyring i 2014, og vert lagt fram for endeleg handsaming i slutten av 2014, byrjinga av 2015. Planen er eit viktig grunnlag for sentrumsutvikling i Ålvik.

#### **Håfjellstunnel og strekkja i frå Fykse til Steinstø:**

To reguleringsplanar som vart starta opp hausten 2011. Ny tunnel i frå Øystese til Fykseund er hovudinnhaldet i den eine planen. Planen for Håfjellstunnelen vart lagt fram til offentleg ettersyn i 2014, og vert endeleg godkjent i 2015. Arbeidet er finansiert via eige prosjekt.

Strekkja mellom Fykseund bru og Steinstø er ikkje fullfinansiert og krev meir midlar til geotekniske undersøkingar. Dette er lagt inn i økonomiplanen for 2018. Finansiert via næringsfondet.

#### **Reguleringsplan for RV 7 Øystese - Laupsa/Skarpasvingen.:**

Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken. Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, samt utbygging av 84 husvære på Stronde. Planen er delt i to, i frå Øystese og til Laupsa er planen vedtatt. Strekkja mellom Laupsa og Skarpasvingen, her må det

gjerast avklaringar i høve til kulturminne med fylkeskommunen og Riksantikvaren. Planen vert finansiert via Kvammapakken.

#### **Reguleringsplan for Grustaket -Busdalen:**

Reguleringsplan for nytt næringsareal i Øystese, samt tilførselsveg til Tolomarka . Kunngjering om oppstart og høyring av planprogram har vore gjennomført i 2014. Planen vert lagt fram til høyring og offentleg ettersyn i 2015. Planen er finansiert via næringsfondet, og det vert søkt om kompensasjonsmidlar, for å fullføre arbeidet.

#### **Straumbrua - Tolo småbåthamn:**

Plan for bustadbygging sentralt i Norheimsund. Planen har vore ute til offentleg ettersyn i 2014. Planen vert lagt fram til endeleg vedtak i 2015. Planen er finansiert via kommunale prosjektmidlar.

#### **Ny ferjekai i Tørvikbygd**

Ny ferjekai i samband med opprusting av ferjesambandet mellom Jondal og Tørvikbygd, for å ta i mot trafikken i frå Jondalstunnelen. Planen har vore på høyring og Hordaland fylkeskommune ber om ny plan, med eit mindre omfang av kaianlegget i Tørvikbygd. Ekstern finansiering via Statens vegvesen.

#### **Mundheim.**

Ny ballplass. Etter at skulen er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Fylkesmannen har trekt sine motsegner. Arbeidet har stoppa opp. Midlane til planen vert i staden nytta til nytt toalettanlegg i Mundheim sentrum.

#### **Reguleringsplan for gang og sykkelveg mellom Ungdomsheimen og NAF på Kvamskogen:**

Planarbeidet har starta opp, og har vore ute på høyring. Gjeld utbetring av Fv- 7, og gang- og sykkelveg mellom NAF'en og Ungdomsheimen. Planen vert endeleg vedtatt i 2015. Arbeidet vert finansiert via Kvammapakken.

#### **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå Tokagjelet til Ungdomsheimen**

Planarbeidet skal starte opp i årsskiftet 2014/2015. Finansiert via eigne prosjektmidlar i kommunen og midlar i frå Statens vegvesen.

#### **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå NAF til Eikedalen**

Planarbeidet skal starte opp i årsskiftet 2014/2015. Finansiert via eigne prosjektmidlar i kommunen og midlar i frå Statens vegvesen.

#### **Reguleringsplan for ny barnehage i Strandebarm**

Kvam herad er i ferd med å gjera eit stort løft innafor barnehagesektoren, i den samanheng er det nødvendig med ny reguleringsplan i Strandebarm. Planen vert lagt fram til endeleg vedtak, våren 2015. Arbeidet er finansiert via kommunale prosjektmidlar.

#### **Reguleringsplan for ny barnehage i Norheimsund**

Kvam herad er i ferd med å gjera eit stort løft innafor barnehagesektoren, i den samanheng er det nødvendig med ny reguleringsplan i Norheimsund. Planen vert lagt fram til endeleg vedtak, våren 2015. Arbeidet er finansiert via kommunale prosjektmidlar.

#### **Reguleringsplan for ny barnehage i Øystese**

Kvam herad er i ferd med å gjera eit stort løft innafor barnehagesektoren, i den samanheng er det nødvendig med ny reguleringsplan i Øystese. Planen vert lagt fram til endeleg vedtak, våren 2015. Arbeidet er finansiert via kommunale prosjektmidlar.

## Private reguleringsplanar som kan verta endelag handsama i 2015- opplistinga er ikkje uttømmende:

- reguleringsplan for næringsareal på Bakka/Breievne
- reguleringsplan for gamle Strandebarm skule, til bustad, forretning og kontor
- reguleringsplan for Sjoaskår –bustadfelt
- reguleringsplan for Longelia på Kvamskogen, gjeld hytter
- reguleringsplan for Strandebarm hotell til feriebusstader
- reguleringsplan for hytteområde på Linga
- reguleringsplan for Øystese sentrum
- reguleringsplan for bustadområde på Laupsa

### **Målsetjing for perioden:**

#### Planarbeid

Få på plass kommune- og kommunedelplanar i samsvar med kommuneplanen sin visjon og hovudmål

Få på plass offentlege- og private reguleringsplanar med høg kvalitet som fremmar vekst og utvikling basert på berekraftige prinsipp.

#### Byggesak og geodata

Hovudmålsetting er å yte god service for innbyggjarane, og levere tenester innanfor lovfesta tidsfristar og samarbeidsavtale. For å nå hovudmålet skal fagavdelinga arbeide for å oppretthalde nødvendig kompetanse og kapasitet. I arbeidet skal ein m.a. ha fokus på effektiv veiledning og sakshandsaming, for å frigjere ressursar til tilsyn og ulovlegoppfølging.

Prioriterte tiltak vil vere betre løysingar for sjølvbetjening på våre heimesider tilsvarande dei ein finn på heimesidene til Bergen kommune og Nordhordlandssamarbeidet.

Satsingsområde i 2015 er tilsyn- og ulovlegoppfølging samt fullføring av adresseprosjektet. Sentralt står og vidareføring av skredsamarbeidet etter fyrste treårsperiode 2012-2015. Fagavdelinga satsar og på å gjennomføre ein *sjølvkost-analyse* av alle sine gebyrlagde tenester, som grunnlag for evaluering og evt. vedtak om revisjon av gebyrnivået. Fagavdelinga treng ein landmålar i ein 100 % geodatastilling for å serve geodatatenestene internt og eksternt.

### **Indikatorar:**

	1238 Kvam	EKG11 Kostragru ppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Alder for kommuneplanens arealdel	7	59	4	16	16
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	10	111	6	30	30
Antall område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år	7	5	6	5	5
Av disse fremmet som private forslag	4	3	5	3	3
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	10592	10614	10140	10153	10184
Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2.	12209	15113	18899	14388	14419
Antall søknader om tiltak uten ansvarsrett mottatt siste år per 10 000 årsinnbygger i kommunen	53	69	60	60	55
Antall søknader om tiltak mottatt siste år per 10 000 årsinnbygger i kommunen	175	175	176	157	149

### 3.11 Næringstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringstøtte og komm. forretningsdrift					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015
320 Kommunal næringsverksemd	-17 768	-18 129	-648	-1 072	-424
321 Kraftinntekter	0	0	-11 925	-15 431	-3 506
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	8 838	3 257	3 234	3 233	-1
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	474	502	490	492	2
360 Naturforvaltning og friluftsliv	-3 603	157	157	291	134
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	-12 058	-14 213	-8 692	-12 487	-3 795

#### Forklaring til endringer i budsjett 2015:

Auken i inntekter på kommunal næringsvirksomhet er knytt til husleigeinntekter, som er overført fra 265.

Funksjon 321 vart i 2014 skilt ut frå 320. Nivået i 2014 vart vesentleg lågare enn 2013, men ser ut til å auka med 3,5 mnok i 2015. 2,9 mnok i auka inntekter, og 0,6 mnok i reduserte utgifter, deriblant 0,4 mnok til rettssak i 2014. Anken kjem truleg opp i 2015.

Funksjon 325 og 329 har liten netto endring.

Auken i funksjon 360 skuldast medlemskontingent til BOF.

#### Status:

##### Næring

Næringslivet i Kvam har generelt hatt gode år den seinare tida. No er både Elkem Bjølvefossen og Fjellstrand i full drift. Kvamapakken og store offentlege og private utbyggingar held entreprenørbransjen i drift. God kjøpekraft hjå folk flest gjer at det er godt å bu og leva i Kvam.

Næringslivet i Kvam er på topp nasjonalt når det gjeld lønsemd. Det er likevel for lite nyetableringar om ein samanliknar med andre område i Noreg. I Kvam har me ein tradisjonell næringsstruktur som kan gje oss ekstra utfordringar dei neste åra.

Å utvikla kommunen som eit attraktivt område for etablering og vidareutvikling av eksisterande næringsliv er viktig.

Arbeidet med Hordalandsdiagonalen og Hardangertunnelen er viktige for framtidig vekst i kommunen. Kommunen må difor ha ressursar til å arbeida opp mot dei regionale styremaktene. Kvam som regionsenter har for lite med statlege og regionale arbeidsplassar. Det må vera eit mål å få etablert fleire slike arbeidsplassar.

Faste tilskot til Hardanger fartøyvernsenter, Reisemål Hardangerfjord m.fl. vert tatt rett i frå drifta på næringsavdelinga, der er difor mogleg med aktiv tilrettelegging og næringsutvikling via næringsfondet, om tiltak vert prioritert.

## Oversikt over faste tilskot 2015

Diverse	Diverse (T)	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Endring Frå 2014
N001	Reisemål Hardangerfjord AS	460 000	460 000	0
N002	Hardangerrådet	560 000	560 000	0
N003	Hardanger Fartøyvernseier	520 000	495 000	25 000
N006	Lokalt reiseliv (turistinformasjon)	420 000	435 000	-15 000
N008	Harding Puls	80 000	80 000	0
N021	Internasjonalt arbeid	85 000	85 000	0
	Næringsstøtte, til disposisjon	350 000	350 000	0
<b>Totalt</b>		<b>2 475 000</b>	<b>2 465 000</b>	<b>10 000</b>

### Kulturbasert næring - reiseliv:

- Thon hotell Sandven er ferdig utbygd og vil vera ein viktig aktør i reiselivet i Kvam. Strandebarm hotell er ikkje i drift lenger.
- Det er prosjektering i gang for det nye Hardangerbadet i tilknytning til Hardangerfjord hotell.
- Turistinformasjonen vart i 2014 flytta til Steinsdalsfossen. Talet på vitjingar har auka frå 2703 til 13 897. Det er likevel eit sakk at det ikkje er informasjon sentralt i Norheimsund og Øystese.
- Kommunen overtek ICA-bygget i 2015. Dette må fyllast med innhald.

### Opplevingsaktivitetar – kopling mot næring/turisme:

- betre utnytting av friluft/natur ressursar, gjennom tilrettelegging av guida opplevingar i nærmiljøa.
- opparbeiding av betre turkart (fleire typar).
- opparbeiding av og etablering av gamle/nye turstiar.
- samarbeid mellom idrettslag/org. og turistnæringa.

### Internasjonal satsing:

- Næringsavdelinga har hatt ansvaret for det internasjonale arbeidet som vennskapskommunen Marijampole, Vest-norsk Brusselkontor og det nye samarbeidet som Hardanger har med Greve i Toscana

### Landbruk

- Innan landbruket i Kvam har det vore store strukturelle endringar. Mange små einingar er lagt ned og andre er vorte større slik at produksjonen samla sett er oppretthalden. Kvam har mange og flinke aktørar innan landbrukstilknytt næringer, som inn på tunet, gardsmat, bygdeturisme, hyttebygging og anna reiseliv.
- Det vert arbeidd vidare med samarbeid på enkelte fagfelt med dei andre Hardangerkommunane, særleg på skogsida er dette aktuelt.

## **Tilflytting**

- Næringsavdelinga har hatt ansvaret for prosjektet "Flytt til Hardanger". Sidan fyrste halvår 2008 har ein klart å snu flyttestraumen til Kvam og auken har vore nesten 350 nye innbyggjarar. Svært mange er tilflyttarar frå utlandet. Dette prosjektet vert avslutta i 2015, men tilflytting og tilbakeflytting må ha fokus også vidare.

## **Kraft**

Kvam herad disponerer i dag 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft frå Bjølvefossen og 60,9 GWh konsesjonskraft frå alle reguleringane i Kvam herad. Det meste av krafta vert seld på den opne marknaden (spot-pris), men ein del vert også seld med bindingstid.

I 2015 rekar heradet med ein gjennomsnittspris på 27,06 øre/KWh, mot 31,0 øre/KWh i 2013. Prisen fall i 2014, men ser ut til å verta litt høgare for 2015. Prisen varierer med nedbør lokalt og nasjonalt, og med kol-prisar og CO<sub>2</sub>-prisar i Europa.

*Kvam herad gjev kvart år uttale til nye småkraftverk.*

*Kommunane som saksøkte staten for at dei måtte betala grunnrente ved sal av kraft tapte saka. Saka er anka til neste rettsinstans og kjem truleg opp neste år.*

## **Alkohol og servering**

Tidlegare kalla «skjenkekontrollen», no Alkohol og servering, er i dag ein del av eining for samfunn og utvikling ,og lokalisert på rådhuset. Avdelinga har i dag fire fast tilsette, som gjennomfører kontroll i alle dei elleve medlemskommunane, Eidfjord, Odda, Voss, Granvin. Ullensvang, Vaksdal, Kvam, Jondal, Fusa, Samnanger og Ulvik.

Alkohol og servering gjennomfører sakshandsaming for Kvam og rådgjev dei andre kommunane i samarbeidet.

I området som er omfatta av samarbeidet er det 200 løyve som skal kontrollerast, 74 skjenkestader og 134 butikkar. Butikkane vert kontrollert på dagtid og skjenkestadane vert kontrollert i helgane og om kveldane.

Skjenkekontrollen driv jamleg med kurs og opplæring i kommunane.

## **Utfordringar:**

### **Kompensasjonsordninga for arbeidsgjevaravgift**

- Kvam er omfatta av ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift og Kvam utgjør dette omlag 6 millionar kr i 2014.
- Det er bedriftene som bidreg til ordninga som prioriterer dei lokale tiltaka.
- Kvam næringsråd er sekretariat for arbeidet.

## **Kommunedelplan for næring og kompetanse**

- Kvam herad har komme godt i gang med ny kommunedelplan for næring og kompetanse. Arbeidet har skjedd i nært samarbeid med Kvam næringsråd og Geoplan. Arbeidet skal vera ferdig i 2015.

Ein ny næringsplan vil vera eit strategisk viktig verktøy for å nå måla innafør næringsutvikling i kommunen. Det er personar og bedrifter som skapar nye arbeidsplasser, men kommunen må vera ein medspelar i prosessane og syta for at næringslivet har gode rammevilkår.

### **Næringshage**

- Miljøet ved Kvam Fruktlager i samarbeid med Kvam næringsråd arbeider med å skipa ein næringshage for Hardanger, utanom Odda, som ynskjer å ta vare på sin som i dag. Målet er å verta godkjent som ein næringshage i SIVA – systemet.

### **Næringsareal**

- Kvam er nesten utan opparbeidd næringsareal i sentrale område. Opparbeiding av Sandvenhagen – Mo er eit viktig tiltak, og det må setjast av budsjettmidlar som gjer at områda vert tilgjengelege. Rekkefylgjekrava er utført.
- Busdalen – det er starta regulering av Busdalen som kan gje nytt næringsareal i tilknytning til grustaket og i sjølve Busdalen. Arbeidet omfattar og ny veg til Tolomarka.
- Bakkamarka – Hardanger Fiskeforedling A/S har teke initiativ til ny regulering av næringsområdet på Bakka.

### **Omstilling og nyetablering**

- Omstillingsarbeidet i Ålvik er avslutta, men trongen for endringar i kommunen er framleis stor. Utfordringa kan like gjerne verta tilgang på folk, som nyskaping av arbeidsplassar.
- Kvam herad må vidareføra arbeidet med etablerarkurs og elevbedrifter
- Kommunen må og skapa grunnlag for nye arbeidsplassar – mangfald - både store og små

### **Landbruk**

- Ei hovudutfordring er å sikra generasjonsskifte og vidare drift av landbruksareal. Det må difor stimulerast til satsing og omstilling i landbruket, gjerne via samarbeidsløysingar.

### **Tilflytting**

Ei hovudutfordring er å skaffa nok hus til dei som flyttar til Kvam

### Kraft

*Følgja opp lovverk knytt til kraftverk og forvalta heradet sine retta på best mogeleg måte.*

### Alkohol og servering

Utfordringa er få kontrollert nok og representativt i helgane, då det er på dert tidspunktet det er stor aktivitet på skjenkestadane.

## Mål

- *Maksimalisera utbyttet frå sal av kraft.*
- *Sikra heradet sine retta knytt til produksjon av kraft kommunen*
- Arbeida for meir samarbeid og opplæring med løyveinnhavarane framfor kontroll og straff.
- Arbeida for tettare samarbeide med kommunane, og arbeida for utvikling av felles sakssystem.
- Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar.

### 3.12 Brann og ulykkesvern

Brann og ulykkesvern					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015
338 Førebyggjning av brannar og andre ulukker	510	207	184	200	16
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	5 450	5 226	5 212	5 425	213
<b>Brann og ulykkesvern</b>	<b>5 960</b>	<b>5 433</b>	<b>5 396</b>	<b>5 625</b>	<b>229</b>

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

Auken i funksjon 339 gjeld utdanning av deltidsbrannpersonell med 0,2 mnok. Kvam herad har fått 0,2 i rammetilskot til føremålet. Elles er det berre mindre endringar.

#### Status:

Avdeling for brann og beredskap sorterer under teknisk eining, og omfattar brannvern, brannførebyggjande og feiartenesta i Kvam herad. Stasjonane er lokalisert på Oma, Norheimsund, Øystese og Ålvik, og der brann- og redningsmannskapa i Ålvik inngår i eit samarbeid med Bjølvefossen sitt industrivern.

Totalt ser talet på utrykkingar ut til å liggja på om lag 70 – 90 pr år. Innan dei ulike øvingane har KVBR gjeve personell med særinteresse delegert undervisningsmynde for å fremja lysta til å verta i korpset. Hausten 2014 vart det og gjennomført ei større øving saman med dei andre utrykkingstenestene politi, lege og ambulanse.

Opplegget med «Fyrstehjelparar» er i år kvalitetssikra i samarbeid med lækjarane i Kvam.

Intensjonen er at brannpersonell i kritiske høve kan assistera ved akutte hendingar fram til helsepersonell/ambulanse og luftambulanse er på plass.

Vernekle og røykdykkarkamera er på plass fyrste veka i november d.å, og ein vonar dette skal bidra til å styrke redningstenesta i sitt arbeid.

Det er utfordringar knytt til plassmangel og infrastruktur knytt til eksisterande brannstasjon i Norheimsund. KVBR har derfor byrja arbeidet med å sjå på alternativ til eksisterande lokalitetar.

Tilsvarande er det utfordringar knytt til utrykkingskjøretøy, som vil medføre auka vedlikehaldskostnadar dersom deler av bilparken ikkje vert fornya.

#### Utfordringar:

KVBR har utfordringar knytt til eksisterande brannstasjon i Norheimsund, og lyt derfor prioritera arbeidet med kartlegging av alternativ lokalisering

Det er for få personar i korpset med løyve til å kunne køyra utrykking (blålyskøyning).

Det er for få personar med utvida førarkort til å kunne køyra tung bil. Dette kan eventuelt kompenseras med utskifting av deler av bilparken

Sikre lovpålagt minimumsbemanning innan brannførebyggjande arbeid. Her manglar Kvam herad 0,3 årsverk, men kan truleg avhjelpast gjennom avtale med leverandør av feiartenester.

Ressurs for redningsinnsats til sjø/vatn manglar og må skaffast

Ta opp att og jobba for å få sett i gang det såkalla «Eldreprosjektet» i heradet.

#### Målsetjing for perioden

Jobba med å utvikla øvingar og bli betre på operativ samvirke saman med dagens grunnberedskap; ambulanse, lege og politi.

Oppretthalda dialogen med alle private/off. bygg når det gjeld øvingar som førebyggjande tiltak.

Få brann- og redningstenesta dimensjonert med grunnlag i pågåande ROS-analysar.

Jobba med IUA Bergen i samarbeidet om regionalt opplæring innan oljevernet og anna akutt forureining.

## Indikatorar

	1238 Kvam	EKG11 Kostragru ppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjelder rapporteringsåret +1)	420	381	392	397	396
Årsverk til funksjon 338 pr. 1000 innbyggere	0,35	..	0,24	0,25	0,24
Andel A-objekter som har fått tilsyn	80,7	80,4	75,8	79,5	81,9
Andel piper feiet	71,1	48,7	42,1	42,5	41,3
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,41	..	0,72	0,75	0,74
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,35	0,5	0,6	0,57	0,56

### 3.13 Samferdsle og grøntanlegg

Samferdsle og grøntanlegg						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
330	Samferdsleverskjemder / transporttiltak	1 882	1 900	1 900	1 956	56
332	Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering	6 353	7 687	8 195	6 424	-1 771
333	Kommunale vegar, nyanlegg, drift og ved. (utgår 2013)	0	0	0	0	0
334	Kommunale vegar, miljø og trafikksikr. (utgår 2013)	0	0	0	0	0
335	Rekreasjon i tettstad	948	1 332	1 353	1 842	488
Samferdsle og grøntanlegg		9 183	10 918	11 448	10 221	-1 227

#### Forklaring til endringar i budsjett 2015:

I 2014 vart det tilført ekstra midlar til rasførebyggjande tiltak på 1 MNOK, teneste 332, men desse er ikkje vidareført på drift i økonimplanen. I tillegg er inntektene auka med 0,5 mnok.

Deler av summen i funksjon 335 gjeld auke i talet på offentlege toalett, men mesteparten er prosentvis fordeling som vert omfordelt til andre funksjonar i løpet av prerioden.

#### Status

Samferdsle er i hovudsak kommunale vegar. Kvam herad har delteke saman med om lag 10 andre kommunar gjennom nettverksgruppa i Norsk Kommunalteknisk Foreining i arbeidet med å få laga felles retningslinjer for graving i offentleg veg. Desse retningslinjene vart vedteke politisk hausten 2014. Det vert og arbeida med ein tilsvarande felles vegnormal. Ein vonar at denne norma vert klar i 2015.

Kvam herad er framleis prega av etterslep på vedlikehald knytt til kommunale vegar, bruer og murar. Vidare har det vore fleire utfordringar knytt til ras og fjellsikringsarbeid. Dette er arbeid som ikkje vert ferdig i 2014, men går vidare inn i 2015.

Utskifting av stikkrenner og oppdimensjonering av desse er noko ein arbeider med og vil vidareføra i 2015.

Det er kjøpt inn ei gravmaskin i 2014, noko som gjev stor gevinst både knytt til vedlikehald, kostnadsparing og beredskap.

Grøntanlegg (frioråde, parkar, plenar og bed rundt bygg) vert drive på eit minimumsnivå.

#### Utfordringar

Dersom fornyingstakten på asfaltdekke skal halde seg rundt 20 år, bør det leggst 5-6 km ny asfalt pr år. Slik ein vurderer det, bør det derfor setjast av minst 2,5 MNOK kvart år. Vert det sett av mindre midlar enn dette, vil forfallet på dei kommunale vegane auka.

Bruer har eit vedlikehaldsetterslep på om lag 2,5-3 MNOK. Ein vonar å kunne redusere dette etterslepet i 2015.

Eit våtare klima og meir ekstremnedbør medfører at ein truleg vil få fleire episodar med ras i tilknytning til infrastruktur og utbygde områder. Dette vil kunne medføre betydeleg arbeid med opprydding og skadeutbetring.

Sikring mot ras vert og noko heradet vil få store utgifter med i 2015. Dette gjeld mellom anna for Bergshagen, der kostnaden truleg vil utgjera om lag 1 – 1,5 MNOK.

Ut over dette er det og mange murar i kommunale felt som må utbetrast i 2015.

Oppgradering av bekkeinntak/stikkrenner, samt varamurar og autovern må prioriterast i 2015.

Ettersom eine hjullastaren som vert nytta i brøytekontrakten med NCC ikkje lengre er godkjent, må denne byttast ut tidleg i 2015.

Det er for lite midlar til å halde grøntanlegg tilfredstillande. Dette gjeld mellom anna for kyrkjegardar, der eksisterande ramme ikkje er tilstrekkeleg til dei resursar ein må bruke på dette.

**Mål:**

Minska etterslep på kommunale vegar, bruer, stikkrenner murer etc.

Få gjennomført prosjekt på ein god måte

Ferdigstill norm for kommunale vegar

Gjennomføra tiltak i trafikksikringsplanen

Nye park- og grøntanlegg må planleggast med tanke på lett vedlikehald

### 3.14 Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR)

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
340	Produksjon av vatn	-1 575	-1 613	-1 613	-1 497	116
345	Distribusjon av vatn	-3 648	-3 995	-3 995	-7 025	-3 030
350	Avlaupsreinsing	-862	-760	-760	-881	-122
353	Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-3 603	-4 114	-4 114	-4 926	-813
354	Tømming av slamavskillere	-14	-14	-14	-14	0
355	Innsamling av avfall	-22	-22	398	-342	-741
357	Attvinning og slutthandsaming av avfall	-438	-420	0	0	0
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)		-9 265	-10 142	-9 721	-13 448	-3 727

#### Forklaring til endringer i budsjett 2015:

Kommunen har gjort store investeringar i VA-området, men prosjekta har vorte forskyvd i tid. I økonomiplanperioden vil det medføra at utgiftene til dei ulike gebyrområda kjem til å stiga. Sjølv om gebyra har vorte haldne på same nivå seinare år, er det no likevel fondsmidlar som har vorte så gamle at dei må nyttast, ut frå «generasjonsprinsippet». «Generasjonsprinsippet» seier at ein generasjon ikkje skal subsidiera neste generasjon, og kostnadane ved tenestene som vert ytt i dag skal dekkast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta. I VAR tilsvarar ein «generasjon» 5 år. I framlegget til budsjett er det foreslått at det i 2015 berre skal fakturerast for nye tilknytingar på avløp i Kvam og på Kvamskogen, og ikkje abonnement. Når det gjeld vatn i Kvam, må gebyret aukast, medan det berre vert fakturert for tilknytingar på Kvamskogen.

Det er utarbeidd nye retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester. Desse gjeld frå 1.1.15, men kommunen kan ta dei i bruk f.o.m. 2014. I samband med omlegginga og for å få ein skikkeleg gjennomgang av VAR-området, engasjerte kommunen hausten 2014 eit firma som spesialiserer seg på sjølvkostutrekningar. Resultatet av gjennomgangen vil koma i løpet av 2015.

Tekst	Vatn	Vatn Kv.sk	Avløp	Avløp Kv.sk	Slam	Avfall	Totalt
Direkte kostnader	5 201	873	3 461	807	1 550	200	12 092
- Refundert sjukeløn	-4	0	-4	0	0	0	-9
<b>=Korrigerte direkte kostnader</b>	<b>5 197</b>	<b>873</b>	<b>3 457</b>	<b>807</b>	<b>1 550</b>	<b>200</b>	<b>12 084</b>
+ Indirekte kostnader (Adm, lokaler etc)	392	204	347	199	118	0	1 260
- Frådrag for andre inntekter	0	0	0	0	0	-1 200	-1 200
+ Avskrivningar	2 632	1 859	1 272	1 385	14	342	7 504
+ Kalkulatoriske renter	2 000	1 200	1 300	1 000	0	0	5 500
<b>=Avgiftsgrunnlaget (utgifter)</b>	<b>10 221</b>	<b>4 136</b>	<b>6 376</b>	<b>3 391</b>	<b>1 682</b>	<b>-658</b>	<b>25 148</b>
Gebyrinntekter årsgebyr	-10 900	-1 500	0	0	-2 200	0	-14 600
Gebyrinntekter tilknytningsgebyrer	-50	-550	-100	-150	0	0	-850
<b>Driftsinntekter</b>	<b>-10 950</b>	<b>-2 050</b>	<b>-100</b>	<b>-150</b>	<b>-2 200</b>	<b>0</b>	<b>-15 450</b>
<b>Driftsresultat VAR</b>	<b>-729</b>	<b>2 086</b>	<b>6 276</b>	<b>3 241</b>	<b>-518</b>	<b>-658</b>	<b>9 698</b>
Avsetning til fond	10 350	1 993	4	93	2 200	1 200	15 840
Bruk av fond	-9 621	-4 079	-6 280	-3 334	-1 682	-542	-25 538
<b>Bruk /avsetning til fond</b>	<b>729</b>	<b>-2 086</b>	<b>-6 276</b>	<b>-3 241</b>	<b>518</b>	<b>658</b>	<b>-9 698</b>
<b>=Finansiert frå driftrekneskapan</b>	<b>-</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Status:**

Var-området er gebyrfinansierte tenester. Overskot/underskot på desse områda vert balansert mot opparbeidde fond. Området er delt opp i to: Kvam og Kvamskogen.

Drifta av vassforsyning og avlaup er god, med lite nedetid. Ein har ein fagleg god driftsorganisasjon som til no klarer å handtere både drift og tilhøyrande prosjekt.

Det er også i løpet av 2014 gjort vesentlege investeringar bl.a. i Kvammapakken, der ein har fått lagt nytt/rehabiliterert VA-røyr.

Arbeidet med Kvamskogen vassverk er gjort ferdig. Arbeidet med VA-anlegg mot Samnanger på Kvamskogen går inn i sluttfasen, og kan truleg setjast i drift før vinteren.

Ein er i gang med planlegging og vurdering av type reinseanlegg i Øystese.

Kvam herad har vedteke ny VA-norm for kommunale anlegg og for anlegg som kommunen skal overta. Det vert også sett krav til private anlegg som skal knyte seg til.

BIR hentar inn hushaldningsavfall frå Kvam herad.

I 2014 vart teneste 357 tatt ut og slått saman med 355, noko som er årsaka til avviket på teneste 355 for 2014/2015.

**Utfordringar:**

Ein vil ikkje nå fristen om ferdig nytt reinseanlegg innan 31.12.2015. Fylkesmannen krev ein forpliktande framdriftsplan. Kvam herad har søkt Fylkesmannen om å kome med planen innan 1.4.2015.

Samordning av tiltak med anna infrastruktur er viktig. VA prosjekt knytt til Kvammapakken er eksempel på dette. Spesielt er det viktig å få gode løysingar mellom Norheimsund og Øystese, då dette vert ei «hovudåre» fram til det nye reinseanlegget. Det er fortsatt for mykje nedbørsrelatert vatn som kjem inn i separatsystema for avlaup. Aukande nedbørsintensitet fører også til driftsproblem, men også farlege situasjonar kan oppstå dersom ikkje overvass-systema tek unna. Dette er spesielt utfordrande i gamle byggefelt.

Det er krevjande å administrera to avgiftsområde. I tillegg får områda på avløp felles anlegg når avløp frå Kvamskogen vert teke ned til reanseanlegg i Kvam. Det bør difor vurderast ei samanslåing av dei to avgiftsområda.

**Målsetjing for perioden**

Hovudplanar for vatn og avlaup skal reviderast. Oppfylging av tiltak i noverande og reviderte planar er viktig. Separate saneringsplanar skal utarbeidast der er planlagt større reguleringsplanar eller det kjem større utbyggingar. Det er fokus på Notaneset reinseanlegg og oppgradering av VA-leidningar til Torpe, i tillegg til pågåande arbeid i Kvammapakken.

Nyanlegg må planleggjast robuste og med tanke på lett vedlikehald

Vurdera samanslåing av avgiftsområda.

### 3.15 Kultur

Kultur						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
231	Aktivitetstilbud born og unge	388	412	412	515	104
365	Kulturminnevern	0	0	0	0	0
370	Bibliotek	2 493	2 523	2 333	2 883	550
373	Kino	300	312	312	321	9
375	Museèum	888	844	844	878	34
377	Kunstformidling	640	618	613	647	33
380	Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	-1 194	-483	-483	1 505	1 988
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 819	1 455	1 476	1 970	494
385	Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	1 668	2 107	2 078	1 975	-103
386	Kommunale kulturbygg	77	359	373	545	171
	Kultur	8 081	8 145	7 958	11 239	3 281

#### Forklaring til endringar i budsjett for 2015:

Tilskot til aktivitetstilbud til barn og unge er auka med 0,1 mnok.

Auken i bibliotek, funksjon 370, gjeld auke i FDV og reinhaldsutgifter som vil verta fordelt på andre tenester i løpet av året. Det same gjeld for auke i 381 og 386.

Funksjon, 373, 375, 377 har berre mindre endringar.

Idrett og tilskot til andre idrettsanlegg aukar med 2,0 mnok. Grunnen til auken er at spelemidlar for 2015 skal avsetjast til fond. Spelemidlar 2015 er tildelt Strandebarm idrettshall. Prosjektet er tidlegare delvis finansiert med lån av fond, som no skal tilbakebetalt.

0,1 mnok er overført til 377 frå 385.

#### Status:

##### Bibliotek

Etter gjennomføring av innsparingstiltak, har biblioteket ca 3,2 årsverk fordelt på bibliotek i Norheimsund, Øystese, Ålvik og Strandebarm. Filialen i Øystese vert avvikla f.o.m. 1.1.14. I Ålvik er biblioteket lokalisert i kafèlokala i sentrum, medan filialen i Strandebarm er på skulen. Bibliotek er eit lågterskeltilbud for fagleg rettleiing og offentleg informasjon for innbyggjarane i kommunen, og viktig som møtestad og i integreringsarbeid. Avdelinga er knytta til Informasjonsavdelinga for å utnytte informasjonskompetansen.

##### Idrett

Kvam herad er utan idrettskonsulent, etter at stillinga vart borte i frå budsjettet i 2013. Arbeidet med idrett er no fordelt utover fleire stillingar innafor samfunn og utvikling. Etter at ny leiar for kultur og integrering kom på plass i april, har det vore tett kontakt mellom kulturkontoret og Kvam idrettsråd. Det vart signert samarbeidsavtale mellom kommunen og idrettsrådet i juni 2014. Idretten har funne ei ordning der idrettsrådet er eit velfungerande kontaktpunkt mellom idrettslaga og kommunen.

Grunnlaget for ny skytebane i Vangdalsåsen er godt i gang. Kvam herad bidreg med 10 mnok til felles infrastruktur og grunnverv. Kvam herad er også observatør i skytebanenemnda. Det vert søkt om

spelemidlar for anlegget i frå 2015. Samstundes med arbeidet i Vangdalsåsen har skyttarlaget søkt om forlenga bruk av skytebanen i Tolomarka i 2015.

Det vart i 2013 innført betaling for bruk av basseng. Dette er ført vidare for 2014/2015. I samsvar med heradsstyrevedtaket har idrettslaga tatt på seg organiseringa av den offentlege badinga i Ålvik og Strandebarm.

Utfylling i Vikøyevjo i samband med Kvammapakken har også ført til at det kan vera realistisk med eit velfungerande idrettsanlegg der i løpet av økonomiplanperioden.

### Kultur

Det vart tilsett leiar for kultur og integrering i frå 01.04.2014. Kulturavdelinga har og fått kulturskulen og støttekontakttenesta knytt til seg i frå 2014, samstundes som også integrering har vorte ein viktig del av kulturavdelinga.

Kulturavdelinga har i 2014 vore eit viktig bindeledd i mellom det offentlege og andre bidragsytarar innafor kulturfeltet, slik at små og store arrangement når ut til kommunen sine innbyggjarar.

Strategisk kulturplanlegging, prosjekt, søknader om eksterne tilskot osv er ein ressurskrevjande del av arbeidsfeltet innafor kultur. Arrangement som KORK, var eit slikt arrangement i 2014. I 2015 kan «Hans E. Kinck 150 år», verte eit slikt arrangement, der kulturavdelinga skal vera med å bidra. Dette vil også gjelde for andre samarbeidsprosjekt der kulturavdelinga er involvert i lag med andre. Det same gjeld kommunen sitt arbeid knytt til museumsarbeid, representasjon, utadretta arbeidd knytt til frivillige lag/org, sakshandsaming, tilskotsordningar, planarbeid og drift av tiltak.

Integreringsarbeid knytt til fritid er ein del av avdelinga sitt nye arbeidsfelt for 2014, og ikkje minst for 2015, og vidare utover i økonomiplanperioden. Integreringsplanen som er under utarbeiding vert eit viktig dokument for kommunen i det vidare arbeidet innafor dette feltet.

Deler av støttekontakttenesta er lagt til avdelinga, og integreringsarbeidet knytt til ulike grupper er i startfasen.

Kulturskulen har også vorte ein del av kulturavdelinga. Kulturskulen har no etablert «Bornas verdsdag» og «Fleire fargar» på fast basis. Begge desse tiltaka har fokus på integrering. Elles er søknadsmassen lågare for 2015 på ordinære kulturskuledisiplinar, så det er ikkje ventelister.

### **Utfordringar:**

#### Bibliotek

Rammevilkåra for bibliotektenesta i Kvam har endra seg og det er behov for å revidera bibliotekplan for å utarbeida nye mål og strategiar for denne tenesta.

#### Idrett

Det vert gjort veldig mykje godt og frivillig arbeid innafor idrettslaga i kommunen i dag. Krava til bruk og drift av anlegga er store, det er difor viktig at kommunen har velfungerande og gode anlegg. Prioriteringane som i dag vert gjort når det gjeld idrettsanlegg er basert på idretts- og friluftspanen i frå 2005. Skal Kvam herad fortsetja med å ha moderne anlegg, er det viktig at idrettsplanen no vert rullert slik at anlegga er oppdatert i samsvar med krava som vert stilt for framtida.

Ordninga med at idrettslaga tek på seg å organisere den offentlege badinga i Ålvik og Strandebarm, er ressurskrevande for idrettslaga og den er avhengig av at ivrige eldsjeler tek på seg dette arbeidet. Utfordringa utover i økonomiplanperioden vil vera å få til ei offentlig bading der idrettslaga framleis

tek på seg dette ansvaret. Badinga er veldig viktig som grunnlag for symjeopplæring og for å fremme folkehelse i kommunen.

### Kultur

Det er ei utfordring å gje kulturtilbod til alle, uansett funksjonsnivå og kulturelle/sosiale barrierar. Dette arbeidet krev store ressursar, samarbeid med ulike etatar og frivillige lag og organisasjonar. Økonomiske verkemiddel, tilskot og samarbeid er utfordringar, - og avgjerande for gode resultat.

Musea i kommunen har utfordringar knytt til forfall og bruk. Dette vil krevja store ressursar over tid. Kulturminneplan er og ei utfordring å få på plass, før ein har på plass meir ressursar. Lokalhistorisk arkiv må systematiserast med bilete og anna lokalhistorisk materiale. Det vil vera ei utfordring å få til eit godt intergeringsarbeid innafør eininga, om omfanget skal utvidast og det ikkje vert tilført ekstra ressursar.

Kinobygget treng oppgradering,- dette gjeld særleg den utvendige fasaden mm.

### **Målsetjing for perioden:**

Eit av måla for perioden er å revidera biblioteksplanen, men inntil vidare er målsetjinga for biblioteket fastlagt i bibliotekplan og Kommuneplanen 2002 -2014: «*Biblioteket skal vidareutviklast til å vera ein lett tilgjengeleg møteplass for alle grupper, med tilgang på informasjon med høg kvalitet via tradisjonelle og nye media*».

Eit anna mål for perioden er å koma i gang med rullering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv i løpet av 2015.

- Vidareutvikla møteplassar og stimulera til kulturtilbod for alle i kommunen, - der ein har fokus på inkludering og integrering for alle aldersgrupper.
- Få til ei god integrering av nye kvenningar frå inn- og utland.
- Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge.
- Starta opp arbeidet med kulturminneplan for Kvam i 2015.
- Få i gang prosjektet-Kvammalokk revisited (Bulyst)
- Auke i aktivitet knytt til musea gjennom samarbeid med frivillige og venelag.
- Utreie retningsliner for tildeling av kommunalt tilskot innan kulturfeltet.

### 3.16 Kyrkje

Kyrkje						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
390	Den norske kyrkja	3 849	3 850	3 850	3 950	100
392	Andre religiøse føremål	176	150	150	175	25
393	Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	938	974	974	1 078	104
	Kyrkje	4 963	4 973	4 973	5 203	229

#### Forklaring til endringar i budsjett for 2015:

I 2014 vart tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd helde på same nivå som i 2013, etter ein auke på kr 250.000 dette året. For 2015 har rådet søkt om kr 320.000, men rådmannen har lagt inn kr 170.000 i sitt forslag, som er ein auke på vel 3,6%, fordelt på kr 100.000 til Den norske kyrkja og kr 70.000 til gravplassar. I tillegg aukar kommunen sine eigne kostnader til kyrkjegardar med kr 30.000. Andre religiøse føremål skal ha same tilskot pr. medlem som Kyrkjeleg fellesråd. Tilskotet til andre religiøse føremål aukar difor når tilskotet til Den norske kyrkja aukar, men varierer og med medlemstal. For 2015 er denne auka med kr 25.000 til kr 175.000.

#### Status:

Kyrkjeleg fellesråd, andre religiøse føremål og kyrkjegardane i Kvam mottok årleg tilskot frå Kvam herad på over 5 mill.kr. I tillegg har kommunen hatt ei utgift på 0,2 mill.kr med stell av kyrkjegardane.

#### Utfordringar:

Kvam brukar meir pengar på tenesteområdet enn samanliknbare kommunar, og har ved fleire høve gjeve ekstra tilskot for bl.a. å sletta gjeld. Kvam er ein langstrakt kommune, og Kyrkjeleg fellesråd har same utfordringane som kommunen har hatt med desentralisert struktur og mange bygg med stort vedlikehaldsetterslep. Det statlege tilskotet forsvann i 2009, og ynskt kommunalt tilskot frå fellesrådet har i alle år overstige kommunen sine budsjettløyvingar.

#### Målsetjing for perioden:

Gode rammevilkår for kyrkja gjennom godt samarbeid.

### 3.17 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
800 Skatt på inntekt og formue	-227 650	-236 693	-232 058	-240 291	-8 233	
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statstti	-267 420	-277 131	-276 661	-275 614	1 047	
850 Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.	-9 907	-9 270	-9 170	-9 270	-100	
<b>Skatt og rammetilskot</b>	<b>-504 977</b>	<b>-523 094</b>	<b>-517 889</b>	<b>-525 175</b>	<b>-7 286</b>	

#### Forklaring til endringar i budsjett for 2015:

Staten legg opp til ein høg skattevekst til neste år, med heile 8,1 mnok for Kvam herad sin del. Kvam herad har i tillegg eigedomsskatt. Det er kalkulert med ein auke på 0,1 mnok frå næringssegedomar. Rammetilskotet er redusert med 0,8 mnok, hovudsakleg fordi medfinansieringa er trekt ut. I tillegg er andre statlege overføringar redusert med 0,5 mnok. Verskommunetilskotet er auka med 0,3 mnok, total reduksjon på 1 mnok.

Statstilskot til flyktningar, funksjon 850, er budsjettetert med ein netto auke på 0,1 mnok.

Rammetilskot	2014	2015	Endring	%-vis skilnad
Distriktstilskot Sør-Norge	6 744 000	3 489 000	-3 255 000	-48,3%
Inntektsutjamning	14 100 000	15 266 000	1 166 000	8,3%
Ordinært	232 977 000	234 470 000	1 493 000	0,6%
Skjønndel	10 300 000	9 600 000	- 700 000	6,8%
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>264 121 000</b>	<b>262 825 000</b>	<b>-1 296 000</b>	<b>0,5%</b>
Skatt	192 058 000	200 191 000	8 133 000	4,2%
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>456 179 000</b>	<b>463 016 000</b>	<b>6 837 000</b>	<b>1,5%</b>

#### Status:

Det statlege rammetilskotet og Kvam sin del av skatteinntektene frå bedriftene og lønstakarane i kommunen utgjer over 70% av driftsinntektene til kommunen.

Rammetilskotet vert i hovudsak tildelt ut frå folketallet, fordelt på ulike folkegrupper (ordinært rammetilskot). I tillegg får kommunen eit distriktstilskot og ein skjønndel. Skjønndelen har i mange år vore ein kompensasjon for at Kvam ikkje lenger fekk redusert arbeidsgjevaravgift (vart auka frå 10,6% til 14,1%). For 2015 utgjer dette 9,3 mnok av skjønsmidlane på 9,6 mnok. 2015 er siste året med kompensasjon for redusert arbeidsgjevaravgift. Skjønsmidlane vert truleg ikkje fjerna heilt, men fylkesmannen sine totale skjønsmidlar har vorte redusert for kvart år, og han vil stå friare i høve tildelinga av desse.

Til sist får kommunen ei inntektsutjamning som er ein kompensasjon til kommunar med skatteinntekter under landssnittet. I 2010-2012 har Kvam sitt nivå vore 89,3% i høve landssnittet.

Kvam herad har eigedomsskatt på maksimalsatsen 7 promille for verk og bruk, medan bustader og fritidsegedomar har ein sats på 3,5 promille. Rådmannen har ikkje funne rom for reduksjon i økonomiplanperioden. Tvert om har rådmannen sett seg nøydd til å auka med 0,5 promille f.o.m. 2016.

Kommunen får i tillegg statlege overføringar som vertskommune (7,6 mnok) og flyktningtilskot (9,6 mnok) og kompensasjon for rente og avdrag til investeringar i bl.a. eldreomsorg og skulebygg (5,2 mnok).

#### **Utfordringar:**

Veksten i rammetilskotet skal i tillegg til å dekkja den generelle løns- og prisvekst på 3,0%, mellom anna dekkja følgjande nye oppgåver:

- a. Utjamninga mellom kommunale og private barnehagar held fram, og tilskotet auka til 98% f.o.m. 1.8.14.
- b. Moderasjonsordning i barnehage
- c. Utvida valfag i ungdomsskulen 10. trinn
- d. Redusert eigenandel for personar på dobbeltrom
- e. Auka kommunal eigenandel i statlege barnevernsinstitusjonar med ca. kr 65.000 pr. mnd.
- f. Statleg tilsyn med barn i fosterheim og samvær under tilsyn
- g. Brukarstyrt personleg assistanse
- h. Gjeldsrådgjeving

I tillegg er det lagt opp til ei satsing på helsestasjons- og skulehelseteneste (0,6 mill.kr for Kvam), og utdanning av deltidsbrannpersonell (0,2 mill.kr). Staten har og nok ein gong redusert sitt tilskot til ressurskrevande brukarar.

Til fråtrekk i rammetilskotet kjem m.a.:

- a. Auke i kontantstøtte
- b. Reversering av innføring av kulturskuletilbod i skule/sfo
- c. Reverseing av ordninga med gratis frukt og grønt
- d. Auka tal for elevar i statlege og private skular
- e. Styrking av NAV sine kontaktsenter
- f. Adopsjon, flytting av utgreiingsansvar frå kommunane til Bufetat
- g. Endring av ansvar for produksjon og utsending av valkort
- h. Samhandlingsreforma, kommunal medfinansiering
- i. Uttrekk av frigjote midlar ved utbygging av tilbod om augeblikkeleg hjelp
- j. Auka maksimalpris barnehage

Totalt er det trekt ut 10,5 mnok frå rammetilskotet til Kvam herad for endringar i oppgåver, der uttrekket av medfinansieringa er den største posten.

Erfaringa for Kvam, er at når øymerka midlar vert overført til rammetilskot, krympar summen.

Motsett, er uttrekket større enn det kommunen sit att med i reduserte utgifter eller får attende i øymerka tilskot. Det er utfordrande og vanskeleg å få gjennomslag for endringar i kriteriedata som fell uheldig ut fom Kvam, då Kvam er ein liten kommune blant eit mange andre med ulike utgangspunkt.

#### **Målsetjing for perioden:**

Arbeida for å utvikla kommunen for å skapa sunn demografi, vekst i folketal og for å leggja til rette for auke i skatteinntekter.

### 3.18 Finans

Finans						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphav. Bud 2014	Just bud 2014	Bud 2015	Endring 2014/2015	
870 Renter / utbyte og lån	20 555	20 154	19 454	29 702	10 248	
880 Interne finansieringstransaksjonar	8 152	6 916	-2 952	-4 801	-1 849	
899 Tidlegare års meir-/mindreforbruk	0	0	0	-1 156	-1 156	
<b>Finans</b>	<b>28 707</b>	<b>27 070</b>	<b>16 502</b>	<b>23 745</b>	<b>7 243</b>	

#### Forklaring til endringar i budsjett for 2015

På grunn av at dei store investeringsprosjekta innanfor skule og barnehage er forskyvd i tid, men låneopptaket allereie gjort, er det små endringar i avdragsutgiftene til kommunen. Tillegg ser rentenivået ut til å halda seg låge. Avdragsutgiftene aukar med 0,5 mnok til 30,2 mnok og renteutgiftene på same nivå, 22 mnok.

Aksjeutbyttet er redusert med 7,8 mnok kr til 14,6 mnok. 7,5 mnok av utbyttet frå Kvam kraftverk AS var i 2014 uttak til finansiering av Jondalstunnelen. I økonomiplanperioden er utbyttet frå Kvam kraftverk AS redusert med ytterlegare 1 mnok pr. år.

Renteinntektene er redusert med 2 mnok, både fordi avkastninga er forventa å verta lågare, og fordi likvidane kjem til å verta redusert då dei vert brukt til betaling av investeringsprosjekt.

Funksjon 880 vert nytta til interne finansieringstransaksjonar som avsetning og bruk av fondsmidlar og innsparingstiltak som ikkje er konkretiserte på funksjon. Fondsdisponeringane utgjør -3,4 mnok. I 2014 låg det innsparingstiltak på 2 mnok, som i 2015 er innarbeidd i andre KOSTRA-tema.

Funksjon 899 er disponering av tidlegare mindreforbruk, som vert nytta til å finansiera meirforbruket i 2015.

#### Status:

KOSTRA-tema 870 er nettoen av renteutgifter/-inntekter (inkl. kalkulatoriske renter til VAR-område og byggeprosjektsrenter), aksjeutbyte (Kvam kraftverk AS og BKK AS) og låneavdrag.

Den internasjonale finanskrisa har gjeve gode rentevilkår for norske kommunar, sjølv på fastlån. I teorien betalar låntakar ein «forsikringspremie» når ein sikrar eit lån. Nivået er no likevel så lågt at rådmannen har vurdert «nedsida» som liten, og «oppsida» på rentenivået så høg at det er verdtt prisen for å få forutsigbare rammer for økonomien. Og ein vil koma svært gunstig ut dersom rentene uventa stig meir enn det som låg til grunn i sikringstidspunktet.

På grunn av tidsforskyvingar i prosjektfinansieringa, har kommunen kunne plassert lånemidlar til avkastningar på over 3%. Det har gjeve gode ekstraintekter i periodar.

Tema 880 er avsetning til/bruk av fondsmidlar til finansiering av drifta. Meirforbruket til kommunen er førebels finansiert med fondsmidlar, men midlane tek slutt. Kommunen må difor redusera utgiftene sine og/eller auka inntektene.

#### Utfordringar:

Det er i funksjon 870 effekten av investeringsnivået i Kvam herad gjer seg gjeldande då rente- og avdragsutgiftene aukar, sjølv om rentenivået er svært gunstig. I 2015 er nettoutgiftene til denne funksjonen på 10 mnok meir enn i 2014.

Samstundes med at kraftinntekene har vorte lågare, skal Kvam kraftverk AS gjera store investeringar og har bedt om å betala ut lågare utbytte til eineaksjonæren Kvam herad. Det gjev sjølvsgt kommunen ekstra utfordringar.

Rentenivå er lågt. 1% auke på kommunen sin lånemasse på over 900 mill.kr medfører auke på 9 mill.kr, men VAR-andelen av låna er sjølvfinansierende (dvs. vert fordelt ut på avgiftene til abonnentane).

#### Målsetjing for perioden:

Halda fram med å sikra låneporteføljen på låge rentenivå for å skapa forutsigbare driftsnivå i øk.planperioden.

Revurdera finansreglement for å sjå om kommunen kan oppnå høgare avkastning.

Å halda fram arbeidet med å finna innsparingskjelder som maksimerer inntekter og minimerer utgifter for lovpålagde tenester og politisk prioriterte tenester utover det lovpålagde, og ivareta kravet til servicenivå for desse tenestene.

#### Indikatorar:

	1238 Kvam	EKG11 Kostragru ppe 11	EKA12 Hordaland	EAKUO Landet uten Oslo	EAK Landet
	2013	2013	2013	2013	2013
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	102,5	68,2	62	66,9	54,5
Bruk av lån (netto), i % av brutto investeringsutgifter	84,8	72,8	75	65,1	64,5

### **3.19 Kommunale bygg**

#### **Status**

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar er samla under avdelinga for FDV-Bygg i teknisk eining. Arbeidet i avdelinga omfattar bygningar og eigedomar for alle tenesteområda. Utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda.

Grunna rekrutteringsvanskar, har avdelinga vore utan leiar frå hausten 2013 og fram til dags dato. Dette har fått konsekvensar for avdelinga sin kapasitet til å arbeida med overordna vedlikehaldsplanar og tenesteforbetring. Ein ser det derfor som veldig positivt at heradet no har fått tilsett ein ny dyktig FDV-Bygg leiar, og ser fram til at han vil byrja i november 2014.

Kvam herad si investering i bygg har vore stor i mange år. Dette har til no særleg vore gjeldande innan einingane skule og omsorg, men der ein no og skal gjera større investeringar innanfor barnehagar. Desse investeringane påverkar også drifta, og der det ikkje alltid er samheng mellom investerings-, drift- og vedlikehaldsbudsjett. Nye offentlege bygg inneheld vidare omfattande tekniske anlegg og installasjonar som må finjusterast for å fungere saman. I ein oppstartsperiode er det ofte problem knytt til dette, og driftsetting av nye bygg medfører såleis betydeleg arbeid for avdelinga. For framtidige byggjeprojekt vonar ein å kunne unngå noko av dette meirarbeidet ved å la prøvedrift vera ein del av entreprenørens leveranse. Sjølv med kontraktsfesta prøvedrift i oppstartperioden, vil arbeidet med tekniske anlegg likevel verta ein større og større del av drift og vedlikehaldsarbeidet for kommunale bygg. Ein merkar og at fleire av dei nyare utbyggingsprosjekta i Kvam herad no nærmar seg ei levetid der vedlikehaldskravet knytt til dei tekniske anlegga aukar. Låg bemanning og små midlar har ført til aukande etterslep og uløyste oppgåver. Brukarane si forventning er vanskeleg å etterkoma innanfor noverande ressursituasjon og økonomiske rammer. Følgjeleg er det store restansar på innkomne ynskjer, og responstida kan vera lang. Eit estimat på fullverdiforsikringsverdi av Kvam herad sine bygg er ca 1,4 mrd kr. Eit nøkkeltal på 2 % verdivedlikehald pr. år skulle dermed medføre eit årleg vedlikehaldsbudsjett på om lag 28 mill kr. Lekkasjar i tak er framleis eit problem for fleire kommunale bygg. Dette kan medføre vesentlege følgjeskader, og det er viktig at avdelinga har tilstrekkelege rammer til å raskt kunne utbetre lekkasjane. Dette for å kunne redusere omfanget av følgjeskadane.

Prosjektet for utbetring av kommunale bygg i 2014, er nytta til oppussing og utbetring av husværa på Gropaflaten i Øystese. Vidare er prosjektet nytta til nødvendig utbetring av øydelagde og brannfarlege lysarmatur i Strandebarm aldersheim. Til slutt skal årets oppgraderingsprosjekt nyttast til utskifting av arbeidskrevjande og dyrt sentralstyrt nøddlyssystem på Mikkjelsflaten.

Kvam herad har motteke støtte til å gjennomføre ei kartlegging av energisparingstiltak i dei største kommunale bygga. Kartlegginga vart gjennomført av ENØK, og gav fleire forslag til mindre utbetringar som raskt ville verta spart inn gjennom redusert energiforbruk. Straumprisane har rett nok vore låge i vinteren 2013/2014, men avdelinga meiner likevel det er grunn til å gå vidare med fleire av dei føreslåtte tiltaka.

#### **Utfordringar**

Nye bygg har meir omfattande driftskrav knytt til tekniske anlegg enn gamle bygg; kompetansekrava til vedlikehaldspersonell er aukande på mange område.

Vedlikehaldsetterslepet er omfattande, og avgrensa personell og økonomiske ressursar gjer det utfordrande å hente inn dette etterslepet.

Ny bruk og utleige av Norheimsund ungdomsskule medfører vesentleg reinhald og vedlikehaldsbehov, og utfordrar følgjeleg pressa resursar ytterlegare.

Gjennomgang av serviceerklæringane for byggdrift er starta. Primær oppgåva er drift og vedlikehald av kommunane sine eigne bygg med dagleg bruk. Skal det ystast tenester utover det, til dømes i samband med leigde bustadar, oppfølging av leigetakarar, kontroll ved ut-/innflytting med vidare, må det setjast av eigne ressursar til det.

Avdelinga manglar i dag eit internkontrollsystem som fortel om status og framtidig vedlikehaldsbehov for dei ulike bygga i heradet.  
Spørsmål om framtidig lokalisering av avdelinga gjer det naudsynt å sjå på korleis avdelinga skal organiserast og plasserast.

**Mål:**

Redusera vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningsmasse

Sikre god standard på nye bygg

Lage gode vedlikehaldsplanar for oversikt og ei mest mogleg effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar

Sikre god dialog og samspel med brukarar av dei kommunale bygga

Redusera heradet bygningsmasse der ein ikkje har noverande eller framtidige eigarbehov

Sikre kontinuerleg forbetring i effektivitet og arbeidsmetodar

### 3.20 Sosiale kostnader inkludert premieavvik

Sosiale kostnader inkludert premieavvik					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphavleg bud 2014	Justert Bud. 2014	Budsjett 2015	Endring 2014/2015
Politisk verksemd	461	517	517	521	4 0
Adm. og fellesutgifter	8 156	-1 063	-1 063	4 890	5 953 0
Barnehagar	14 946	15 227	15 611	16 219	608 0
Grunnskule	28 429	33 365	33 449	29 019	-4 430 0
Kommunehelse	4 428	5 278	5 277	5 547	269 0
Pleie- og omsorgstenesta	40 278	45 239	45 239	44 702	-536 0
Sosialteneste og NAV	2 028	3 578	3 578	2 201	-1 377 0
Barnevern	2 591	3 484	3 484	3 345	-140 0
Bustader	1 006	1 027	1 027	734	-293 0
Plan	2 382	2 694	2 694	2 414	-281 0
Næringsstøtte og komm. forretnings	488	588	389	370	-20 0
Brann og ulykkesvern	1 288	1 562	1 562	1 559	-3 0
Samferdsle og grøntanlegg	950	1 100	1 100	1 334	234 0
Vatn	1 586	1 791	1 791	1 682	-109 0
Kultur	1 698	1 141	1 111	1 666	555 0
Kyrkje	37	50	50	58	7 0
Finans	0	-159	-159	0	159 0
<b>Totalt</b>	<b>110 755</b>	<b>115 419</b>	<b>115 659</b>	<b>116 259</b>	<b>600</b>

#### Forklaring til endringar i budsjett for 2015:

01.01.2014 bytte Kvam herad pensjonsselskap på hovudordninga frå Storebrand til KLP. Det er forventa ein auke på sosiale utgifter på 0,6 mnok. På pensjon inkludert premieavvik er auken berekna til 2,5 mnok, samtidig som arbeidsgjevaravgift vert redusert med 1,9 mnok. For høgt budsjett på arbeidsgjevaravgift i 2014 er årsaka til reduksjonen på budsjett 2015.


#### Andre opplysningar

Alle sosiale kostnader er tatt ut av tabellane på kvart rammeområde. Dette er gjort fordi endringane her oftast ikkje har samanheng med drifta av rammeområde. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

Den årlege pensjonskostnaden for kommunane har auka kraftig dei siste åra. Dette har likevel ikkje vorte kompensert for i overføringane frå staten, heller ikkje i forslag til statsbudsjett 2015.

### Pensjonskostnader og premieavvik

I kommunens rekneskap vert pensjonspremie til kommunens to pensjonsordningar KLP (sjukepleiarordninga og hovudordninga) og SPK (lærarar) utgiftsført. I henhold til den kommunale regnskapsforskriftens § 13 er det aktuarberekna netto pensjonskostnad som derimot skal belastast driftsresultatet. Dette gjer at driftsresultatet må korrigerast for differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna netto pensjonskostnad, også kalla premieavvik. Kvam har stort sett kvart år betalt meir i pensjonspremie enn netto pensjonskostnad. Eit slikt positivt premieavvik forbetrar rekneskapen det året det oppstår. Året etter skal premieavviket tilbakeførast (amortiserast) med like store beløp over 7 år (tidlegare 10 og 15 år). Det vil seie at 1/7 av premieavviket skal belastast framtidige rekneskap kvart år. Sidan det amortiserte premieavvik berre aukar for kvart år som går, kan denne kostnad verta vanskeleg å handtera i framtida.



Diagrammet viser rekneskapstal 2007-2013

### 3.21 Avskrivningar

Avskrivningar					
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Opphavleg bud 2014	Justert Bud. 2014	Budsjett 2015	Endring 2014/20 15
Politisk verksemd	38	38	38	322	284 0
Adm. og fellesutgifter	2 568	2 506	2 506	3 110	604 0
Barnehagar	1 097	1 097	1 097	1 097	0 0
Grunnskule	9 909	9 432	9 432	10 112	680 0
Kommunehelse	180	211	211	199	-12 0
Pleie- og omsorgstenesta	3 754	3 446	3 446	3 522	76 0 0 0
Bustader	5 202	3 811	3 811	3 867	55 0
Plan	92	51	51	51	0 0
Næringsstøtte og komm. forretnings	157	957	957	527	-430 0
Brann og ulykkesvern	405	335	335	323	-12 0
Samferdsle og grøntanlegg	2 067	2 217	2 217	2 564	348 0
Vatn	5 447	5 997	5 997	7 504	1 507
Kultur	2 791	3 820	3 820	3 889	69 0
Motpost avskrivningar	-33 709	-33 918	-33 918	-37 086	-3 168 0
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Andre opplysningar:

Avskrivningane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell. Avskrivningane vert stort sett ikkje ført før heilt på slutten av året. I ein del tilfelle kan dette føre til eit svært skeivt bilete av forbruksprosenten på området.

## 4. Økonomisk oversikt – driftsbudsjett 2015-2018

### 4.1 Hovudoversikt totalt 2015 – 2018 (inkl. prosjekt og VAR)

DRIFTSINNTEKTER	Rek 13	Bud 14	Bud 15	Endring			
				2015-2014	Bud 16	Bud 17	Bud 18
LN03 Brukarbetalingar	22 878	22 106	23 330	1 223	23 330	23 330	23 330
LN04 Andre sals- og leigeinntekter	49 352	48 058	45 968	-2 090	56 219	58 219	58 719
LN05 Overføringer med krav til motyting	88 299	59 678	65 215	5 537	62 794	62 794	63 294
LN06 Rammetilskot frå staten	254 753	263 651	262 825	-826	262 825	262 825	262 825
LN07 Andre statlege overføringer	40 577	35 520	36 899	1 379	36 899	36 899	36 899
LN08 Andre overføringer	11 961	13 578	11 628	-1 950	8 578	8 578	8 578
LN09 Skatt på inntekt og formue	189 267	192 058	200 191	8 133	200 191	200 191	200 191
LN10 Eigedomsskatt	38 383	40 000	40 100	100	45 800	45 800	45 800
LN11 Andre direkte og indirekte skattar	3 872	3 888	3 900	12	3 900	3 900	3 900
<b>LN12 Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>699 343</b>	<b>678 537</b>	<b>690 056</b>	<b>11 519</b>	<b>700 536</b>	<b>702 536</b>
<b>LN12 Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>699 343</b>	<b>678 537</b>	<b>690 056</b>	<b>11 519</b>	<b>700 536</b>	<b>702 536</b>
DRIFTSUTGIFTER	Rek 13	Bud 14	Bud 15	Endring			
LN14 Lønsutgifter	367 697	372 681	390 042	17 361	386 736	384 648	384 608
LN15 Sosiale utgifter	110 755	115 857	116 528	671	116 528	115 656	115 656
LN16 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	81 041	80 192	78 067	-2 125	72 566	71 786	73 598
LN17 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	34 254	31 157	33 539	2 383	33 539	32 539	32 539
LN18 Overføringer	72 709	67 274	53 357	-13 917	52 436	52 436	52 936
LN19 Avskrivningar	33 709	33 918	37 086	3 168	37 986	41 986	41 686
LN20 Fordelte utgifter	-1 810	-2 359	-2 155	203	-2 155	-2 155	-2 155
<b>LN21 Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>698 354</b>	<b>698 720</b>	<b>7 064</b>	<b>697 636</b>	<b>696 896</b>	<b>698 868</b>
<b>LN21 Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>698 354</b>	<b>698 720</b>	<b>7 064</b>	<b>697 636</b>	<b>696 896</b>	<b>698 868</b>
<b>LN23 BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>D=B-C</b>	<b>989</b>	<b>-20 183</b>	<b>-16 408</b>	<b>3 775</b>	<b>2 900</b>	<b>4 668</b>
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER	Rek 13	Bud 14	Bud 15	Endring			
LN24 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	26 271	33 700	23 950	-9 750	22 950	21 950	20 950
LN25 Gevinst finansielle instrumenter	1 206	100	100	0	100	100	100
LN26 Mottekne avdrag på lån	85	0	0	0	0	0	0
<b>LN27 Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>E</b>	<b>27 562</b>	<b>33 800</b>	<b>24 050</b>	<b>-9 750</b>	<b>23 050</b>	<b>21 050</b>
Renteutgifter, provisjon og andre							
LN28 finansutgifter	20 965	24 003	24 005	2	26 605	26 905	26 405
LN29 Tap finansielle instrumenter	96	100	200	100	200	200	200
LN30 Avdragsutgifter	26 103	29 700	30 200	500	31 200	31 500	30 350
<b>LN32 Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>47 164</b>	<b>53 803</b>	<b>54 405</b>	<b>602</b>	<b>58 005</b>	<b>56 955</b>
<b>LN32 Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>47 164</b>	<b>53 803</b>	<b>54 405</b>	<b>602</b>	<b>58 005</b>	<b>56 955</b>
<b>Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>-19 602</b>	<b>-20 003</b>	<b>-30 355</b>	<b>-10 352</b>	<b>-34 955</b>	<b>-35 905</b>
<b>LN34 finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>-19 602</b>	<b>-20 003</b>	<b>-30 355</b>	<b>-10 352</b>	<b>-34 955</b>	<b>-35 905</b>
LN35 Motpost avskrivningar	33 709	33 918	37 086	3 168	37 986	41 986	41 686
<b>LN36 NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>I</b>	<b>15 095</b>	<b>-6 268</b>	<b>-9 677</b>	<b>-3 409</b>	<b>5 931</b>	<b>10 449</b>
AVSETNINGAR	Rek 13	Bud 14	Bud 15	Endring			
Bruk av tidligare års regnskapsmessige							
LN38 mindreforbruk	0	1 200	1 156	-44	0	0	0
LN39 Bruk av disposisjonsfond	5 013	3 400	5 001	1 601	0	0	0
LN40 Bruk av bundne fond	27 746	26 608	27 453	845	26 978	26 878	28 778
<b>LN42 Sum bruk av avsetningar</b>	<b>J</b>	<b>32 759</b>	<b>31 208</b>	<b>33 610</b>	<b>2 403</b>	<b>26 978</b>	<b>28 778</b>
LN44 Overført til investeringsrekneskapet	12	0	0	0	0	0	0
LN46 Avsetningar disposisjonsfond	20 055	1 920	2 640	720	3 516	6 556	7 034
LN47 Avsetningar til bundne fond	27 784	23 020	21 293	-1 726	29 393	31 393	32 193
<b>LN49 Sum avsetningar</b>	<b>K</b>	<b>47 851</b>	<b>24 940</b>	<b>23 933</b>	<b>-1 006</b>	<b>32 909</b>	<b>39 227</b>
<b>Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk</b>	<b>L=I+J-K</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kommentar til tabell: I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivningar). Tal i 1.000 kr

**Driftsinntekter aukar med totalt 11,5 mnok frå 2014 til 2015.**

**LN03 Brukarbetaling – aukar med 1,2 mnok**

Auken i brukarbetaling er fordelt på barnehage (0,54), skule (0,42) og helse og omsorg (0,27).

**LN04 Andre sals- og leigeinntekter er redusert med 2,1 mnok**

Auke sal av mat PLO 1,2 og barnehage 0,1.

Refusjon frå staten for 50% NAV leiar stilling utgjer ein auke på 0,46 mnok. Husleigeinntekter er redusert med 1,5 mnok. Inntekter på VAR er redusert med 4,0 mnok. Andre avgiftspliktige inntekter aukar med 1,7 mnok.

**LN05 – Overføringar med krav om motytingar aukar med 5,5 mnok**

Auken på momskompensasjonssinntekter aukar med 4,0 MNOK.

Anna auke i overføringar er knytt til sal av tenester til andre kommunar og øyremerka tilskot til helse og velferd (dagtilbod demete, dialyse, kreftkoordinator). I 2015 er det forventet færre nye vaksne flyktingar, noko som fører til reduksjon i overføringar frå staten.

**LN06 Rammetilskot frå staten er redusert med 0,8 mnok, hovudsakleg på grunn av uttrekk kommunal medfinansiering av samhandlingsreforma.**

**LN07 Andre statlege overføringar aukar med 1,4 mnok**

Integreringstilskot er redusert med 1,0 MNOK. Budsjett på heimfallsinntekter er auka med 2,6 MNOK i forhold til justert budsjett 2014. Vertskommunetilskot er auka med 0,3 MNOK. Resterande er reduksjon i rentekompensasjon og andre overføringar.

**LN08 Andre overføringar er redusert med 2,0 mnok**

Tidsforskyving av driftsprosjekt som er delvis finansiert av overføringar utgjer ein auke på 3,0 MNOK. Det er ikkje venta større utbetaling av kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift i 2015, budsjetter er derfor redusert med 5,3 mnok. Budsjettert forskotsbetaling til private er redusert tilsvarande på LN18.

**LN09 – Skatt på inntekt og formue aukar med 8,1 mnok**

**LN10 – Eigedomsskatt aukar med 0,1 mnok**

**Driftsutgifter aukar med til saman 7,7 mnok**

**LN14 Lønsumgifter aukar med 17,4 mnok**

Størsteparten av auken er knytt til lønsvekst. Denne er rekna til 3,3% i statsbudsjettet, og ville utgjort 12,3 mnok. Lønsvæksten i Kvam ser ut til å verta litt høgare. Men det er og ein auke i stillingar: Vakante stillingar vart trekt inn i 2014. Fleire tilsette som har hatt delvis ulønna permisjon i 2014 utan at det er tatt inn vikar. Når dei tilsette er tilbake i 2015 fører dette til ein auke i lønnskostnader. Auka lønnskostnader knytt til ressurskrevjande brukarar og heilårsverknad av auka bemanning i barnehage gjev ein auke på 2,0 mnok. Fleire nye stillingar er også lagt inn i 2015. Dette gjeld Leiar KFL, helsesøster, stilling knytt til kvar dags rehabilitering, VA ingeniør og leiar NAV (tidlegare statleg). Noko av auken på lønn er finansiert av auka øyremerka tilskot/refusjon eller andre inntekter. Til reduksjon kjem innsparing i administrativ stilling og tilbakeføring av strakstiltak i Pleie og omsorg.

**LN15 sosiale utgifter aukar med 0,7 mnok**

Pensjon inkludert premieavvik aukar med 2,5 mnok. Arbeidsgjevaravgift er redusert med 1,9 mnok på grunn av for høgt budsjett i 2014.

**LN16 Kjøp og tenester som inngår i kom. tenesteproduksjon er redusert med 2,1 mnok**

Lågare husleigeutgifter er ein stor del av reduksjonen, bl.a. som fylgje av avvikling framleigeavtalar.

**LN17 Kjøp av tenester som erstattar kom. tenesteproduksjon aukar med 2,4 mnok**

Hovudårsaka til auken er knytt til auke i antal saker i barnevernet, innsamling av slam og tilskot til FUS. Nye reglar på berekning av tilskot til ikkje kommunale barnehagar gjer at budsjett 2015 skal beregnast på grunnlag av rekneskap 2013 i staden for budsjett 2015.

**LN18 Overføringar er redusert med 13,9 mnok**

Fjerning av medfinansiering somatiske tenester for kommunar reduserer overføringar til staten med 8,8 MNOK. Reduksjon i overføringar til private på 5,3 mnok (viser til LN08).

**LN19 Avskrivningar aukar med 3,2 MNOK**

Investeringar fører til auke i avskrivningar i øk.planperioden.

**LN20 Fordelte utgifter aukar med 0,2 mnok**

**Brutto driftsresultat er forbetra med 3,8 mnok frå 2014 til 2015, til eit underskot på 16,4 mnok.**

**Resultat eksterne finansieringstransaksjonar er erduert med til saman 10,3 mnok**

Ekstraordinært utbytte frå Kvam kraftverk AS på 7,5 mnok i 2014 er tatt ut på budsjett 2015. Renteinntektene er redusert med 2 mnok. Det er ein liten auke i finansutgifter på 0,5 mnok.

**Netto driftsresultat er forverra med 3,4 mnok frå 2014 til 2015, til eit underskot på 9,7 mnok.**

**Bruk og avsetning av fondsmidlar**

Bruk av fond er auka med 2,4 mnok, medan avsetningane er redusert med 1,0 mnok.

Siste rest av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk er foreslått brukt til finansiering av meirforbruket i 2015, omtrent tilsvarande som i 2014. Det er og foreslått å bruka 1,6 mnok meir av disp.fond, og 0,9 mnok av bundne fond, i hovudsak VAR-fond. Annan bruk av fondsmidlar gjeld bruk av næringsfond til ulike prosjekt, viltforvaltning, og vidareformidlinga av kompensasjonsmidlar. Det er sett av 0,7 mnok meir til disp.fond, og 1,7 mnok mindre til bundne fond. Avsetningane til bundne fond gjeld fondsavsetningane VAR-området, avsetning av konsesjonsavgift til næringsfond (4 mnok). Avsetninga til disp.fond gjeld spelemidlar til anlegget i Strandebarm, og til fiskefond (0,14 mnok).

## 4.2 Budsjettskjema 1A - drift

Tal i tusen kroner

<b>BUDSJETTSKJEMA 1A (tusener kr)</b>						
	<b>Rek 13</b>	<b>Bud 14</b>	<b>Bud 15</b>	<b>Bud 16</b>	<b>Bud 17</b>	<b>Bud 18</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
1. Skatt på inntekt og formue	-189 267	-192 058	-200 191	-200 191	-200 191	-200 191
2. Ordinært rammetilskot	-254 753	-263 651	-262 825	-262 825	-262 825	-262 825
3. Skatt på egedom	-38 383	-40 000	-40 100	-45 800	-45 800	-45 800
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-3 872	-3 888	-3 900	-3 900	-3 900	-3 900
5. Andre generelle statstilskot	-40 577	-35 520	-36 899	-36 899	-36 899	-36 899
<b>6. Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-526 852</b>	<b>-535 117</b>	<b>-543 915</b>	<b>-549 615</b>	<b>-549 615</b>	<b>-549 615</b>
7. Renteinntekter og utbytte	-26 271	-33 700	-23 950	-22 950	-21 950	-20 950
8. Gevinst finansielle instrumenter	-1 206	-100	-100	-100	-100	-100
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	20 965	24 003	24 005	26 605	26 905	26 405
10. Tap finansielle instrumenter	96	100	200	200	200	200
11. Avdrag lån	26 103	29 700	30 200	31 200	31 500	30 350
<b>12. Netto finansinntekter / -utgifter</b>	<b>19 688</b>	<b>20 003</b>	<b>30 355</b>	<b>34 955</b>	<b>36 555</b>	<b>35 905</b>
14. Til ubundne avsetningar	20 055	1 920	2 640	3 516	6 556	7 034
15. Til bundne avsetningar	27 784	23 020	21 293	29 393	31 393	32 193
16. Bruk av tidlegare overskot	0	-1 200	-1 156	0	0	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	-5 013	-3 400	-5 001	0	0	0
18. Bruk av bundne avsetningar	-27 746	-26 608	-27 453	-26 978	-26 878	-28 778
<b>19. Netto avsetningar</b>	<b>15 080</b>	<b>-6 268</b>	<b>-9 677</b>	<b>5 931</b>	<b>11 071</b>	<b>10 449</b>
20. Overført til investeringsrekneskapet	12	0	0	0	0	0
21. Til fordeling	-492 073	-521 382	-523 237	-508 729	-501 989	-503 261
<b>22. Sum fordelt til drift (skjema 1B)</b>	<b>492 069</b>	<b>521 382</b>	<b>523 237</b>	<b>508 729</b>	<b>501 989</b>	<b>503 261</b>
<b>23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)</b>	<b>-3</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til tabellen:** Tabellen viser korleis Kvam herad får sine inntekter og kva som står til disposisjon til tenesteproduksjon. Midlane vert fordelte i budsjettskjema 1 B (sjå neste tabell).

### 4.3 Budsjettskjema 1B - drift

Tal i tusen kroner

<b>BUDSJETTSKJEMA 1B (tusen kr)</b>							
<i>Driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot</i>		<i>Rek 13</i>	<i>Bud 14</i>	<i>Bud 15</i>	<i>Bud 16</i>	<i>Bud 17</i>	<i>Bud 18</i>
LN03 Brukerbetalinger		22 878	22 106	23 330	23 330	23 330	23 330
LN04 Andre salgs- og leieinntekter		49 352	48 058	45 968	56 219	58 219	58 719
LN05 Overføringer med krav til motytelser		88 299	59 678	65 215	62 794	62 794	63 294
LN08 Andre overføringer		11 961	13 578	11 628	8 578	8 578	8 578
<b>Sum driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot</b>	<b>B</b>	<b>172 491</b>	<b>143 420</b>	<b>146 141</b>	<b>150 920</b>	<b>152 920</b>	<b>153 920</b>
<b>Driftsutgifter</b>							
LN14 Lønnsutgifter		367 697	372 681	390 042	386 736	384 648	384 608
LN15 Sosiale utgifter		110 755	115 857	116 528	116 528	115 656	115 656
LN16 Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal t		81 041	80 192	78 067	72 566	71 786	73 598
LN17 Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenestep		34 254	31 157	33 539	33 539	32 539	32 539
LN18 Overføringer		72 709	67 274	53 357	52 436	52 436	52 936
LN19 Avskrivninger		33 709	33 918	37 086	37 986	41 986	41 686
LN20 Fordelte utgifter		-1 810	-2 359	-2 155	-2 155	-2 155	-2 155
<b>LN21 Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>698 354</b>	<b>698 720</b>	<b>706 464</b>	<b>697 636</b>	<b>696 896</b>	<b>698 868</b>
<b>Brutto driftsresultat, ekskl. skatt og statstilskot</b>	<b>D=B-C</b>	<b>-525 863</b>	<b>-555 300</b>	<b>-560 324</b>	<b>-546 715</b>	<b>-543 976</b>	<b>-544 948</b>
<b>Andre eksterne finansieringstransaksjoner</b>							
LN26 Mottatte avdrag på lån		85	0	0	0	0	0
<b>Mottatte avdrag på lån</b>	<b>E</b>	<b>85</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum utlån</b>	<b>F</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Resultat andre eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>85</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
LN35 Motpost avskrivninger		33 709	33 918	37 086	37 986	41 986	41 686
<b>Sum fordelt til drift (skjema 1A)</b>		<b>-492 069</b>	<b>-521 382</b>	<b>-523 237</b>	<b>-508 729</b>	<b>-501 989</b>	<b>-503 261</b>

## 5. Økonomisk oversikt – investeringsbudsjett 2015-2018

### 5.1 Hovudoversikt totalt 2015-2018 (inkl. prosjekt og VAR)

<b>INVESTERINGSINTEKTER</b>		<b>Rek 13</b>	<b>Bud 14</b>	<b>Bud 15</b>	<b>Bud 16</b>	<b>Bud 17</b>	<b>Bud 18</b>
LN03 Sal av driftsmidler og fast eiendom		5 752	5 250	2 100	2 100	2 100	2 100
LN04 Andre salgsinntekter		67	0	0	0	0	0
LN05 Refusjoner		0	4 696	29 584	8 882	1 213	1 213
LN07 Andre overføringer		75	125	1 500	0	0	0
<b>LN09 Sum inntekter</b>	<b>L</b>	<b>5 894</b>	<b>10 071</b>	<b>33 184</b>	<b>10 982</b>	<b>3 313</b>	<b>3 313</b>
<b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>							
LN11 Lønnsutgifter		1 007	409	176	176	176	176
LN12 Sosiale utgifter		352	167	65	65	65	65
LN13 Varer og tenester i kommunal egenproduksjon		93 872	58 791	187 674	86 082	7 550	7 550
LN14 Kjøp av tenester som erstatter egenproduksjon		0	0	1 500	0	0	0
LN15 Overføringer		11 067	4 984	18 267	7 904	1 213	1 213
LN16 Renteutgifter og omkostninger		3 577	0	0	0	0	0
LN17 Fordelte utgifter		-265	0	0	0	0	0
<b>LN18 Sum utgifter</b>	<b>M</b>	<b>109 610</b>	<b>64 350</b>	<b>207 683</b>	<b>94 228</b>	<b>9 004</b>	<b>9 004</b>
<b>FINANSUTGIFTER</b>							
LN19 Avdragsutgifter		1 786	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
LN20 Utlån		10 194	20 050	20 000	20 000	20 000	20 000
LN21 Kjøp av aksjer og andeler		3 751	13 030	1 700	1 700	1 700	1 700
LN22 Avsatt til ubundne investeringsfond		11 426	3 000	2 100	2 100	2 100	2 100
LN23 Avsetninger til bundne fond		1 262	0	3 764	0	0	0
<b>LN25 Sum finanstransaksjonar</b>	<b>N</b>	<b>28 418</b>	<b>38 080</b>	<b>29 564</b>	<b>25 800</b>	<b>25 800</b>	<b>25 800</b>
<b>LN26 Finanseringsbehov</b>	<b>O=M+N-L</b>	<b>132 134</b>	<b>92 359</b>	<b>204 063</b>	<b>109 045</b>	<b>31 491</b>	<b>31 491</b>
<b>FINANSIERING</b>							
LN28 Bruk av lån		99 045	59 082	176 073	103 332	25 581	25 581
LN29 Motteke avdrag på utlån		9 586	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
LN31 Overføringer fra driftsregnskapet		12	0	0	-500	0	0
LN32 Bruk av disposisjonsfond		13 645	250	0	-197	0	0
LN33 Bruk av ubundne investeringsfond		6 269	15 504	16 520	3 910	3 910	3 910
LN34 Bruk av bundne fond		3 577	15 523	9 470	500	0	0
<b>LN36 Sum finansiering</b>	<b>R</b>	<b>132 134</b>	<b>92 359</b>	<b>204 063</b>	<b>109 045</b>	<b>31 491</b>	<b>31 491</b>
<b>LN38 Udekket/udisponert</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Kommentar til investeringsrekneskapen:

Tal i tusen kroner. Tabellen over viser det totale investeringsbudsjettet til Kvam herad.

Investeringsprosjekt utgjør hovuddelen av investeringsbudsjettet til Kvam herad i planperioden.

LN03 – Budsjettet sal av egedomar i øk.planperioden. Summen varierer frå år til år, alt etter kva kommunen sel, men er lagt med same sum i perioden. Gevinsten vert sett av på bustadfond, LN22

LN05 – Refundert mva.kompensasjon på investeringsprosjekt i planperioden, motpost LN15.

LN07 – Andre overføringer i 2015 gjeld støtte til Strandvegen.

LN11 og LN12 – Budsjettet er justert for tilsette engasjert i leing av investeringsprosjekt.

LN13 og 14 – Budsjettet er laga i tråd med investeringsprosjekt, sjå eigen oversikt.

LN15 – Budsjettetsummen gjeld meirverdiavgift på invest.prosjekt (motpost LN05), og tilskot til Bårehus.

LN19 – Avdrag på Husbanken sine startlån

LN20 – Lån frå Husbanken er lagt inn med 20 mnok pr. år i planperioden.

LN21 – Kjøp av aksjar gjeld eigenkapitalkrav i KLP

LN22 – Det er sett av 2,1 mnok for budsjettert sal av eigedomar (LN03)

LN28 – Bruk av lån er motpost til opptak av Husbanklån, og finansiering av investeringsprosjekt.

LN29 – Budsjetterte avdrag for Husbanken sine startlån frå låntakarar til Kvam herad

LN33 – Bruk av ubundne investeringsfond gjeld finansiering av investeringsprosjekt og kjøp av eigedomar.

LN34 – Bruk av bundne fond er til finansiering av investeringsprosjekt og eigenkapital KLP.

## 5.2 Budsjettskjema 2A – investeringar

<b>BUDSJETTSKJEMA 2A (tusen kr)</b>	<b>Rek 13</b>	<b>Bud 14</b>	<b>Bud 15</b>	<b>Bud 16</b>	<b>Bud 17</b>	<b>Bud 18</b>
1. Investert anleggsmiddel	109 610	63 694	205 658	94 228	9 004	9 004
2. Utlån og forskottering	13 945	33 080	21 700	21 700	21 700	21 700
3. Avdrag på lån	1 786	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
4. Dekning av tidlegare års udekka						
5. Avsetningar	12 688	3 000	5 864	2 100	2 100	2 100
<b>6. Årets finansieringsbehov</b>	<b>138 028</b>	<b>101 774</b>	<b>235 222</b>	<b>120 028</b>	<b>34 804</b>	<b>34 804</b>
<b>7. Finansiert slik:</b>						
8. Bruk av lånemidlar	-99 045	-59 082	-175 073	-103 332	-25 581	-25 581
9. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-5 752	-5 250	-2 100	-2 100	-2 100	-2 100
10. Tilskot til investeringar	-75	-125	-1 500	0	0	0
11. Mottekne avdrag på lån	-9 586	-6 540	-30 559	-10 882	-3 213	-3 213
12. Andre inntekter	-67	0	0	0	0	0
<b>13. Sum ekstern finansiering</b>	<b>-114 525</b>	<b>-70 997</b>	<b>-209 232</b>	<b>-116 315</b>	<b>-30 894</b>	<b>-30 894</b>
14. Overført frå driftsrekneskapet	-12	0	0	500	0	0
15. Bruk av tidlegare års udisponert						
16. Bruk av avsetningar	-23 492	-30 777	-25 990	-4 213	-3 910	-3 910
<b>17. Sum finansiering</b>	<b>-138 028</b>	<b>-101 774</b>	<b>-235 222</b>	<b>-120 028</b>	<b>-34 804</b>	<b>-34 804</b>
<b>18. Udekka(+)/ udisponert(-)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til tabellen:** Tabellen over viser at rekneskapen for økonomiplanperioden er gjort opp i balanse (punkt 16).

### 5.3 Budsjettskjema 2B – investeringar

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B (tusen kr)</b>							
<b>Investeringsutgifter</b>		<b>Rek 13</b>	<b>Bud 14</b>	<b>Bud 15</b>	<b>Bud 16</b>	<b>Bud 17</b>	<b>Bud 18</b>
<b>LN09</b>	<b>Sum inntekter</b>	<b>L</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
LN11	Lønnsutgifter	1 007	409	176	176	176	176
LN12	Sosiale utgifter	352	167	65	65	65	65
LN13	Varer og tenester i kommunal eigenprod	93 872	58 291	186 674	86 082	7 550	7 550
LN14	Kjøp av tjenester som erstatter egenprod	0	0	1 500	0	0	0
LN15	Overføringar	11 067	4 828	17 242	7 904	1 213	1 213
LN16	Renteutgifter og omkostningar	3 577	0	0	0	0	0
LN17	Fordelte utgifter	-265	0	0	0	0	0
<b>LN18</b>	<b>Sum utgifter</b>	<b>M</b>	<b>109 610</b>	<b>63 694</b>	<b>205 658</b>	<b>94 228</b>	<b>9 004</b>
<b>Finansutgifter</b>							
LN19	Avdragsutgifter	1 786	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
LN20	Utlån	10 194	20 050	20 000	20 000	20 000	20 000
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	3 751	13 030	1 700	1 700	1 700	1 700
LN22	Avsatt til ubundne investeringsfond	11 426	3 000	2 100	2 100	2 100	2 100
LN23	Avsetninger til bundne fond	1 262	0	3 764	0	0	0
<b>LN25</b>	<b>Sum finanstransaksjonar</b>	<b>N</b>	<b>28 418</b>	<b>38 080</b>	<b>29 564</b>	<b>25 800</b>	<b>25 800</b>
<b>Til investering (frå 2A)</b>			<b>138 028</b>	<b>101 774</b>	<b>235 222</b>	<b>120 028</b>	<b>34 804</b>

**Kommentar til tabellen:** Tabellen over viser at finansieringsbehovet sett opp i budsjettskjema 2A (punkt 15) skal stemma med "Til investering (frå 2A)".

**2B viser kva investeringane vert brukt til.**

## 6. Prosjekt i økonomiplanperioden 2015 – 2018

